### 2. Økonomi

Dei "frie inntektene" til Herøy kommune er i hovudsak samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning, skatt og rammetilskott. Utbytte frå Tussa har vore lågt over fleire år, men det er grunn til å tru at ein får ein liten vekst i 2016. Både Volda og Ørsta kommunar har innført eigedomsskatt, som vil ta godt føre seg i selskapets kapitalstruktur. Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnsatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjerjing av ressursar.

#### 2.1 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjer kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnader. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy går mot eit rekneskapsmessig meirforbruk i 2015. Det er fleire grunnar til dette. Vi kan kort nemne skatt/ramme, finans og det faktum at det vart lagt inn ei generell innsparing

på 8,75 mill ved avgang/vakanse i administrative stillingar. Sjølv om ein del faktorar går imot oss også i år (fordelingsprosenten blir redusert med 0,58) er det likevel grunn til å tru at vi i 2015 får ein vekst i dei kommunale skatteinntektene etter 2 år med reduksjonar.

Herøy kommune har investert store summar dei siste åra i bl.a. omsorgsbustadar, uteområder, vegar etc noko som igjen har resultert i høgare finanskostnader (vesentleg avdrag). Det gjer at kommunen må effektivisere ytterlegare i tida som kjem for å kunne ha eit samsvar mellom inntekter og utgifter. Rådmannen har kontinuerleg fokus på dette og organisasjonen har synt evne og vilje til å takle slike utfordringar.

For 2016 kan ein balansere budsjettet ved å nytte staten sine prognoser på skatt og rammetilskott, ved å forutsette at skatteoppkrevjinga ikkje vert statleggjort per 01.06.2016, ved å halde vakante stillingar ledige, ved å effektivisere drifta endå eit par hakk og ved å vere forsiktige med å godkjenne nye drifts- og investeringstiltak. Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen, brukarstyrt personleg assistent og pensjonsforskriftene. Dei siste par åra har i tillegg staten tatt ein sjanse på at kommunane sine skatteinntekter skal auke med 4,4% i 2014 og 3,7% i 2015 og 6,85% i 2016. Dette har synt seg å vere ein alt for stor vekst for Herøy kommune sin del, men tala på landsbasis for 2015 har vore betre enn det staten rekna med i revidert budsjett.

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar. Eit anna kan vere mottak av flyktingar.

I komande økonomiplanperiode må kommunen fortsette å jobbe målretta med bl.a. endringar i drifta og endringar i organiseringa av dei kommunale tenestene. Vidare må ein vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilheitleg og langsiktig perspektiv. Samtidig må Herøy, som mange andre kommunar, posisjonere seg i høve til kommunereforma. Feilprioriteringar vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Stor vekst i kostnadane og lav inntektsvekst kan på sikt tvinge fram ei innføring av eigedomsskatt i Herøy kommune.

Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringane. Driftsmidlar kan gjennomførast på fire måtar:

1. Prioritere eller ta vekk driftsmidlar.
2. Redusere kvalitet og omfang av leverte tenestar.
3. Endre på struktur i tenesteleveransen, dvs. redusere tal stadar ein leverar tenester.
4. Auke skatteinntektene, ved å legge til rette for nye/fleire innbyggjarar, og/eller innføre eigedomsskatt.

Rådmannen ser no at å redusere ytterlegare på tilgjengelege driftsmidlar ikkje har tilstrekkeleg effekt på dei økonomiske utfordringane. Ein har også auka gebyr- og betalingsssatsar opp til eit nivå tilsvarande våre nabokommunar. Det er såleis lite å hente på å auke prisen på varer og tenester ut over det ein legg opp til i budsjett 2016. Løysingane ligg i dei andre verkemidlane. Investeringsbudsjettet bør ha eit perspektiv som anten gir grunnlag for endra struktur eller gir stimuli for å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet. Stagnasjon i folkevekst vil gi lågare skatteinntekter og på sikt lågare rammeoverføringar.

## 2.2 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Dei siste par åra har inntektene flata ut og endå gått litt tilbake. 2015 såg lenge ut til å bli eit

brukbart år, men kommunen sin fordelingsprosent (delinga mellom skattekreditorane) vart monaleg redusert for 2014, noko som vil gje eit stort negativt utslag i siste kvartal (reduisert med 0,58 poeng).

I statsbudsjettet for 2016 ser staten føre seg ein vekst i skatteinntektene på formidable 6,95% sett i høve til revidert budsjett. Herøy kommune har lavare skatteinntekter enn det revidert budsjett for 2015 føreset. Det gjer at vi har redusert utgangspunktet frå ei skatteinntekt på 253,2 mill kr til 248,5 mill kr som vi trur blir resultatet i 2015. Dei auka skatteinntektene skal kome som eit resultat av endra skattøre (kommunens del av dei samla skatteinntektene). Denne er foreslått auka frå 11,35% til 11,80%. Det gjenstår å sjå om dette kan gi ønska vekst når ein veit at skatteprosenten skal setjast ned frå 27% til 25%.

Skatteinntektene i 2016 vil bli usikre. Dette bl.a. på grunn av den reduserte aktiviteten innan olje og oljerelatert verksemd. Ein er difor litt usikker på korleis ein skal budsjettere skatt og rammetilskott neste år.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein slik tabell.

Skatt i 2015	Skatt	Rammetilskott	Sum
247,5 mill kr	264,5	201,4	465,9
248,5 mill kr	265,5	200,8	466,3
249,5 mill kr	266,5	200,2	466,7
250,0 mill kr	267,5	199,6	467,1
Statsbudsjettet (253,2)	270,5	197,8	468,3

(I tabellen over går vi ut frå ein skattevekst på 6,85% slik det står i Grønt Hefte/KS sin prognosemodell).

I tillegg til tala ovanfor har vi plussa på 1,27 mill kr. Dette er uttrekket som er gjort i rammetilskotet pga statleg overtaking av skatteoppkrevjarfunksjonen per 01.06.2016.

### 2.3 Aksjeutbytte TUSSA AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2015 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 7.100,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på kr 5.500,-. Utbyttet vi har motteke frå Tussa AS har variert frå kr 2.100,- per aksje og opp i kr 17.700,- per aksje. Kva som vil vere rett utbyttentivå for 2016 er vanskeleg å vurdere. Vi veit at konsernet sitt resultat er vil bli betre i 2015 enn det var i 2014 noko som bør tilseie litt høgare utbytte. Vi har difor lagt inn kr 7.100,- per aksje noko som gir oss eit samla utbytte på om lag kr 3.635.000,-.

### 2.4 Finans (Lån og innskott)

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskott i bank.

Ubunde kapitalfond er nær brukt opp. I tillegg veks premieavviket på pensjon (nær 35,0 mill kr per 31.12.2014). Alt dette gjer at Herøy kommune sin likviditet vil bli meir pressa framover. Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 6,78 mill kr. Dette er uendra sett i høve til opprinneleg budsjett 2015. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning og renter på bankinnskott. Grunnen til at dette framleis er høgt budsjettert sett i høve til rententivået er at ein framleis har ein del unytta lånemidlar tilgjengeleg og vi har ok innskotsvilkår i bank. Dette kan imidlertid endre seg når noverande bankavtale går ut i mai 2016.

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar frå dag til dag og det er vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det

sjølvsagt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare pensjonskostnadar). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

Total gjeld per 31.08.2015 var om lag **791,3 mill kr** eller om lag kr 88.400,- per innbyggjar. I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom Husbanken, lån til VAR området og lån som staten betaler rentekompensasjon for.

For 2016 legg ein opp til rentekostnadar på i overkant av 14,0 mill kr. Dette er om lag det same som ein budsjetterte med for 2015. Ein har i 2016 budsjettert i samsvar med dei renteprognosene ein har fått med vår finansielle rådgjevar, Bergen Capital Management AS.

1. kvartal = 1,42 %
2. kvartal = 1,38 %
3. kvartal = 1,64 %
4. kvartal = 1,51 %

I dag opererer bankane med eit kredittpåslag på mellom 0,4% og 0,6%. Det gjer at utlånsrentene har auka trass i rentereduksjonane frå Norges Bank. Mange av låna er knytt opp mot fast rente og det har vi sjølvsagt også tatt med i berekningane.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2016 tilsvarande 22,65 mill kr. det er ein auke i høve til 2015 budsjettet på 1,75 mill kr. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapan (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane). Her kan kostnadane bli høgare, men det er vanskeleg å kome med presise berekningar. Vi har imidlertid hatt ein gjennomgang med revisjonen under budsjettprosessen for å kvalitetssikre tala.

## 2.5 Løns- og prisvekst

I budsjettet for 2016 har avdelingane lagt til grunn lønsnivået per august 2015. Det er ikkje korrigert for lokale tillegg gitt hausten 2015. I tillegg har avdelingane fått auka sine lønsbudsjett tilsvarande 2,70 % p.a. av faste løner. Når det gjeld KLP har ein førebels budsjettert med ein kostnad på 21,0 og 21,3 (sjukepleiarar), men det kan vere at også dette vert for lite (i tillegg kjem 2% frå arbeidstakarane), for SPK har ein budsjettert med ein kostnad på 13,0% og arbeidsgejvaravgifta er budsjettert med 14,1%.

Dei reelle kostnadane til KLP er nok opp mot 23-25% av samla lønn + arbeidstakars del på 2%. Likviditetsmessig vert dette ei stor utfordring, Rekneskapsmessig skal meirkostnaden på totalt om lag 15,0 mill kr førast som premieavvik og utgiftsførast i rekneskapan dei neste 10 åra. Totale sosiale kostnadar i 2015 er om lag 35% av lønsutgiftene

I Statsbudsjettet har ein rekna med ein auke i Konsumprisindeksen på rundt 2,7% for 2016. Vi har lagt oss på same nivå på alle driftskostnadane.

## 3. BUDSJETT 2016

### 3.1 Statsbudsjettet

#### Kommuneopplegget 2016 – Prop 1 S.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag for folk flest
- Eit sterkare sosialt sikkerhetsnett

I statsbudsjettet er det opplyst at veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 7,3 mrd kr. Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar (4,7 mrd kr – av dette 4,2



mrd kr til kommunane). Dette utgjør om lag 1,4 % realvekst rekna frå berekna inntektsnivå i 2015. Veksten i dei frie inntektene er om lag 1,2 mrd kr høgare enn det ein varsla i kommuneproposisjonen for 2015. Føljande utgiftsvekst må dekkast av dei auka frie inntektene:

Realvekst kommunesektoren	Kommentar	7,3 mrd (1,7 %)
Herav vekst frie inntekter		4,7 mrd (1,4 %)
Andel vekst frie inntekter på primærkommunane		4,2 mrd
Vekst frie inntekter primærkommunane skal dekkje:		4,20 mrd
- Andel vekst demografikostnader		1,70 mrd
- Pensjonskostn utover deflator	Ikkje pålagt	0,90 mrd
- Helsestasjon/skulehelseteneste	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Rus og psykiatri	Ikkje pålagt	0,40 mrd
- Fleksibelt barnehageopptak		0,40 mrd
Sum til "disposisjon"		0,60 mrd

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsla løns- og prisvekst på 2,7%.

#### Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):

- Satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta
- Utdanning av deltidsbrannpersonell
- Ny time i naturfag (5-7 klassa) frå 01.08.2016
- Likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar (100%)
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Rus
- Psykiatri

I tillegg vert innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar justert i høve til defaltor og innslagspunktet auka med kr 10.000,-.

#### Investeringsstilskot og rentekompensasjon:

- Investeringsstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustader til 2.500 nye einingar – totalt 4,1 mrd kr.
- Tilskott til om lag 1.200 nye dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens – totalt 71,3 mill kr

### **3.2 Veksten frå 2015-2016 i framskrive budsjett.**

Med dei føresetnadane ein har ved fastsetjing av frie inntekter, netto finansutgifter, pensjonsavvik m.m. har Herøy kommune om lag 464,8 mill kr til fordeling på avdelingane for 2016 samt til dekning av rente- og avdragskostnader knytt til nye investeringar i budsjett 2016. Dette er om lag er det same som det ein hadde disponibelt i 2015 (før rammereduksjonar).

Vi ser at kostnader knytt til bl.a. avgifter, forsikringar og transport veks meir enn deflatoren. Vi ser også at dei tiltaka der vi samarbeider med andre kommuner krev også meir av eigarane i form av overføringar. Dømer på dette er kontrollutval, arbeidsgjevarkontroll, overgrepsmottak, nattlegevakt osv osv. I tillegg aukar også pensjonspremien til KLP meir enn lønsveksten, slik at samla lønskostnader stadig tek ein større del av dei kommunale budsjettet. I budsjett 2016 har vi lagt til grunn ein lønsvekst på om lag 2,7% på alle faste lønskostnader.

	Konsekvensjust. budsjettforslag	Opprinneleg	Differanse	Differanse
--	------------------------------------	-------------	------------	------------

Område/avdeling	for 2016	budsjett 2015	i kroner	i prosent
Politisk leiging	3.845.000	4.030.000	-185.000	-4,59
Administrativ leiging	3.475.000	4.120.000	-645.000	-15,66
Servicetorget	3.465.000	3.325.000	140.000	4,21
Dok. senter og pol. sekr	2.130.000	2.210.000	-80.000	-3,62
Økonomiavdeling	5.635.000	5.655.000	-20.000	-0,35
Personal- og org. avd.	7.545.000	8.060.000	-515.000	-6,39
IKT	6.070.000	5.195.000	875.000	16,84
Div overføringar	12.025.000	8.975.000	3.050.000	33,98
Barnehageavdelinga	66.180.000	64.230.000	1.950.000	3,04
Skuleavdelinga	111.480.000	108.810.000	2.670.000	2,45
Barn, familie og helse	40.005.000	38.195.000	1.810.000	4,74
Pleie- og omsorgsavd.	109.415.000	105.650.000	3.765.000	3,56
Bu- og habiliteringsavd.	39.640.000	37.865.000	1.775.000	4,69
Sosial og flyktning (NAV)	9.230.000	9.595.000	-365.000	3,80
Kulturavdelinga	9.005.000	8.520.000	485.000	5,69
Utviklingsavdelinga	6.200.000	5.790.000	410.000	7,08
Anleggs- og driftsavd.	16.590.000	15.960.000	630.000	3,95
Eigedomsavdelinga	19.450.000	17.275.000	2.175.000	12,59
Samhandlingsref. Ø.H.	890.000	0	890.000	
Skatt, finans, ramme, Pensjonsavvik, avskriv.	(464.815.000)	(453.465.000)	1.905.000	2,50
<b>Sum</b>	<b>7.460.000</b>	<b>-</b>	<b>7.460.000</b>	

(Ein gjer merksam på at dette er ei førebels oversikt (før nye tiltak) og det vil kome endringar etter kvart. Dette vil bl.a. gjelde salderingar, inntektsauke, samt kva tiltak formannskapet ynskjer å ha med vidare i budsjettprosessen.) Her har ein også gått for statens prognose når det gjeld skatt og ramme for 2016 med utgangspunkt i Herøy kommune sine skatteinntekter i 2015 + veksten på 6,85%. Rådmannen sitt forslag til rammer ser de i framlegget til tilråding.

Grunnen til endra rammer frå 2015 til 2016 (i tillegg til løns og prisvekst) skuldast bl.a:

#### **Politisk leiging:**

I 2016 er det ikkje val og utgiftene til dette er tatt vekk. I tillegg er kostnadane til Vest Kontroll flytta til område 18. Det er hovudgrunnen til rammereduksjonen.

#### **Adm leiging**

Reduksjonen kjem bl.a. av at kostnadane til Hopp-Id no er flytta til område 18. I tillegg vert Bulyst prosjektet avslutta per 31.12.2015 og også ordninga med folkehelsearbeidet vert lagt om.

#### **Økonomiavdelinga**

Grunnen til at ramma til økonomiavdelinga er nokolunde uendra er at kostnadane knytt til Interkommunal arbeidsgjevarkontroll er flytta til område 18.

#### **Personal- og organisasjonsavdelinga**

Her er stillinga til Hovudverneombodet regulert frå 30% til gjeldande 50%. Kostnadane til KS (FOU og OU) er flytta til område 18.

#### **IKT**

Ramma viser ein betydeleg vekst frå 2015 til 2016. Grunnane til det er bl.a. service og vedlikehald til trådløse pasientvarslings, lisenskostnadar Microsoft og auka kostnadar til SSIKT (Søre Sunnmøre IKT – Hareid)

### **Andre overføringar**

Denne viser ein stor vekst, men det skulast at ein har flytta kostnader frå andre område/avdelingar som t.d. KS kontingent, Interkommunal Arbeidsgjevarkontroll, Hopp ID, Vest kontroll IKS (kontrollutvalet), Interkommunal Overgrepsmottak, Krisesenter osb. I tillegg er det lagt inn ein større vekst til Kyrkjeleg Fellestråd (og då også andre Trudomssamfunn) pga at dette ikkje vart regulert i 2015 budsjettet

### **Helseavdelinga**

Kostnadane til interkommunalt Overgrepsmottak er flytta til område 18.

### **Eigedomsavdelinga**

Reduksjon av inntekter knytt til utleige er redusert med om lag kr 725.000,- (Fristadbygget og bassenget ved Stokksund skule – ikkje leigd av Sunnmørsbadet lenger).

Alle rammekutta som vart lagt inn i 2015 er førebels sett til kr 0,- i oversikta ovanfor. Det gjer at dei fleste avdelingane får ein kostnadadsvekst på mellom kr 50.000,- og kr 500.000,- (totalt kr 2.300.000,-). Elles finn de meir informasjon i områda/avdelingane sine budsjettkommentarar.

## **3.3 Føresetnader for 2016 budsjettet**

### **Konsekvens av underdekning i budsjett 2016**

Konsekvensen av å fastsetje eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekkja inn på budsjettet i alle dei 4 åra i økonomiplanperioden medfører statleg kontroll av kommunestyret sitt budsjettvedtak. Herøy kommune vil då bli registrert i kontrollregimet kjent som «Robek-registeret». I praksis betyr dette at fylkesmannen skal godkjenne følgjande:

- Vedtak om opptak av lån og finansiell leasing
- Vedtak om leige av
  - Bygningar
  - Anlegg, og
  - Varige driftsmidlar som kan påføre kommunar utgifter ut over dei fire neste budsjettår.

Rådmannen viser til kommunelovens § 60 i si heilheit.

### **Kommuneloven § 60. Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser.**

1. Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidlar som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom:

a. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette et årsbudsjett uten at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,

b. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette en økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen,

c. kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjettår etter at regnskapet er framlagt, eller

d. kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd.

2. Dersom et av vilkårene i første ledd bokstav a-d er oppfylt, skal departementet føre kontroll med lovligheten av kommunestyrets eller fylkestingets budsjettvedtak.

3. Departementet skal opprette et register over alle kommuner og fylkeskommuner som er underlagt godkjenning. Enhver har rett til å gjøre seg kjent med det som er registrert i registeret, og få utskrift av dette.

4. Inntil den enkelte kommune eller fylkeskommune er registrert i registeret, kan departementet ikke iverksette godkjenning etter nr. 1. I forhold til rettsregler som lar det være avgjørende for tredjepersons rettsstilling om denne kjente til eller ikke kjente til et

forhold, anses det som er registrert etter denne bestemmelse for å ha kommet til tredjepersons kunnskap.

5. Kommuner og fylkeskommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om at de er satt under betinget kontroll og godkjenning.

Dersom ei av eigarkommunane i eit interkommunalt selskap er underlagt reglane i kommunelovens §60, skal selskapets vedtak om låneopptak, godkjennast av Fylkesmannen.

### 3.4 Usikre faktorar

I talgrunnlaget har ein lagt til grunn stabile føresetnader m.o.t. bl.a. lønn og driftskostnadar. Ein føreset også at statens rammeføresetnadar er forutsigbare, sjølv om det har synt seg å ikkje stemme heilt dei siste åra.

Usikre faktorar vil m.a. vere:

- Skatteinntektene og rammetilskotet
- Overføring av tilskot til private barnehagar
- Pensjonspremien og pensjonsavviket/amortiseringa av pensjonsavviket
- Lønsoppgjeret
- Resultatet i rekneskapen for 2015.
- Skjør balansesituasjon

### Kommunereforma

Regjeringa ønskjer å flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar. Målet er eit lokaldemokrati som kan ta vare på velferd og sikre verdiskaping og trivsel. Kommunane må ha kraft til å møte dei mange utfordringane som ventar. Dette gjeld endring i demografi, nye og meir omfattande velferdstenester, sterkare krav til kompetanse, evne til å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn og utvikle regionar med vekstkraft.

#### Stortinget har slutta seg til følgjande overordna mål for kommunereforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

### Milepælar i kommunereformarbeidet

#### 2015

- ✓ Innbyggjarundersøking i oktober (Sunnmøre regionråd)
- ✓ Presentasjon av resultat av innbyggjarundersøking i nov/des
- ✓ Utgreiingar skal vere ferdig innan **31.12.2015**

#### 2016

- ✓ Folkevaltopplæring
- ✓ Vurdering av utgreiingar – retningsval innan **31.01. 2016**
- ✓ Forhandlingsutval
- ✓ Forhandlingar
- ✓ Gjennomføring av forhandlingar
- ✓ Intensjonsavtalar innan **15.04. 2016**
- ✓ Innbyggjarhøring, folkerøysting, medverknad, innbyggjardialog innan **08.05. 2016**
- ✓ Evt. felles mal for vedtak
- ✓ Saksutgreiing
- ✓ Endeleg vedtak innan **30.06. 2016**

Herøy kommune har gjennomført nabopratt med Ulstein (9.6.2015), Sande (26.6.2015) og Hareid (8.9.2015).

Når dette vert skrive, er det ikkje avklara om Herøy kommune vert ein del av ein endra kommunestruktur. Ei endring i kommunestruktur vil kunne få konsekvensar for planlegging og prioritering i økonomiplanperioden.

## 4. ØKONOMIPLAN 2016-2019

### 4.1 Demografi

#### Utvikling av folketalet

Den 01.01. 2015 var folketalet i kommunen på 8934 personar.

#### Framskrivning av folketalet

SSB presenterte 17.06. 2015 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst. Dersom ein legg til grunn låg nasjonal vekst (LLML), vil folketalet gå tilbake frå 8934 personar i 2015 til 8844 personar i 2040.

Aukande tal gamle innbyggjarar

Alder/årstal	2015	2020	2030	2040
80 +	464	470	651	862

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskrivning av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040.

*Stabil ungdomsgruppe.*

Alder/årstal	2015	2020	2030	2040
0-5 år	608	619	634	605
6-15 år	1166	1158	1153	1139
Sum	1774	1777	1787	1744

Kjelde: SSB, alt MMMM

Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

### 4.2 Herøy kommune sin visjon, misjon(oppdrag), mål og strategi.

#### **Visjonen**

*Herøy – ei båtlengd føre*

#### **Misjonen (oppdraget)**

*Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.*

#### **Overordna mål**

##### Økonomi

##### **Overordna mål**

- Netto driftsresultat skal samla sett vere 3 % av driftsinntektene.
- Alle drifts- og investeringstiltak skal som hovudregel ha positiv kost/nytte

##### Teneste:

##### **Overordna mål**

- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.
- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum

Når det gjeld nærare omtale av dei enkelte avdelingane, vert det vist til vedlegg.

### Organisasjon

#### **Overordna mål**

- Kommunen skal til ei kvar tid vere organisert slik at ein får utnytta dei samla ressursane på den mest effektive måten.
- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.
- Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
- Kommunen skal ha god kompetanse på alle nivå.

### Lokalsamfunn

#### **Overordna mål**

- Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.
- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.

Satsingsområda for lokalsamfunnsutviklinga går fram av samfunnsdelen av kommuneplanen.

#### **Strategien:**

Kommunestyret vedtok følgjande strategi i K-sak 166/14:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

#### Organisasjon/arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

#### Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

### Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

### Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

### **Kommentarar til strategien:**

#### Organisasjon/arbeidsmiljø:

Arbeidet med arbeidsgjevarpolitikken må ha eit langsiktig perspektiv der ein ser samanhengen mellom trivsel og motivasjon hos arbeidstakarane og gode og effektive tenester. Det er nødvendig å halde fram med utvikling av systemet med leiardialog der krav, attendemelding og tilrettelegging er sett i system.

Eit kommunestyre og administrativ leiing som forpliktar seg på verdiane i arbeidsgjevarpolitikken og stiller krav om det same hos dei tilsette, er ein føresetnad for ein gjennomgåande felles kultur.

Herøy kommune starta leiarutviklingsprogrammet Herøylosen i 2010. Etter eit opphald på 3 år, har programmet starta opp igjen med 4 samlingar frå september 2015 til mars 2016. Programmet har fokus på kva for faktorar som påverkar kvalitet, samarbeid og leiarane si evne til å fungere som ei heilskapleg og effektiv eining.

Eg ser det som særskilt viktig at det vert arbeidd kontinuerleg med leiarutvikling.

Kommunen endra organisasjonsstrukturen i 2002/2003. Det vart då etablert servicetorg, stab/støtteavdelingar og tenesteavdelingane vart flata ut. Det var på dette tidspunktet nødvendig å bryte opp organisasjonen m.a. for å gje publikum betre service, samle stab/støttefunksjonane og for å kome tettare på dei ulike tenestemråda.

Tidene endrar seg. I dag er utfordringa at tenestene er for oppsplitta og det er for tette skott mellom avdelingane. Det er behov for ei sterkare koordinering av tenestene på tvers av avdelingsgrensene for å få til ei effektiv utnytting av dei administrative ressursane og tenesteressursane. Dette er bakgrunnen for at utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga vert slått saman til ei avdeling frå 01.01.2016. NAV og Barn, familie og helse vert også slått saman frå 01.01.2016.

Prosessen med organisasjonsendring bør halde fram med sikte på at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017. Dette arbeidet skal skje i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og rettane til dei tilsette må sikrast i prosessen.

#### Utfordringar:

- Rigge kommuneorganisasjonen slik at den til ei kvar tid er best mogleg rusta til å løyse oppgåvene.
- Balanse mellom oppgåver og tilgjengelege ressursar/tid.
- Kapasitet til å følgje opp utviklinga og forventningane innanfor IKT.
- Trekke fram positive hendingar og etablere fellesarenaer for utvikling, omdømebygging og kulturbygging.

#### Tenester:

Forventingsstyring vil seie å vere tydeleg på kva for tenester og til kva kvalitet eller

standard Herøy kommune kan levere ut frå dei ressursane kommunen faktisk har.

Dei kommunale tenestetilboda som barnehage, skule, sjukeheims plass mv tek folk for gitt i alle kommunar. Ein greier ikkje å marknadsføre desse tenestene som unike sjølv om kvaliteten er god. Derimot vil effekten vere fråstøytande dersom tilbodet vert oppfatta som dårleg.

Staten har gjennom inntektssystemet fastsett kriterier for utgiftsnivået for Herøy kommune. Tenester som er organisert dyrare enn inntektsoverføringane frå staten kompenserer, må vi dekkje sjølve. Det skjer i praksis ved at standarden eller tilbodet på andre tenesteområde vert lågare. Høgare utgiftsnivå er knytt til strukturell organisering og er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt, men pressar seg no fram som aktuelle tiltak.

I K-sak 166/14 Budsjett 2015 vart det m.a. gjort slikt vedtak i pkt. 9:  
«Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestenivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast...»

Vidare vart det i K-sak 167/14 gjort slikt vedtak:  
«Kommunestyret ber om at det vert innhenta tilbod frå KS Konsulent om ein KOSTRA-analyse der kommunen m.a. ynskjer å få fram kvar det er eit handlingsrom for innsparing...»

Rapporten konkluderte med at Herøy kommune på stort sett alle område ser ut til å vere ein svært effektiv driven kommune.

Rapporten peikar på at kommunen generelt sett har svært lave brukarbetalingar/gebyr. Det er ikkje fanga opp at byggesaksgebyret vart auka vesentleg for 2015. Det vert også peika på at kommunen ikkje har eigedomsskatt.

Eg oppfatta det slik at kommunestyret fann KOSTRA- gjennomgangen som nyttig og gjerne ville ha slike gjennomgang annan kvart år.

Eg opplever også slik ekstern gjennomgang som svært nyttig.

Ein del kommunar har også gjennomført ekstern gjennomgang etter **Kommunekompasset** der kommunen sin praksis vert målt på 8 område:

1. Offentlegheit og demokrati
2. Tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering
3. Politisk styring og kontroll
4. Leiarskap, ansvar og kontroll
5. Serviceutvikling og effektivitet
6. Kommunen som arbeidsgjevar
7. Utviklingsstrategi og lærande organisasjon
8. Kommunen som samfunnsutviklar.

Kommunane som har gjennomført Kommunekompasset, gir tilbakemelding på det har vore nyttig og utviklande. Eg vil difor rå til at kommunen gjennomføre ei ekstern måling etter kommunekompasset i 2016.

Utfordringar:

- Sikre forutsigbare, forsvarlege tenester
- Tilpasse og utvikle tenestene i samsvar med endra behov

Lokalsamfunn:

Kommunen har hatt ei målsetjing om 10.000 innbyggjarar innan 2020. Frå 01.01.2010 til 01.01.2015 auka folketalet frå 8383 til 8934.



Ei positiv folketalsutvikling er avhengig av at Herøy vert oppfatta som ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i. Opninga av hotellet, konserthuset, ny kino og skipssimulator har sett Herøy og Fosnavåg på kartet på ein måte som vi kan dra nytte av over tid. Sunnmørsbadet vil også vere ein sær sars positiv faktor for omdømme til Herøy kommune. Det er ein samanheng mellom tilgang på oppleving, sosiale møteplassar mv. og attraktivitet.

### **Summen av handlingane til både politikarane og tilsette er med på å forme omdømet.**

Folketalsutviklinga er også avhengig av at det vert lagt godt til rette for busetjing og næringsutvikling. Det bør leggest til rette for ei balansert utvikling med livskraftige bygder og eit sterkt, levande og attraktivt sentrum. Det vert elles vist til kommunedelplanen om bustadpolitikken.

Utfordringar:

- Samordne prioriteringar av investeringar i bygg, utbygging av byggjefelt og infrastruktur
- Legge til rette for ei balansert utvikling i heile kommunen
- Stimulere til byutvikling i Fosnavåg

### Økonomi

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reserver eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å meistre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskar. Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK

## **5. VURDERINGAR OG KONKLUSJON FRÅ RÅDMANNEN**

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båt lengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet, organisasjonsutvikling og leiarutvikling.

Det er krevjande å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan har eg prøvd å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og rammer som legg til rette for utvikling.

**Driftsbudsjettet:**

KOSTRA- rapporten konkluderte med at Herøy kommune på stort sett alle område ser ut til å vere ein svært effektiv driven kommune. Rapporten peika vidare på at kommunen har svært lave brukarbetalingar/gebyr.

Gjennom 2015 har administrasjonen arbeidd med å skape balanse mellom kommunen sine utgifter og inntekter m.a.

- Stans i tilsetting og vikarbruk i vakante stillingar der det ved presserande behov for tilsetting vert avgjort av formannskapet.
- Kritisk vurdert tenestenivået i forhold til standarden i dag og kva som er forsvarlege tenester.
- Analysert den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.
- Analysert inntekspotensialet, inklusive gebyr, brukarbetaling og eigedomsskatt.

I 2015 er det så langt trekt inn fylgjande stillingar:

- 1,0 stilling som prosjektleiar bygg
- 1,0 stilling som folkehelsekoordinator/kulturarbeidar (går ut 01.12.2015).
- 1,4 stilling reinhald

I tillegg står fylgjande stillingar vakante:

- 1,0 stilling rådmann/assisterande rådmann
- 1,0 stilling Servicetorget
- 0,3 stilling økonomi/personal

Kommunestyret må ta stilling til om desse stillingane skal lysast ut eller om dei skal stå vakante/trekkjast inn. Det er førebels budsjettet med stillingane i 2016.

Når det gjeld budsjett 2016, manglar kommunen likevel ca 7,540 mill kroner for å vidareføre drifta vi har i dag. Inntektsanslaget i statsbudsjettet og frå KS er då lagt til grunn. Om ein vedtek forslag til nye gebyr på områder som plan, oppmåling, byggesak og aukar brukarbetalingane innan pleie- og omsorg, samt vaksineringskostnadane til det nivået ein har foreslått vil kommunen sine gebyr og brukarbetaling vere på nivå med dei høgste i regionen. Totalt utgjør dette kr 840.000,-. Utbytte frå Tussa og finans elles er gjort greie for i kap 2.3 og 2.4.

**Driftsutgiftene** er barberte ned til eit minimum. Det ser ut til å vere lite å hente dersom ein ikkje går på lønsutgiftene. Kommunen ser ut til å ha ein for høg bemanning i forhold til inntektene, og det ser ikkje ut som det er mogleg å få balanse mellom utgifter og inntekter utan at det vert gjennomført ein **reduksjon i lønsutgiftene/ nedbemanning**. Ei slik nedbemanning bør i hovudsak skje ved naturleg avgang.

For at ei slik nedbemanning skal kunne skje med minst mogleg konsekvensar for tenesteytinga, må personalressursane utnyttast meir fleksibelt og effektivt. Eg vil difor rå til at det vert gjennomført **organisatoriske endringar** i 2016 med samanslåing av tenestemråde slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. Slike endringar kan vere krevjande, og eg rår til at det parallelt vert arbeidd med kompetanseutvikling, spesielt leiarutvikling og organisasjonsutvikling.

Det må vurderast om vakante stillingar skal dragast inn og dei må i alle høve haldast vakante så lenge det er forsvarleg. Eg vil rå til at rådmannen i samarbeid med dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016. Innsparingar vert i 2016- budsjettet lagt inn som rammeinnsparing på dei ulike avdelingane.

For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vil eg rå til at leiarutviklingsprogrammet vert vidareført. Vidare vil eg rå til at kommunen gjennomfører Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU-midlar til dekning av kostnadane.

Fleire kommunar innfører eigedomsskatt for å sikre gode tenester til innbyggjarane og prioritere samfunnsutvikling. I 2001 hadde 25 % av kommunane eigedomsskatt. No er det

meir enn 300 kommunar som har nyttiggjort seg dette inntekspotensialet på ein eller annan måte. For Herøy kommune vil evt innføring av eigedomsskatt gjeve oss meirinntekter i storleiken 14 – 50 mill kroner (opptrapping over 4 år – frå 2 promille i startåret til maks 7 promille etter 4 år). Det politiske miljøet i kommunen ynskjer ikkje å etablere denne ordninga, men dersom kommunen skal investere i ny barneskule på Bergsøya, fleirbrukshall ved Einedalen skule og i Herøy ressursenter vil kostnader knytt til renter og avdrag bli så store at ikkje kan finansiere dette gjennom ytterlegare kutt i drifta.

I 2016 vil ikkje rådmannen tilrå meir enn eitt nytt driftstiltak. Det er å auke barnehageleiar si stilling frå 80 til 100%. Grunnen til detter er meirarbeid knytt til behovsprøving av brukarbetalinga. Om andre av tiltaka må gjennomførast må dei takast innan eiga ramme ved å prioritere ned eksisterande tiltak. Det kan også vere slik at nye tiltak (t.d. Norskopplæring av flyktningar i grunnskulen) kan finansierast ved bruk av flyktningmidlar.

Områda/avdelingane har kome med mange forslag til nye driftstiltak. Nokre av dei er såkalla «må» tiltak. Kostnader ein vil få uansett om ein budsjetterer med dei eller ikkje. Det gjer at nokre avdelingar får eit større krav til innsparing enn det som er skissert i punktet under \*). Grunnen til at ein ikkje vil tilrå nye driftstiltak er sjølv sagt at ein ikkje har midlar til dette.

Rådmannen sitt budsjettforslag er saldert ved at:

- gebyrinntektene er auka med kr 840.000,-,
- ein hentar inn kr 890.000,- frå bundne fond
- områda/avdelingane får eit rammetrekk på vel 1,25% av brutto lønsutgifter – totalt kr 5.000.000,- \*)
- det vert lagt inn eit rammetrekk på kr 2.000.000,- sentralt som etter kvart skal finansierast av reduserte lønsutgifter som følge av t.d. lengre vakansar, heimlar som vert tatt vekk etc.

Det gjer at ein kan finansiere områda/avdelingane sine justerte budsjettforslag (ink løns- og prisvekst på 2,7%), auka stillingsheimel barnehageleiar (20% - kr 160.000,-) og auka finanskostnader (renter) som følge av investeringar med i alt kr 1.030.000,-.

I områda/avdelingane sine rammer har ein også gjort tiltak når det gjeld budsjetteringa av straumkostnader. Ein har tatt utgangspunkt i rekneskapsførte straumkostnader i 2014 og redusert desse med 4% og justert alle strampostane i tråd med dette.

#### **Investeringsbudsjettet:**

Kommunen betaler ca 22 mill kroner i avdrag på lån kvart år. Det betyr at dersom kommunen investerer for meir enn 22 mill kroner i året i økonomiplanperioden, vil vi få ein auke i finanskostnadene.

Det er neppe realistisk å redusere driftsutgiftene i økonomiplanperioden med meir enn 7,0 mill kroner slik det er lagt opp til i 2016. Det betyr at inntektene i økonomiplanperioden må aukast for å kunne gjennomføre investeringsprogrammet. Sal av aksjar i Tussa kan vere eitt alternativ, eigedomsskatt eitt anna.

Finanskostnader for investeringsprosjekt i 2016 er finansierte i rådmannen sitt framlegg. Forslaga til investeringsprosjekt for 2017-2019 er ikkje finansierte i framlegget då det i dag ikkje er inntekter til å dekkje meir enn investeringar tilsvarande ca 22,0 mill pr år.

Fosnavåg, 06.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad

Geir Egil Olsen



# FORSLAG TIL NYE INVESTERINGSTILTAK

## 2016 - 2019

Tiltak

Kapittel : Usorterte tiltak									
Tiltak	12: 4041 - Div møbler, kvitevarer og audiovisuelt utstyr kulturhuset 2016								
Beskrivelse	Kulturhuset treng oppgradering, og i 2015 har investeringsmidlane blitt brukt til: - 25 stk samanleggbare bord - Kvitevarer kjøken (kaffemaskin) - Audiovisuelt utstyr til biblioteket - Lagenrom til korpsa  For 2016 vil det vere behov for å fortsetje investeringane som fylgjer: - 25 stk samanleggbare bord (40) - Kvitevare og inventar kjøken 1.etg., oppvaskmaskin + (40) - Kvitevarer og inventar kjøken fritidsklubb (30) - Siljemøblar vestibyle, (150)  Totalt behov for oppgraderingar på møblar og utstyr for 2016 er kr. 250.000.								
	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2016	2017	2018	2019	Gjenstående
Sted	Ansvar: Kulturhus og idrettshall (4041)								
4041.02000.386.00000 Inventar	510 000	0	0	0	260 000	150 000	100 000	0	0
4041.04290.386.00000 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	127 500	0	0	0	40 000	37 500	25 000	25 000	0
Sted	Ansvar: Renter/avdrag (9011)								
9011.09100.870.90998 Bruk av lån	-510 000	0	0	0	-160 000	-150 000	-100 000	-100 000	0
Sted	Ansvar: Interne Finansieringstransaksjonar (9017)								
9017.07280.880.0 Momskompensasjon investering	-127 500	0	0	0	-40 000	-37 500	-25 000	-25 000	0
					2016	2017	2018	2019	Totalt
Sum investeringer					300 000	187 500	125 000	25 000	637 500
Sum lån					-160 000	-150 000	-100 000	-100 000	-510 000
Sum annet					-40 000	-37 500	-25 000	-25 000	-127 500
Netto finansiering					100 000	0	0	-100 000	0
Sum renter					267	6 377	9 043	9 998	25 685
Sum avdrag					0	3 200	6 200	8 200	17 600
SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER					267	9 577	15 243	18 198	43 285
Tiltak	4: Arkeologiske utgravingar. Årleg generell løyving 2016								

Beskrivelse	Gjeld utgifter til arkeologiske utgravingar i samband med utarbeiding av t.d. planar - som inngår i ei framtidig investering (byggefelt, vegar, industriområder etc)Beløpet vert vidareført i økonomiplanperioden								
	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2016	2017	2018	2019	Gjenstående
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)								
5011.02700.301.51307 Konsulenttenester	800 000	0	0	0	200 000	200 000	200 000	200 000	0
Sted	Ansvar: Renter/avdrag (9011)								
9011.09100.870.90998 Bruk av lån	-800 000	0	0	0	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	0
					2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sum investeringer</b>					<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>Sum lån</b>					<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-800 000</b>
<b>Netto finansiering</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>27: Brannsikring av formålsbygg</b>								
Beskrivelse	Eigedomsavdelinga ber om investeringsmidlar til brannsikring av formålsbygg. Det er behov for ei generell budsjettavsetning for å kunne fylgje opp pålegg etter branntilsyn det einssilde år. Prosjektleiar: Philipp Kessler-Myking.								
	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2016	2017	2018	2019	Gjenstående
Sted	Ansvar: Kommunalt vedlikehald (6031)								
6031.02300.190.0 Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	0	0	0	0	500 000	500 000	500 000	500 000	0
					2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sum investeringer</b>					<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>
<b>Netto finansiering</b>					<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>26: Brannsikring av utleigebustadar</b>								
Beskrivelse	Eigedomsavdelinga ber om investeringsmidlar til brannsikring av kommunale utleigebustadar. Det er behov for ei generell budsjettavsetning for å kunne fylgje opp pålegg etter branntilsyn det einssilde år.								

		<p>Eigedomsavdelinga har i tillegg eit særskilt fokus på brannsikring av utleigebustadar etter dødsbrannen i Vatnevegen 6 hausten 2014.</p> <p>I tillegg til organisatoriske tiltak (til dømes sterkare oppfølging av kommunale leigetakarar) inneber prosjektet særleg installering av komfyrvakt som standardutstyr i samlege utleigebustadar samt oppgradering eller utskifting av brannalarmanlegg og etablering av direktevarsling av brann til 110-sentralen.</p> <p>Prosjektleiar: Philipp Kessler-Myking.</p>								
		Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2016	2017	2018	2019	Gjenstående
Sted	Ansvar: Kommunalt vedlikehald (6031)									
6031.02300.265.0 Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	0	0	0	0	500 000	500 000	500 000	500 000	0	0
					2016	2017	2018	2019		Totalt
<b>Sum investeringer</b>					<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>		<b>2 000 000</b>
<b>Netto finansiering</b>					<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>		<b>2 000 000</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>55: Branntryggingstiltak i Indre Herøy og Lølkanger kyrkjer</b>									
Beskrivelse	Skal vere oppstarta og skal slutførast i 2017									
		Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2016	2017	2018	2019	Gjenstående
Sted	Ansvar: Overføring religiøse org. (1281)									
1281.02300.393.12102 Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	200 000	0	0	0	100 000	100 000	0	0	0	0
1281.09100.393.12102 Bruk av lån	-200 000	0	0	0	-100 000	-100 000	0	0	0	0
					2016	2017	2018	2019		Totalt
<b>Sum investeringer</b>					<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>200 000</b>
<b>Sum lån</b>					<b>-100 000</b>	<b>-100 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>-200 000</b>
<b>Netto finansiering</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER</b>					<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>11: Byutvikling Fosnavåg 2016</b>									
Beskrivelse	Vidare prosess med planlegging og utvikling av Fosnavåg basert på resultatet frå byutviklingsprosjektet i 2015.									

Tiltak

<b>Sum inntekter</b>	<b>-26 775</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-26 775</b>
<b>Sum netto</b>	<b>107 100</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>107 100</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>107 100</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>107 100</b>
<b>Tiltak</b>	<b>51: Avlep - fond</b>				
Beskrivelse	5131.15500.353.0- Belep til fond				
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>53: Avlep - prisauke</b>				
Beskrivelse	5131.16400.353.0- Prisauke 3 %				
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>56: Bruk av fond</b>				
Beskrivelse	5062.19500.338.0- Auka bruk av bunde fond. Evt. må ein vurdere å auke feieavgifta. Det vert vurdert i samband med eiga sak om feieavgifta.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt

Sted	Ansvar: Feiing (5062)				
5062.19500.338.0 Bruk av bundne fond	-168 866	0	0	0	-168 866
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-168 866</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-168 866</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-168 866</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-168 866</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-168 866</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-168 866</b>
<b>Tiltak</b>	<b>49: Feiing - auke avgift</b>				
Beskrivelse	5062.12900.338.0- Auka intern overføring til 5061/338 forebyggande brannvern frå 150 kroner til 300 kroner.				
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tiltak</b>	<b>54: Intern overføring</b>				
Beskrivelse	5124.17900.190.0-Auka intern overføring då tenesta skal gå i null.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sted</b>	<b>Ansvar: MASKIN- OG UTSTYRSPARK (5124)</b>				
5124.17900.338.0 Interne Overføringer	-150 000	0	0	0	-150 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-150 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-150 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-150 000</b>
<b>Tiltak</b>	<b>55: Intern overføring2</b>				
Beskrivelse	5061.17900.338.0- Forslag om å auke intern overføring frå feiing (5062) med 150.000 kroner i 2015 til 300.000 kroner i 2016.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sted</b>	<b>Ansvar: Brannvern (5061)</b>				
5061.12900.338.0 Interne overføringer	150 000	0	0	0	150 000
5061.17900.338.0 Interne Overføringer	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	-600 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-600 000</b>

Sum netto	0	-150 000	-150 000	-150 000	-450 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-150 000</b>	<b>-450 000</b>
<b>Tiltak</b>	<b>48: Nødnett2</b>				
Beskrivelse	5061.11303.339.0- Gjeld årleg betaling for nytt nødnett. Noko utgifter på telefoni går ned pga dette, Kr. 180.000,- pr. år i abonnemnetsavgift + kr. 15.000 i årleg service-/vedlikehaldskostnad.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11303.339.0 Dalakommunikasjon	111 000	111 000	111 000	111 000	444 000
5061.14290.339.0 Moms generell kompensasjonsordning	27 750	27 750	27 750	27 750	111 000
5061.17290.339.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-27 750	-27 750	-27 750	-27 750	-111 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>138 750</b>	<b>138 750</b>	<b>138 750</b>	<b>138 750</b>	<b>555 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-27 750</b>	<b>-27 750</b>	<b>-27 750</b>	<b>-27 750</b>	<b>-111 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>444 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>111 000</b>	<b>444 000</b>
<b>Tiltak</b>	<b>64: Opplæring/kurs brannvernet</b>				
Beskrivelse	Behov for midlar til opplæring/kursing brannmannskap i 2016 som er lovpålagde. 2 stk. Beredskapskurs 3(befalskurs) : kr. 100.000 1 stk. Forebygganda kurs : kr. 50.000 5 stk. Grunnkurs(oppstart nov. 2015): kr. 331.000 5 stk. Røykdykkarkurs : kr. 110.000 Diverse nettkurs m.m. : kr. 30.000 TOTALT.....: KR. 521.000 Til fråtrekk går kr. 125.000 som alt ligg i budsjett 2016. Netto behov for kursmidlar er såleis kr. 396.000				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11500.338.0 Kursutgifter	396 000	0	0	0	396 000
5061.14290.338.0 Moms generell kompensasjonsordning	99 000	0	0	0	99 000
5061.17290.338.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-99 000	0	0	0	-99 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>495 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>495 000</b>

Tiltak

<b>Sum inntekter</b>	-99 000	0	0	0	-99 000
<b>Sum netto</b>	396 000	0	0	0	396 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	396 000	0	0	0	396 000
<b>Tiltak</b>	<b>50: Rammelønsparing</b>				
<b>Beskrivelse</b>	5111.14900.120.0 - Rammelønsparing				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sted</b>	Ansvar: Administrasjon Anlegg og driftsavgd. (5111)				
5111.14900.120.0 Reserverte bevilgninger/avsetninger	200 000	0	0	0	200 000
<b>Sum utgifter</b>	200 000	0	0	0	200 000
<b>Sum inntekter</b>	0	0	0	0	0
<b>Sum netto</b>	200 000	0	0	0	200 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	200 000	0	0	0	200 000
<b>Tiltak</b>	<b>63: Satellittelefon( 3 stk.) - abonnementsavgift</b>				
<b>Beskrivelse</b>	Abonnement på 3 stk. telefoner til kriseliinga/beredskapen: kr. 20.000,- pr. år.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
<b>Sted</b>	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11301.339.0 Telefoni	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
5061.14290.339.0 Moms generell kompensasjonsordning	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
5061.17290.339.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-20 000
<b>Sum utgifter</b>	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
<b>Sum inntekter</b>	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-20 000
<b>Sum netto</b>	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
<b>Tiltak</b>	<b>52: Sløm - prisauke</b>				
<b>Beskrivelse</b>	5132.16400.354.0 - 3 % prisauke				
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	0	0	0	0	0



<b>Tiltak</b>		<b>47: Telefoni og VHF-system</b>				
Beskrivelse	5061.11301.339.0- Reduserte kostnader pga. overgang til nødnett til kr. 40.000,- pr. år, (reduksjon om lag kr. 76.000)					
	2016	2017	2018	2019	Totalt	
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)					
5061.11301.339.0 Telefoni	-76 000	-76 000	-76 000	-76 000	-304 000	
5061.14290.339.0 Moms generell kompensasjonsordning	-19 000	-19 000	-19 000	-19 000	-76 000	
5061.17290.339.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	19 000	19 000	19 000	19 000	76 000	
<b>Sum utgifter</b>	<b>-95 000</b>	<b>-95 000</b>	<b>-95 000</b>	<b>-95 000</b>	<b>-380 000</b>	
<b>Sum inntekter</b>	<b>19 000</b>	<b>19 000</b>	<b>19 000</b>	<b>19 000</b>	<b>76 000</b>	
<b>Sum netto</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-304 000</b>	
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-76 000</b>	<b>-304 000</b>	
<b>Kapittel : 60 Egedomsavdelinga</b>						
<b>Tiltak</b>		<b>44: Auka løyving til løpande byggdrift</b>				
Beskrivelse	Egedomsavdelinga ber om ei tilleggsløyving til løpande byggdrift på kr. 500 000.  Egedomsavdelinga har sidan starten i 2002 avsett kr. 1 mill. til løpande drift. Budsjettposten skal dekke uforutsette driftskostnader det einssilde år og har ikkje vore pris eller kostnadsregulert sidan oppstarten.					
	2016	2017	2018	2019	Totalt	
Sted	Ansvar: Løpande drift (6022)					
6022.12300.190.0 Vedlikehold og byggetjenester	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000	
6022.14290.190.0 Moms generell kompensasjonsordning	125 000	125 000	125 000	125 000	500 000	
6022.17290.190.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000	-500 000	
<b>Sum utgifter</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>2 500 000</b>	
<b>Sum inntekter</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-500 000</b>	
<b>Sum netto</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>	
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>	
<b>Tiltak</b>		<b>43: Auka løyving til planlagt vedlikehald</b>				

Beskrivelse	Eigedomsavdelinga har det einskilde år avsett budsjettmidlar til planlagt vedlikehald av kommunale bygg basert på kommunestyrets budsjettvedtak og som ein restsum etter at naudsynte kostnader til drift er avsett (lønn, straum, forsikring, offentlege avgifter ol.).  Avdelinga etterlyser forutsigbarheit i budsjettprosessen og meiner prinsipielt at planlagt vedlikehald bør prioriterast høgt og til minimum kr. 100 pr. m2 BTA. Avdelinga foreslår difor som eige tiltak ei løyving på kr. 3 mill. til planlagt vedlikehald. Løyvinga kjem i tillegg til den løyving avdelinga sjølv finn rom for innanfor ordinær budsjettamme, slik at planlagt vedlikehald i 2016 blir totalt kr. 6,4 mill.  Avdelinga har som del av budsjettkommentarane vedlagt utkast til vedlikehaldsplan basert på ei slik løyving og med særskilt fokus i 2016 på fasaderehabilitering.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Kommunalt vedlikehald (6031)				
6031.12300.190.0 Vedlikehold og byggetjenester	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
6031.14290.190.0 Moms generell kompensasjonsordning	750 000	750 000	750 000	750 000	3 000 000
6031.17290.190.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-750 000	-750 000	-750 000	-750 000	-3 000 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>3 750 000</b>	<b>3 750 000</b>	<b>3 750 000</b>	<b>3 750 000</b>	<b>15 000 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-750 000</b>	<b>-750 000</b>	<b>-750 000</b>	<b>-750 000</b>	<b>-3 000 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>12 000 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>12 000 000</b>
<b>Tiltak</b>	<b>42: Fast 100 % stilling som byggdriftar</b>				
Beskrivelse	Eigedomsavdelinga ber om driftsmidlar til ei fast 100 % stilling som vaktmeister.  Avdelinga har i dag totalt 6,4 årsverk - driftsleiar inkludert - til byggdrift av 64 000 m2 BTA bygningsmasse, fordelt på omlag 30 kommunale bygg og 140 bueningar.  Ny stilling som vaktmeister vil styrke avdelinga siit arbeid med førebyggjande drift av kommunale bygg og auke evna til å gjennomføre lovpålagt internkontroll. Ny 100 % fast stilling som vaktmeister vil også gi oss betre grunnlag til å bruke eige personell til vedlikehald av utleigebustadar, nokon vi i dag må bruke eksterne samarbeidspartnarar til.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Kommunal drift (6021)				
6021.10100.190.0 Fast lønn	420 000	420 000	420 000	420 000	1 680 000
6021.10900.190.0 Pensjon	71 400	71 400	71 400	71 400	285 600
6021.10990.190.0 Arbeidsgiveravgift	69 287	69 287	69 287	69 287	277 148
<b>Sum utgifter</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>2 242 748</b>

Tiltak

Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	560 687	560 687	560 687	560 687	2 242 748
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>560 687</b>	<b>2 242 748</b>





## NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Rådmannen

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
19.10.2015

### BUDSJETTKOMMENTARAR POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING

Ansvar 1011: Politisk styring og kontrollorgan

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	3.725.600	3.820.800
Brutto driftsinntekter	-44.500	-45.700
Netto driftsramme	3.681.100	3.775.100
Avvik i kr. frå førre budsjettår		94.000
Avvik i % frå førre budsjettår		2,55 %

#### Merknader:

Utgifter til kontrollutvalet (297.300 i 2015) er overført til eige ansvar på område 18.

Ansvar 1012: Val

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	424.200	0
Brutto driftsinntekter	-74.200	0
Netto driftsramme	350.000	0
Avvik i kr. frå førre budsjettår		-350.000
Avvik i % frå førre budsjettår		

#### Merknader:

Det er ikkje val i 2016.

Ansvar 1221: Rådmann/ass rådmann

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	3.025.600	2.624.700
Brutto driftsinntekter	-381.900	-36.900
Netto driftsramme	2.643.700	2.587.800
Avvik i kr. frå førre budsjettår		-55.900
Avvik i % frå førre budsjettår		-2,11 %

**Merknader:**

Tilskot til Hoppid (160.000 i 2015) er overført til eige ansvar på område 18.

Ansvar 1241 Fellessekretariatet

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	2.406.800	2.283.400
Brutto driftsinntekter	-196.500	-153.800
Netto driftsramme	2.210.300	2.129.700
Avvik i kr. frå førre budsjettår		-80.600
Avvik i % frå førre budsjettår		-3,6 %

**Merknader:**

Tilskot interkommunalt arkiv (183.600 i 2015) er overført til eige ansvar på område 18.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad



## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Servicetorget

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
30.09.2015

### BUDSJETTKOMMENTAR SERVICETORGET 2015

Eigedomsavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	4 125 835	4 256 046
Brutto driftsinntekter	772 432	774 289
Netto driftsramme	3 353 403	3 481 757
Avvik i kr. frå førre budsjettår	646 322	128 354
Avvik i % frå førre budsjettår	+ 23%	+ 3,8 %

Auken frå 2014-2015 har sin årsak at det vart oppretta ei 100 % stilling i Servicetorget. Dette var med bakgrunn i at Servicetorget hadde mista 50% ved omorganisering og at kulturavdelinga hadde behov for ressursar til marknadsføring av blant anna det nye konserthuset.

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Servicetorget har gått med vakanse i den nyoppretta stillinga frå 1. juli. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen har ein ikkje bedt om å få stillinga lyst ut dette halvåret.

Dette har ført til meirarbeid for dei som er att og ein har ikkje kunne utføre arbeid for kulturavdelinga i den grad det var tenkt ved oppretting av stillinga.

I budsjettforslaget er stillinga som er vakant lagt inn. Resten av budsjettet er justert for prisendring.

Når det gjeld inntekter kan desse verte lågare enn budsjettet i 2016. Bakgrunnen er digitalisering av eigeomsarkivet og andre løysingar som gjer at kvar enkelt vert meir sjølvhjelp. Sidan ein endå ikkje veit kor langt dette arbeidet kjem i løpet av 2016 vert inntektene ikkje redusert.

### **Særlege utfordringar i 2016**

For Servicetorget er det ei utfordring med redusert bemanning både i eiga avdeling og i andre avdelingar. Det er vi som møter frustrasjonar, klager og innfløyte problemstillingar frå kundane. Redusert bemanning i avdelingane gjer at vi i mindre grad kan søkje bistand og få det.

Med redusert bemanning har vi dessutan ei utfordring i å klare dei oppgåvene ein har lagt til Servicetorget.

Stillinga som har vore vakant var «i drift» ca 9 mnd. 50% av stillinga var øymerka kulturavdelinga sitt arbeid. Det var positive erfaringar med organisering av arbeidet, men kulturavdelinga ser at endringar for konserthuset gjer at ein kanskje bør drøfte eventuell splitting av stillinga. Dette vil eventuelt verte lagt fram som eiga sak seinare.

Informasjon er alltid viktig og kanskje ekstra viktig i nedgangstider. Dette gjeld informasjon til tilsette og informasjon til publikum for at alle skal ha eit bilde av kva som skjer og dempe forventningane. Informasjon er viktig for at kommunen skal ha eit godt omdøme. Å få motivert til å gi informasjon og tilrettelegge for publisering er krevjande og må prioriterast i heile organisasjonen.

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

Servicetorget må få vidareført 100 % stilling.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

Servicetorget har ikkje investeringstiltak i 2016

Med helsing

Wenche Moltu





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Økonomiavdelinga



---

### BUDSJETTKOMMENTARAR 2016 - ØKONOMIAVDELINGA

## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Økonomiavdelinga

---

### BUDSJETTKOMMENTAR 2016

Økonomiavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	6.118.100	6.108.300
Brutto driftsinntekter	462.800	485.700
Netto driftsramme	5.655.300	5.622.600
Avvik i kr. frå førre budsjettår	-483.000	-32.700
Avvik i % frå førre budsjettår	-7,86%	-0,58%

## **Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

Budsjettet er redusert pga at kostnadane til interkommunal arbeidsgjevarkontroll er flytta til område 18 (Andre overføringar) i 2016 budsjettet. Denne kostnaden utgjorde kr 335.000,- i budsjettet for 2015. Det vil seie at reell vekst frå 2015 til 2016 er kr 302.300,- eller 5,36%. I budsjettet for 2016 er det ikkje lagt inn nye tiltak med unntak av standard løns- og prisvekst samt at ein har sett kravet til rammeinnsparing som ein hadde i 2015 budsjettet til kr 0,-.

## **Særlege utfordringar i 2016**

Her vil ein peike på personellressursen. Vi har fått redusert våre ressursar samstundes som mange av arbeidsoppgåvene har auka i omfang. Vi fører no 10 rekneskap, samt skatterekneskapen. I tillegg har konserthus/kino påført oss mykje ekstraarbeid. Slik situasjonen er i dag har vi berre kapasitet til å utføre daglege gjeremål og kan ikkje føre ynskjeleg kontroll og rettleiing opp mot andre avdelingar i kommunen.

## **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

### Investeringstiltak 1 – Controller

Økonomiavdelinga er nok ei av dei mest pressa avdelingane i Herøy kommune. Arbeidsoppgåvene har blitt fleire og personalressursane færre. I tider med pressa økonomi er det viktig å ha god dialog, kontroll og opplæring av alle avdelingane i kommunen. Rett person i ei slik stilling vil kunne gjere ein god jobb for kommunen.

## **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

Foreslår ikkje investeringstiltak for 2016-2019

Med helsing

Geir Egil Olsen





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Personal- og organisasjonsavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
22.09.2015

### **BUDSJETTKOMMENTARAR 2016 - PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA**

Personal- og organisasjonsavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

<b>Budsjettpost</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>
Brutto driftsutgifter	10 121 611	10 010 873
Brutto driftsinntekter	2 060 267	2 064 609
Netto driftsramme	8 061 344	7 946 264
Avvik i kr. frå førre budsjettår	991 551	-539 475
Avvik i % frå førre budsjettår	13,66	-6,73

#### **Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

Det er ein reduksjon i samla stillingar hjå avdelinga (konto 1261), på 10% frå 2015 til 2016. Avdelinga har no 5 tilsette i full stilling, og ein vakanse på 30%.

Det er lagt til lønsutgifter i høve hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet (konto 1262). I høve denne utgifta vert det kravd refusjon intern i organisasjonen. Leikeeins vert det kravd refusjon frå Utdanningsforbundet på om lag kr. 230 000,- per år.

Det er justert for auka lønsutgifter (konto 1263), då hovudvernobod har gått frå 30% til 50% stilling i vervet.

I høve lærlingane (konto 1264) er det lagt inn ein ekstra lønskostnad (vakanse) for å møte auken i lønsutgifter i samband med progresjon i lærlingeløpet.

I høve KS-kontingentar (Ordinære, FOU og OU) er det gjort endringar ved at dette er trekt ut av budsjettet til personal- og organisasjonsavdelinga og ført over på anna ansvar. Dette har ført til ei utgiftsnedgang i høve felleskostnader (konto 1265) på om lag kr. 980 000,- og eit inntektstap på om lag kr. 280 000,-. Dette utgjer ein samla nedgang på om lag kr. 700 000,-.

### **Særlege utfordringar i 2016**

#### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

Investeringstiltak 1 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

Investeringstiltak 2 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

Investeringstiltak 3 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

#### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

Driftstiltak 1 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

Driftstiltak 2 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

Driftstiltak 3 – Tiltaksnamn  
Grunngjeving for prioritering

Med helsing  
Personal- og organisasjonsavdelinga

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth  
Personal- og organisasjonsleiar





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: IKT-avdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
23.10.2015

---

### BUDSJETTKOMMENTAR IKT-AVDELINGA

IKT-avdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	5 667 986	6 069 078
Brutto driftsinntekter	471 908	646 437
Netto driftsramme	5 196 078	6 069 328
Avvik i kr. frå førre budsjettår	648 387	873 250
Avvik i % frå førre budsjettår	+14,26	+16,8

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Auka i budsjettet kjem hovudsakleg av at vi har avdekka manglande Microsoftlisensar lokalt i eiga kommune. Lisenskostnaden vert estimert til 600.000 og vert lagt inn på drift sidan vi kjem til å lease Microsoftlisensar framover.

Trådløusdekninga på sjukeheimane skal byggast ut grunna overgang til trådløus pasientvarsling. Dette fører med seg ein ekstrakostnad på drift på 45.000 i service og vedlikehald på ciscoutstyr (trådløusantenner og switchar).

#### Særlege utfordringar i 2016

Halde oppe tempoet med flytting av program og tenester til SSIKT driftssenter. Målet er å avvikle serverrommet på rådhuset og kun sitje igjen med serverrommet på Helsesenteret Vi frigjer då eit kontor på rådhuset og slepp lokale investeringar på serversida.

Få kontroll over Microsoftlisensar, eller manglande lisensar i så måte. Eit eksternt firma er hyra inn via SSIKT for å bistå kommunane her ute med å få på plass naudsynte lisensar

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### Investeringstiltak 1 – Microsoftlisensar

Det syner seg at vi er underlisensiert når det kjem til microsoftlisensar. Om vi får ettersyn på dette området ser vi fram mot bøter i millionklassa.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

#### Driftstiltak 1 – PC-rullering

Bærbare PCar har ei levetid på rundt 5 år. Til trass for auka investering til driftssenteret håper ein å få behalde lokalt investeringsbudsjett for å gi maskinparken eit lyft. Det er mange som sit med bærbare maskiner frå 2008/2009 som bør bytast, dette gjeld særleg innan skulesektoren.

#### Driftstiltak 2 – utbygging trådløstnett

- Pleie og omsorg/Bu Hab fasar ut analog pasientvarsling og erstattar det med trådløst pasientvarsling og treng derav full trådløst dekning på alle bygg. I 2015 vart det bygd ut for nokre av avdelingane (raud, grøn, blå, Tofstestøvegen 11 og delvis Myrvåg alders og sjukeheim), men det er framleis mykje som står att. I tillegg ynskjer skuleavdelinga og køyre ein pilot på nettbrett i skulen, som også fordrar utbygging av trådløst nett.

Med helsing

Guro Gausemel

## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Barnehageavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
21.09.2015

---

### BUDSJETTKOMMENTARAR FOR 2016. BARNEHAGEAVDELINGA

---

Barnehageavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	68 064 366	69 840 788
Brutto driftsinntekter	3 836 494	4 011 494
Netto driftsramme	64 227 872	65 829 294
Avvik i kr. frå førre budsjettår	3 234 059	1 601 422
Avvik i % frå førre budsjettår	Ca 5%	Ca 2,4%

**Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

- Tala i budsjettforslaget er i samsvar med gjeldande løn pr. d.d.
- Sum tilskot til private barnehagar er lagt inn slik det i skrivande stund ser ut etter utbetalingane i 2015. I tillegg veit ein at det må betalast ut kr. 130 000 meir pga av ei vedlikehaldsutgift som ikkje var tatt med i grunnlaget for utrekninga. Etterrekninga for 2014 viser ei meirutbetaling på ca kr. 2 200 000. Dette må rekneskapsførast på 2015 og vil kunne få same verknad for 2016. Dette er ikkje med i desse budsjett-tala men ligg som nytt tiltak i Arena.

- **Nytt tiltak for å møte regelverksendring for utbetaling av kommunalt tilskot frå 98% til 100% av kommunale kostnader er ikkje med i tala her, men er lagt inn som nytt tiltak i Arena.**
- **Summen for kommunalt tilskot kan bli ennå høgare om det vert bestemt nasjonale satsar for kommunalt tilskot til private barnehagar.**
- **Barnehagane vidarefører auka opningstid som i år har gitt ei innsparing i høve kommunalt tilskot til private barnehagar på ca 500 000. Det er fordi timetal per dag då kan registrerast som ein heil plass. Dei private barnehagane gjer det same.**
- **Det er i budsjettforslaget lagt inn ei auke på kr. 150,- per deltidsplass. Dette kan gi ei innekstauke på kr. 45 000 avhengig av kor mange som ynskjer deltidsplass. Faren med å gjere dette er at foreldre ikkje ser vitsen med å eks nytte ein 4 dagars plass når satsen nærmar seg heil plass. Om dette skjer, vil kommunen tape gevinsten fire dagars plassane gir i dag i høve kommunalt tilskot (i dag ca. 500 000)**
- **Foreldrebetaling for heiltidsplassane kan ikkje aukast pga nasjonal makspris.**
- **Kommunen får auka si ramme med ca kr. 180 000 pga av ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis 20t/v for 4- og 5 åringar der familien har ei inntekt under kr. 405 000,- Dette gjeld barn i både kommunale og private barnehagar. Dette er lagt inn som nytt tiltak i Arena.**
- **Barnehageleiar er tilsett i 80% stilling. Dette har lenge vore for liten stillingsprosent i høve arbeidsmengda. Barnehageleiar har i prinsippet arbeidd 100% stilling utan å få dette kompensert lønnsmessig. Når nye oppgåver som å behandle søknader om redusert foreldrebetaling i høve lav inntekt i familien samt søknader om gratis 20t/v og vart lagt til barnehageleiar, er det no i samråd med rådmannen lagt inn ei auke av stillingsprosenten til barnehageleiar frå 80 til 100% frå 01.01.2016. Dette gir ein kostnad på ca kr. 170 000,- (inkludert sosiale utgifter)**

#### **Særlege utfordringar i 2016**

- **Rekruttere og behalde pedagogisk personale**
- **Auke pedagogtettleiken ved ledige stillingar og slik møte framtida sine krav om 50% pedagogar per avdeling**



- **Få ned sjukefråveret**
- **Få til god kompetanseutvikling for alle tilsettegrupper**

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### 1. auke ramma for kommunalt tilskot med ca. kr. 3 260 000.

Lovpålagt å auke tilskotet med 2% frå 98% av kommunale kostnader til 100% (ca kr. 930 00,-)

I tillegg auke det ordinære tilskotet tilsvarande kostnaden i 2015 med ca kr. 2 330 000,-

#### 2. Auke av barnehageleiar sin stillingsprosent frå 80 til 100% stilling

Nødvendig for å få gjennomført alle oppgåvene stillinga har ansvar for. Stillinga har lenge vore underdimensjonert. Kostnad ca. kr 170 000,-

#### 3 – Redusert foreldrebetaling pga av familien si inntekt/gratis 20t/v.

Auke budsjettamma i samsvar med kostnadane ordninga vil gi. Ramma vert auka med ca. kr 180 000,- og denne auken bør tilførast barnehageavdelinga si budsjettamme. Kostnaden kan bli enda større avhengig av tal søknader om redusert foreldrebetaling.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016:**

**Ingen investringstiltak**

Med helsing

Barnehageavdelinga  
Laila K. Solhaug

*Herøy kommune*



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647 11,04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Skuleavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
30.09.2015

---

### BUDSJETTKOMMENTAR SKULEAVD

### BUDSJETTKOMMENTAR 2016

Skuleavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	126.613	129.989
Brutto driftsinntekter	17.800	18.555
Netto driftsramme	108.813	111.435
Avvik i kr. frå førre budsjettår	-1,1 mill	+2,6 mill
Avvik i % frå førre budsjettår	-1%	+2,5%

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

##### Inntekter:

Inntektene i skuleavdelinga gjeld refusjonar av sjukelønn og foreldrepengar, refusjonar frå andre kommunar og fylkeskommunen, statstilskot til ulike formål og brukarbetaling.

Brukarbetaling, der vi kan påverke inntektsnivået, er::

##### 1) SFO i grunnskulen.

Satsane vart auka frå 1.august 2015, og vedtektene vart endra, for å få både auka inntekter og betre styring på drifta. Dette har gitt resultat. Kostra-rapporten tilsa vesentleg auke i satsar, men dette var basert på rekneskapstal frå 2013. Vi ser derfor ikkje grunn til å auke satsane meir enn 5%, gjeldande

frå 1.august 2016. Erfaringar frå andre stader viser at til høgare satsane er, dess færre barn vert innsøkt i SFO. Dette er ei lite ønska utvikling. Konsekvensen kan bli at SFO i krinsane Moltu, Nerlandsøy og Leikanger får så få barn av det vert for kostbart å halde oppe tilbodet, alternativt at opningstida vert for kort i forhold til kva foreldra treng. I dei store krinsane vil ein kunne oppleve at barn vert gåande åleine på ettermiddagstid, fordi foreldra ikkje har økonomi til å nytte SFO-tilbodet.

På bakgrunn av dette foreslår vi 5% auke på satsane frå 1.august 2016, dvs.at full plass vert kr. 2.430. Søskenmoderasjon som før.

## **2) Kulturskulen.**

Det vart utarbeidd ei omfattande sak i samband med budsjett 2015, der ein gjorde greie for både auke i satsar, og omlegging av rabattsystemet.

Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret, gjort gjeldande frå 1.august 2015.

Det er kommunar i regionen som har høgare satsar enn Herøy, som ligg omtrent middels. Vi har vurdert nøye om vi no skal auke satsane slik at vi nærmar oss toppen - basert på politiske signal om å ta ut inntekspotensialet. Når vi likevel ikkje vil tilrå dette, er det av omsyn til det viktige arbeidet kulturskulen gjer på det haldningsskapande området, samt verdien av den opplæringa skulen gir. Vi har sett at andre kommunar har hatt stor nedgang i deltaking, etter å ha auka satsane mykje. Vi er også urolege for dei økonomiske konsekvensane krisa i dei maritime næringane vil få for privatøkonomien, og at dermed mange barn vert ståande utanfor eit kulturskuletilbod.

Vi ser ein positiv effekt av det vedtaket som vart gjort for budsjett 2015 (halvårseffekt), og har auka inntektene i budsjett 2016 som ein konsekvens av det.

For 2016 foreslår vi ein auke frå kr.3.000 til kr.3.300, gjeldande frå 1.aug 2016. Vi vil elles gjere ei ny vurdering av rabattsatsane.

I tillegg foreslår vi auke i satsen for sal av timar til vaksne kor og korps. Dette vert no vesentleg subsidiert av kulturskulen, medan ein del andre kommunar køyrer full betaling for slike tenester. Basert på dagens sats på kr.200 pr.time, vert t.d. eit vaksenkor subsidiert med kr.80.-90.000 på årsbasis. Om satsar skal aukast og inntekspotensiale takast ut, bør ein kanskje ta omsyn til barn og unge, og heller la vaksne betale meir.

Vi foreslår å auke satsen for sal av timar til vaksne kor frå kr.200 til kr.300, og til vaksne korps til kr.250. Årsaka til at vi foreslår lavare sats for korps, er at desse også har vesentlege utgifter til instrument. Om det er politisk vilje til å gå endå lenger, slik at vaksne kor og korps betaler full kostpris ved kjøp av dirigenttenester, kan ein det. Vi vil likevel tilrå at ein tar stegvis auke.

### **3) Internasjonal skule**

Skulen får statleg tilskot for opplæring av flyktingar og innflyttarar med rett og plikt til norskopplæring. Dette er eit tilskot vi ikkje kan styre, anna enn ved å ha så store grupper som forsvarleg, og ved dette drive så driftsøkonomisk som råd. Dette gjer vi allereie, basert på at vi har erfarne og dyktige lærarar. I tillegg gir skulen tilbod til vaksne arbeidsinnvandrarar, som betaler etter faste satsar. Vi har ikkje tidlegare lagt endring av desse satsane inn for kommunestyret, men justerer med jamne mellomrom basert på prisar i kommunane rundt oss. I tillegg må vi heile tida vurdere kva desse som lærer norsk frivillig, har evne og vilje til å betale for tenestene. Det er svært viktig at dei møter opp på skule og lærer seg norsk, for å kunne bli den samfunnsressursen vi vil at dei skal verte. Også her ser ein bemanning og satsar i samanheng, og prøver å drive så driftsøkonomisk som råd.

#### **Utgifter:**

Budsjettet er basert på ei framskriving frå 2015, med justering basert på erfaringstal, for at budsjettet skal bli så reelt som råd.

Ein har prøvd å ta ned utgifter der det er muleg, men her er lite å skjere. Dette med bakgrunn i stadig innsparing og stram drift over lengre tid. Vi viser også her til Kostra-rapporten som sa at skuleavdelinga dreiv effektivt og at her var lite meir å hente. Så veit vi at også etter 2013, som tala i rapporten var basert på, har vi kuttet ned endå meir, jfr mindreforbruket i 2014 og reduksjon i ramme for 2015, Grunnskulen i Herøy har lav lærartettleik samanlikna med andre kommunar i fylke og land, noko som har vore påpeikt fleire gongar. Vi driv no svært stramt, og det merkast, kanskje særleg i fådelte skular og på ungdomstrinnet.

### **Særlege utfordringar i 2016**

#### **1) Mottak av nye flyktingar**

Det er svært ressurskrevjande å ta mot familiar, ofte med mange barn i ulike aldrar. Dei har lite skulegang, kan ofte kun arabiske teikn og ikkje vårt alfabet, og treng systematisk og omfattande opplæring i språket vårt. Skal vi makte denne oppgåva, må vi ha lærarar til dei, noko vi ikkje har midlar til innanfor dagens ramme. I tillegg til grunnskulen, gjeld det også internasjonal skule - særleg for å kunne bruke tid til å lære dei alfabetet, før dei kan gå inn i ei ordinær språkgruppe og starte på opplæringa.

#### **2) Elevar med særlege behov**

Stadig fleire elevar, både på mellom- og ungdomstrinn, slit med problem/psykisk helse som blokkerer for læring. Det er ofte behov for «time-out», alternativ opplæring og i somme høve heimeundervisning. Trass i eit godt tverrfagleg samarbeid, manglar ein ofte både verktøykasse og personar

med kompetanse til å gå inn i situasjonen. Viser vidare til strategidokumentet «Herøyskulen - ein los i leia».

### **3) Nye nasjonale strategiar og krav**

Regjeringa køyrer ein offensiv skulepolitikk. Det har nyleg kome fleire dokument som set retning og standard for norsk skule:

- NOU 2015:8 Fremtidens skole
- Strategidokumentet Kompetanse for kvalitet, samt forskrift med omfattande kompetansekrav for lærarar, gjeldande frå 1.august 2015
- Realfagstrategien, som set store krav til skuleeigar i form av vidareutdanning og tilrettelegging

Konsekvensen av desse dokumenta vil etter kvart vise seg i form av meir lover og forskrifter.

### **4) Forsvarlege skulebygg**

Fleire av skulane våre er fortsatt ikkje godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. Dei to største utfordringane er relatert til Bergsøy skule avd. Borga og Ytre Herøy ungdomsskule. Det er viktig å kome raskt i gang med planlegginga av ny skule på Bergsøya, for å kunne starte på ein veg mot betre arbeidsforhold for dei mange elevane og tilsette på desse skulane.

### **5) Areal for Leikanger skule**

På grunn av aukande elevtal vert det for lite areal ved Leikanger skule frå hausten 2016. Dette er ei utfordring som må løysast raskt.

## **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

### Driftstiltak 1 – Norskopplæring for minoritetsspråklege

Mottak av nye flyktningar, krev særlege tiltak. Det er ikkje rom innanfor den ordinære ramma til å handtere desse utfordringane.

### Driftstiltak 2 – Vidareutdanning, kompetanse og nok lærarar til å handtere utfordringane framover.

Viser til kommentaren under pkt 3 ovanfor.

Det er ikkje lagt inn ekstra midlar, ut over det som ligg vidareført i økonomiplanen. Kr.400.000.

### Driftstiltak 3 Kommunalt foreldreutval

Det har i fleire år vore kommunalt foreldreutval i Herøy kommune, samansett av FAU-leiar ved kvar skule. Det er ikkje lovpålagt å ha KFU, men det vart innført i Herøy tidleg på 2000-talet.

I 2013 forsvann midlane frå budsjettet, truleg ubevisst. KFU hadde på det tidspunkt ei årleg løyving på kr.25.000.

Det har vore prøvd å få midlane inn att ( 2014 og 2015).. For å unngå at utvalet vart lagt ned, har skuleavd. dekt utgifter innanfor grunnskulen si ramme.

Det er behov for at KFU har eigne midlar, for å kunne gjennomføre tiltak dei meiner er viktige. Siste åra har utvalet betalt for førstehjelpskurs for 8.trinnet, samt arrangert foreldrekveldar, med tema relatert m.a. til mobbing og nettvett.

Foreldre til elevar i Herøyskulen er ein viktig ressurs, og KFU har ei sentral rolle i å samle foreldra til felles kunnskap og haldningar. Dei handsamar også sakar av felles interesse for Herøyskulen.

Om utvalet ikkje får driftsmidlar, må vi vurdere å legge ned utvalet.

Sum kr.25.000.

## **Dei 2 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

### Investeringstiltak 1 – Utstyr og inventar i skuleavdelinga

Skuleavdelinga fekk i 2015 ei løyving på kr.400.000 til fornying og nyinnkjøp av inventar og utstyr i grunnskulen. Dette betydde svært mykje, både for trivsel og læringsmetodar. Vi er derimot ikkje i mål. Fleire lærarar ønskjer å ta i bruk elektroniske og interaktive tavler, her er fortsatt inventar som treng utskifting, samt at andre avdelingar som Internasjonal skule også har behov for meir teknisk utstyr. Vi ber derfor om ein ny sum til fordeling - ikkje berre grunnskule, men heile skuleavdelinga.

Sum kr.400.000

### Investeringstiltak 2 – Prosjekt nettbrett som kompensatorisk hjelpemiddel

Ein er heile tida på leit etter tiltak som kan hjelpe fleire elevar til å lære meir. Bruk av nettbrett er eit slikt tiltak. Det finst mykje programvare, lydbøker og anna som kan stimulere og motivere elevar til å lære meir. Dette gjeld både elevar som ikkje greier å nå måla innanfor det ordinære, og for dei som treng ekstra for å kome vidare. Skuleavdelinga ønskjer å ta i bruk nettbrett i eit pilotprosjekt på nokre skular og årstrinn.

Sum kr.150.000

25.september 2015

Skuleleiaren

Med helsing

Sølvi Lillebø Remøy

---

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647 11 04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

*ei båtlangt bane*







## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Avdeling for Barn, Familie og Helse

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
22.09.2015

### BUDSJETTKOMMENTARAR 2016

Barn,- familie- og helseavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	48 256 454	50 649 544
Brutto driftsinntekter	10 061 152	10 565 316
Netto driftsramme	38 195 302	40 084 228
Avvik i kr. frå førre budsjettår	1 963 597	1 888 926
Avvik i % frå førre budsjettår	5,4	4,9

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Fagområda innan avdelinga Barn-, familie- og helse er delt i fem seksjonar, barnevern, førebyggjande seksjon (særleg helsestasjon og skulehelseteneste), seksjon psykisk helsevern, seksjon rehabilitering samt seksjon samfunnsmedisin og legeteneste. Frå 1.1.2016 har rådmannen til hensikt å inkludere NAV i avdelinga. Det er ikkje teken høgde for utgifter i denne samanhengen.

Tala i budsjettforslaget er i samsvar med innvilga faste stillingar og kjent forbruk av varer og tenester med innlagt prisjustering. I 2016 vil to seksjonsleiarar gå av med pensjon. Det er ei utfordring å få tilsett godt kvalifiserte leiarar i desse stillingane.

Det er og utfordrande til ein kvar tid å kunne ha ei forsvarleg drift, dette gjeld særleg på legesida. Det er derfor foreslege å setje av kr 500.000,- til eventuelle tiltak som kjem fram i ein strategisk rekrutteringsplan. Formannskapet har bed om at det vert utarbeida ein slik plan.

Både barnevern og psykiatriske tenester har utfordringar og oppgåver som ikkje til ein kvar tid vert løyst på ein god måte. Det er derfor foreslege å auke desse seksjonane med ei stilling kvar. Innan barnevern er det per i dag ei prosjektstilling som vi får dekkja frå fylkesmannen. Det er uklårt kor lenge vi beheld denne finansieringa.

Det er og foreslege å styrke fysioterapitenesta. Dette kjem mellom anna på bakgrunn av at Rådet for funksjonshemma har teke opp problemstillinga. Det er per i dag fleire månaders ventetid for alt unntatt nyopererte og små barn. Herøy fysikalske institutt har søkt om å få auka driftstilskot.

Herøy kommune har i dag 6,0 driftsavgifter for fysioterapeuter fordelt på 3,6 ved Herøy fysikalske institutt og 2,4 ved Myrvåg fysioterapi. I tillegg er det 1,0 kommunefysioterapeutstilling.

Kostratala syner at Herøy har lav fysioterapidekning. Herøy har 7,7 medan Møre og Romsdal har 8,6, og landet totalt har 8,8 fysioterapeuter pr 10.000 innbyggjarar.

Herøy kommune vil i åra framover få stadig fleire eldre med auka press på sjukeheimplassar. Det er god økonomi i å satse meir på fysioterapirehabilitering både i institutt og i heimen ved hjelp av systematisk trening som gir betre funksjon slik at den eldre vert lenger sjølvhjelp.

Herøy kommune og bedriftene i kommuna har relativt stort sjukefråver som krev både økonomiske og menneskelege ressursar frå både arbeidsgivar og arbeidstakar. Ved auka driftstilskot vil ein få auka kapasitet til behandling og forebygging. Dette vil gi kortare ventetid for sjukmelde. Det foreslåast å opprette to nye driftstilskot på hhv 60 og 40%. Dette utgjer ein årleg kostnad på kr. 397.000,-.

Oppreisningsordning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn vart handsama i kommunestyret og det var einigheit om å delta i den felles ordninga i Møre og Romsdal. Det går fram av saksutredninga at kommunen i løpet av ei treårs periode må rekne med ei utbetaling av om lag 1 mill. kr. For 2016 er det oppført kr. 300.000,-.

Miljøretta helsevern er eit område som kommunen ikkje har prioritert særskilt dei seinare åra. Det er mange forhold som skulle vert teke tak i, særleg viktig vil det vere å auka kompetansa innan dei teknisk hygieniske forholda.

I dei interkommunale ordningane kommunen er med vil ein på bakgrunn av erfaringstal måtte rekne med auka utgifter. Dette er utgifter kommunen i liten grad styrar sjølv. Dette gjeld særleg på bakgrunn av auka vaktberedskap og ny legevaktsformidling.

Gebyr ved vaksinasjonar settast opp slik at kommunen vert på linje med nabokommunane. Når det gjeld influensavaksine settast den opp med kr. 50,- til kr. 150,-. Talet på brukarar i risikograppa som vaksinerar seg vil ved denne auken kunne reduserast og det er beklageleg i

og med a vi allereide har ein låg vaksinasjonsprosent. Gebyret for reisevaksiner settast og opp.

Kommunen har vedteke å ta imot flyktningar og med den flyktningsituasjonen som er i Europa i dag vil det fort verte slik at det kan kome mange. Dette vil kunne verte utfordrande for avdelinga då vi per i dag ikkje har ekstra midlar til dette. Det er ein forutsetnad at midlar som kommunen får i samband med mottak verte fordelt på dei avdelingane som har utgifter. Dette kan både vert tolkeutgifter og utgifter til helsehjelp.

Når det gjeld barnevern er det i budsjettforslaget kun teke inn dei vedtaka vi er forplikta på i dag. Det kan fort verte slik at nye tiltak kjem som kommuna er forplikta til å dekkje. Det er og slik at refusjonen til statleg mynde for fosterheimopphald og institusjosopphald har auka mykje det siste året. Dette er det i mindre gra d teke omsyn til.

### **Særlege utfordringar i 2016**

Legesituasjonen vil også i 2016 vere utfordrande. Det er eit håp om at ein strategisk rekruteringsplan med konkrete tiltak vil kunne føre til stabilitet ved legesentra.

#### **Pensjonering**

Det er utfordrande at to stabile seksjonsleiarar sluttar i løpet av våren. Båe desse har gode kunnskapar og har vore i kommunen i mange år. Det vert utfordrande å erstatte desse, men vi har gode forventningar til at det vil vere mogleg.

#### **NAV som ein del av avdelinga**

Det er positivt at NAV vert ein del av avdelinga, særleg med tanke på arbeidet innan rus og psykiatri. Dette er eit område som vil kunne tene på å verte meir samordna med omsyn til førebygging og tiltak for dei som treng det.

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### Driftstiltak 1 – Oppreisningsordning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn

Kommunestyret har vedteke at kommunen skal slutte seg til ordninga og det må forventas at det kjem krav om oppreisning.

#### Driftstiltak 2 – Styrking av fysioterapitenesta

Det har over fleire år vore eit stort press på fysioterapitenesta i kommunen. Dette er og teke opp av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og av fysioterapeutane.

Samhandlingsreforma og endra praksis med omsyn til behandling og operasjonar har ført til eit auka press på tenesten.

### Driftstiltak 3 – Strategisk rekrutteringsplan - leger

Formannskapet har bede om ein strategisk rekrutteringsplan for legar. Eg har og i ein rekkje samanhengar omtala situasjonen innan legetenesta. Det er viktig at vi når får set i gang tiltak som kan gjere at vi får rekruttert og behalde faste legar i kommuna.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

Ingen særlege investeringstiltak i 2016.

Med helsing

Inger Marie Tofthagen





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Pleie- og omsorgsavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
21.09.2015

---

### BUDSJETTKOMMENTAR PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	125 488 611	129 880 095
Brutto driftsinntekter	-19 840 623	-20 445 849
Netto driftsramme	105 647 988	109 434 246
Avvik i kr. frå førre budsjettår	6 170 782	3 786 258
Avvik i % frå førre budsjettår	5,8%	3,45%

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Avdelinga har i år budsjettert lønsutgiftene på den som eig stillinga og ikkje vikaren, slik praksis har vore siste åra. Antal stillingsheimlar er vidareført frå 2015. Postane for vikar er marginale, men grunna tidvis ledig kapasitet greier ein å styre forbruket slik at ramma samla sett held. Ved fullt belegg må ein rekne med ein sprekk.

Fleire av mellomleiarane melder om periodevis behov for meir folk. Inntil vidare vert det leigd inn meir personale der det er nødvendig for å sikre ei fagleg forsvarleg drift. Denne måten å drive på er økonomisk lønsam inntil eit visst skjeringspunkt. Det er under stadig vurdering når dette fører til ei meirbelastning som gir dårleg kost/nytte. Dette må mellom anna vurderast i høve det aukande sjukefråværet.

Etter fleire år med aukande utgifter til overtid har eg valt å setje søkelys på dette for å synleggjere ei lita ønska utvikling. Dette heng saman med behovet for meir folk, og

lite tilgang på fagfolk som går ledige for å kunne steppe inn på kort varsel. Tiltaket er ikkje sett opp som eit av dei tre prioriterte. Ein ser det i samanheng med at avdelinga har fått eksterne midlar til eit prosjekt som arbeider med å etablere ei ordning med vikarbank. Ein vil prøve dette ut på Myrvåg sjukeheim, og målsettinga er å løyse noko av rekrutterings- og detidsproblematikken.

Samhandlingsreforma kom i 2012, og sidan då har vi erfart ytterlegare press på behov for fagkompetanse og eit auka forbruk på driftspostane. Dette har si årsak i meir kompliserte sjukdomsbilde, behov for meir prøvetaking, legetilsyn, medisinske forbruksvarer, og øvrige utgifter som fylgjer av dette og raskare pasientflyt.

I fjor var det sterkt søkelys på tidspress i heimetenestene. Dette er framleis ei aktuell problemstilling, men det vert ikkje fremja konkrete tiltak i denne samanhengen no fordi ein må sjå dette i samband med omorgansieringa som må gjerast i samband med omlegging av drifta frå sjukeheim til omsorgsbustad for gul avdeling. 2016 vil dermed gi ei oversikt over behovet, som vil vere klar til budsjettarbeidet for 2017. Dette vil også gjelde drift for nytt skjerma rom i tilknytning til blå avdeling frå 2017.

Driftsutgiftene til diverse forbruksvarer er underbudsjettet. Det er gjort mindre omposteringsar som går i null for å justere opp nokre postar, og det er sett opp ei lita oppjustering som nytt tiltak. Dette er eit steg i rett retning, men ikkje dekkande for behovet.

Etter avtale med økonomileiar er det lagt inn ein inntektspost på ansvar 3251 Myrvåg avdeling A for å dekke opp utgifter til øyeblikkelig hjelp døgn. Det er vanskelig å anslå kor mykje som går til plassane då dei er integrert i sjukeheimsavdelinga. Det er førebels gjort eit anslag på kr 500 000. 2016 er første året utan statstilskot, og ein må i løpet av året gjere ei vurdering på kostnadane.

### **Særlege utfordringar i 2016**

- Tilgang på kvalifisert fagpersonell. Spesielt korttids- og langtidsvikarar i turnus.
- Vi står overfor stadig større sammensette problemstillingar og krava til kompetanse aukar i takt med det. Eit medisinsk oppslagsverk er difor sett opp som eit nødvendig og prioritert tiltak.
- Redusert kapasitet i pleie- og omsorgsadministrasjonen gir store utfordringar med sakshandsaming, god pasientflyt og kapasitet til å følgje opp ekstra oppgåver som byggeprosjekt og liknande
- Byggeprosjekt gir ekstra press på nøkkelpersonell som må ta dette i tillegg til dagleg drift

- Planlegging av ny drift for gul avdeling inneber ein stor kabal for å plassere pasientar og personale på ein tilfredsstillande måte.
- Vidare implementering av helsenett og velferdsteknologi

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### Driftstiltak 1 – Samhandlingsreforma: auka driftsutgifter til pasientbehandling

Grunngjeving for prioritering: dette er pengar som går ut uansett. Prioriterer å styrke driftsbudsjettet då dette er underbudsjett

#### Driftstiltak 2 – Nye vedtak på BPA (brukarstyrt personleg assistent

Grunngjeving for prioritering: dette er pengar som vil gå ut uansett

#### Driftstiltak 3 – Medisinsk oppslagsverk og kursdatabase

Kvalitet og tryggleik heng nøye saman med kompetanse. Personalet treng å ha oppdatert informasjon tilgjengeleg til ei kvar tid

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

#### Investeringstiltak 1 – Vidareføring av post for utstyr på kr 200 000

Grunngjeving for prioritering: Det er behov for stadig fornying av utstyr til store kostnader

Med helsing

Pleie- og omsorgsavdelinga

Ragnhild Velsvik Berge  
Pleie- og omsorgsleiar







## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Bu- og habiliteringsavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
29.09.2015

### BUDSJETTKOMMENTAR 2016 - BU OG HABILITERINGS-AVDELINGA

Bu- og habiliteringsavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	49 079 264	52 313 242
Brutto driftsinntekter	11 212 700	12 722 134
Netto driftsramme	37 866 564	39 591 108
Avvik i kr. frå førre budsjettår		1 724 544
Avvik i % frå førre budsjettår		

#### **Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

Auken skuldast løn og prisvekst. Rammekuttet på 350.000,- for 2015 er i tillegg teken ut.

#### **Særlege utfordringar i 2016**

Oppfølging i høve å auke ar beidsnærveret i avdelinga. Det er elles meldt om at det mogleg kjem eit par nye innbyggjarar til Herøy som vil trenge tenesteoppfølging av bu- og habiliteringsavdelinga. Kva tid dette vil skje, og kva tenesteomfang det er snakk om er ikkje avklart. Dette får vi heller kome tilbake til, når vi veit meir.

#### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

##### Driftstiltak 1 – Driftsmidlar til ny omsorgsbustad, Toftestøvegen 11

Toftestøvegen treng eit minimum av driftsmidlar til utstyr, medisinske forbruksvarer, telefon, abonnement, lisensar, klegodtgjersle, pålagde køyreutgifter, kurs, straum og overtid. Kostnad 125.000,- Må-tiltak, då dette er pengar som vert utbetalt uansett.

### Driftstiltak 2 – Auke i betaling til andre kommunar

Bu- og habiliteringsavdelinga betalar for lovpålagde helse og omsorgstenester i ein annan kommune. Denne kostnaden har stege, utan at vi har budsjettkorrigert for det. Konto for betaling til andre kommunar må aukast med 100.000,-  
Må-tiltak, då dette er pengar som vert utbetalt uansett.

### Driftstiltak 3 – Oppretting av 4 årsverk i Kompetanseteam

Bu- og habiliteringsavdelinga vil løyse utfordringa med vikarbruk, ved å opprette 4 årsverk i eit eige Kompetanseteam. Teamet skal arbeide på tvers i bu- og habiliteringsavdelinga. Dette vil kome opp som ei eiga grunngjeve sak. Kostnad skal dekkjast inn via midlar vi uansett må bruke i arbeidsgivarperioda, og ved refusjon sjukeløn. Ønska tiltak, som kjem i eiga sak.

## **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

### Investeringsstiltak 1 – kjøp av Sampro, verktøy til individuell plan

Dataverktøy til koordinerande eining/koordinator for individuell plan. Herøy er ein av dei få kommunane i sjustjernenettverket som ikkje har dette. Verktøyet sikrar teieplikta på tvers av avdelingar og gjer det enklare for brukaren å få tilgang sin eigen plan. Det sikrar brukarmedvirkninga.

Eingongspris på ca 40 000,- for oppstart/opplæring. Årspris er 5 kr per innbyggjar, dvs 45.000,- kr per år. Det må i tillegg avsettast litt lønsmidlar til opplæring av over 50 koordinatorar, for dei som treng vikar i sitt fråver, ca 50.000,- Samla sum 151.000 fyrste året, og ca 45.000,- i åra etter det. Ønska tiltak.

Med helsing

Renathe Rossi-Kaldhol  
Bu- og habiliteringsleiar





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: NAV Herøy

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
31.08.2015

## BUDSJETTKOMMENTAR 2016

NAV Herøy ber om slik budsjetttramme for 2016:

### 3811 SOSIALTENESTA

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	10 338 003	9 406 541
Brutto driftsinntekter	- 461 533	- 455 158
Netto driftsramme	9 876 470	8 951 383
Avvik i kr. frå førre budsjettår		
Avvik i % frå førre budsjettår		

### Merknader til budsjettforslaget:

Postar knytt til teneste 233 *Anna førebyggjande helsearbeid* er teke ut av NAV sitt budsjett. Dette var til saman kr. 820 000, og utgjer hovuddifferansen på driftsutgiftene.

### 3851 FLYKTNINGTENESTA

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	4 620 046	9 806 082
Brutto driftsinntekter	4 903 435	- 9 980 217
Netto driftsramme	- 283 389	- 174 135
Avvik i kr. frå førre budsjettår		
Avvik i % frå førre budsjettår		

### **Merknadar til budsjettforslaget:**

Mottak av nye flyktningar er budsjettert i 0. Det er satt av 4 200 000 i inntekter og tilsvarende i utgifter. Dette då avdelinga ikkje veit kor mange vi greier å busette i 2016, noko som blant anna er avhengig av tilgjengeleg husvære.

### **3812 BARNEFATTIGDOM**

<b>Budsjettpost</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>
Brutto driftsutgifter		631 974
Brutto driftsinntekter		- 550 000
Netto driftsramme		81 974
Avvik i kr. frå førre budsjettår		
Avvik i % frå førre budsjettår		

### **Avdelinga har slike merknadar til budsjettforslaget:**

Dette er eit treårig prosjekt med miljøterapeut i vidaregåande skule. Prosjektet går inn i sitt siste år i 2016.

### **Særlege utfordringar i 2016**

Det er venta ei auke i arbeidsløysa. Dette vil føre til eit større press på tenestene til NAV-kontoret. Det er for tidleg å seie noko om konsekvensar, men særleg på to områder forventar vi :

- personar med låg utdanning eller dårleg helse eller som på anna vis ikkje har full arbeidsevne vil få det vanskelegare i ein pressa arbeidsmarknad. Dette vil i særleg grad ramme ungdom og flyktningar/innvandrarar.
- ein tøffare arbeidsmarknad vil kunne føre til ein auke i utbetalingar av økonomisk sosialhjelp for dei med svakast tilknytning til arbeidslivet.

Vi skal busette fleire flyktningar enn tidlegare. Det vil kunne føre til eit press på tenestene til fleire avdelingar. Det blir viktig at vi får til eit godt samarbeid avdelingane i mellom slik at integreringsarbeidet blir best mogleg.

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### Driftstiltak 1 – Integreringstiltak flyktningar

Flyktingtenesta ønskjer å setje i gang ulike tiltak for å integrere flyktningar i lokalsamfunnet. Det blir viktig å mobilisere lokalsamfunnet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltpersonar. Det er ikkje satt noko ramme for dette arbeidet,

men midlar vil bli utløyst etter dei busettingane og det integreringstilskotet kommunen får i løpet av året.

#### Driftstiltak 2 – Omorganisering av rustenesta

Frå 1. januar 2016 er NAV organisert som ei avdelinga under Barn-, familie- og helseavdelinga. Det er vedtatt ei ny organisering av rustenestene i kommunen. Det er ønskeleg organisere arbeidet i eit prosjekt, med ein eigen prosjektleiar i om lag 50 % ressurs. Kostandane blir dekkja av bundne fond som NAV har fått knytt til rusarbeid og oppfølgingsarbeid med dei vanskelagst stilte. Det er avklara med økonomiavdeling og revisor at dette er godkjent bruk av desse midlane.

#### Driftstiltak 3 – Aktivitetsplikt for mottakarar

Stortinget har vedtatt at det skal setjast som vilkår ei aktivitetsplikt for alle mottakarar av økonomisk sosialhjelp. Det er nokre unntak frå aktivitetsplikta, som må grunngjevast i kvar enkelt sak. Stortinget har ikkje vedteke frå når endringa skal gjelde, og vi veit heller ikkje om kommunane får ekstra midlar til å utvikle naudsynte tiltak. Dette vil vere ei lovpålagt oppgåve kor vi ikkje veit kostnadane, og det er ikkje lagt inn i budsjettet.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

NAV Herøy har ikkje investeringstiltak i 2016

Med helsing

NAV Herøy  
Berit Lyngstad  
Leiar



## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Kulturavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
29.09.2015

### BUDSJETTKOMMENTARAR 2016

Kulturavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	17 997 476	18 605 407
Brutto driftsinntekter	-9 475 644	-9 501 336
Netto driftsramme	8 521 832	9 104 071
Avvik i kr. frå førre budsjettår		582 239
Avvik i % frå førre budsjettår		

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Tala i budsjettforslaget inneber ei auke på kr. 582 239 som i si heilheit er realtert til prisauke.

#### Særlege utfordringar i 2016

- 4011 kulturkontor. 50 % redusert bemanning på kulturkontoret grunna pensjonsavgang.
- 4062 konserthus. Begrensa erfaring etter eit års drift, kombinert med ytterleg forventta auka i arbeidsledigheita inneber usikkerheit knytt til kva innbyggjarane våre kan/er villige til å bruke av pengar på kulturføremål, inneber at inntektene ikkje er føreslått endra.

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### **1. Auka fast løyving til 4062 Kino og kiosk**

Fosnavåg kino har i perioden frå start til d.d. hatt ein 110 % fast stillingsheimel til å betene kino og kiosk. Det er pr. d.d. tilsett kioskansvarleg i 100 % fast stilling. Dei resterande 10 % er vakant. I tillegg er det tilsett fire medarbeidarar i midlertidige tilsetjingar tilsvarande ca. 15 % stilling kvar (totalt 60 %) for å betene drifta av kino og kiosk.

Erfaring frå fyrste driftsår med kinotilbod kvar dag unnateke måndagar, viser eit samla behov for 160 % stillingsheimel. 110 % eksisterande + 50 % ny. Evt. timebruk ut over dette kjem i tillegg.

Med bakgrunn i dette vert det føreslått etablering av eit nytt fast driftstiltak med totalt 160 % stillingsheimel knytt til ansvaret.

#### **2. Auka løyving til 4021 Herøy Frivilligsentral**

Styret ved Herøy Frivilligsentral søker om ekstra driftstilskot på kr. 25 000.

Grunngjevinga er at sentralen har stor aktivitet for heile befolkninga i Herøy, og at denne aktiviteten er med på å auke kommunen sin sosiale kapital.

Sentralen har i mange år drive med minimale ressursar og ynskjer no større handlefridom i drifta og på den måten utnytte dei ressursane som vert skapt i og rundt sentralane endå betre.

For 2015 mottok sentralen eit ekstra driftstilskot på kr. 25 000.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

#### **1. Innkjøp av møblar og utstyr til 4041 Kulturhuset**

Mykje av inventaret ved kulturhuset er gammalt og treng fornying. I 2014 vart det vedtatt å dele ein samla investeringspott over to år, og for 2015 er det gjort investeringar til bord, kaffimaskin, audiovisuelt utstyr og lagerrom slik planlagt.

For 2016 er det behov for å fortsetje investeringane med bord (rest), kvitevarer og inventar kjøken og møblar til vestibyle.

Samla behov for innkjøp av møblar og utstyr er sett til kr. 250.000 i 2016.

#### **2. Overføring av restmidlar frå 2015 for vidareføring av ordning med tilskot til skilting og merking av turstiar i Herøyfjella, 4011 Kulturkontoret**

Lag og foreiningar har dei siste åra merka fleire turstiar, og det er behov for å



fortsette arbeidet med merking av turstiar i Herøyfjella. Merkearbeidet er eit viktig folkehelseiltak for auka bruk av naturen.  
Overføring av restmidlar frå 2015 til 2016.

Med helsing

Kulturavdelinga  
Eileen Gjerde  
Kulturleiar

---

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

*a-båteingd fore*





**BUDSJETTKOMMENTAR 2016**

Budsjettramme, ansvar 5011, for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	8 676	9 128
Brutto driftsinntekter	-2 884	-2 915
Netto driftsramme	5 792	6 213
Avvik i kr. frå førre budsjettår	-1199	421
Avvik i % frå førre budsjettår		+6,77%

Budsjettramme, ansvar 5061,5062,5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132 for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	39.790	41.092
Brutto driftsinntekter	-23.830	-24.334
Netto driftsramme	15.960	16.757
Avvik i kr. frå førre budsjettår	-1.280	797
Avvik i % frå førre budsjettår	-7,42%	+4,75%

**Nye utviklingsavdelinga:**

Budsjettramme, ansvar 5011,5061,5062,5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132 for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	48466	50 220
Brutto driftsinntekter	-26714	-27 429
Netto driftsramme	21752	22 970
Avvik i kr. frå førre budsjettår		1218
Avvik i % frå førre budsjettår		+5,3%

## **Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

Det er lagt inn forslag om å auke inntektene ved å auke feieavgift, avløpsavgift, slamavgift, byggesaksgebyr, oppmålingsforretningar, plan og dispensasjonar. Dette vert lagt fram som eige saker i budsjettbehandlinga.

Det er ikkje lagt inn nye tiltak for område 50.

Det er inn følgjande nye tiltak for område 51:

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

#### Driftstiltak 1 – Opplæring/kurs brannvernet

I samband med opplæring av mannskap er det no eit stort behov for gjennomføring av lovpålagde kurs i form av både grunnkurs, beredskapskurs for befal og førebyggjande mannskap i tillegg til røykdykkarkurs. Dersom kursing ikkje vert gjennomført vil ein ikkje kunne gjennomføre lovpålagde oppgåver og beredskapsnivået vil måtte senkast.

#### Driftstiltak 2 – Arbeidstøy(brannmannskap)

Gjeld tøy og personleg verneutstyr til 5 røykdykkarar. Dette er spesialtøy som til for at det skal kunne gjennomførast røykdykking.

#### Driftstiltak 3 – nødnett

Gjeld abonnentskostnader og lisensar til nytt nødnett. (Telefon- og VHF-ugifter i tilknytning til gml. varslingsystem vert redusert.)

## Forslag til investeringstiltak i 2016 og økonomiplanperioda

Namn/år	2016	2017	2018	2019	2020->
4: Arkeologiske utgravingar. Årleg generell løyving 2016	x	x	x	x	
11: Byutvikling Fosnavåg 2016	x				
16: Dreneringstiltak byggefelt 2016	x				
9: Fosnavåg hamn - Miljømudring 2016	x				
6: Grunnkjøp 2016	x	x	x	x	
14: Kloakkrammeplan 2016	x	x	x	x	
18: Leikanger skule. Tilkomst/snuplass/parkering 2016	x				
42: Leine, Runde og Trolldalen 2 (Byggefelt) 2015	x				
20: Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygging- 2016	x	x			
3: Myrabakken bustadfelt, Moltu - opparbeiding av tekniske anlegg 2016	x				
43: Ny bru Herøy Gard 2015	x				
15: Opparbeiding - Almenningen (ytre)	x				
7: Scanning av byggesaksarkiv 2014 2015 2016	x				
8: Skarabakken - utbedring 2014 2015	x				
30: Trafikktrygging 2016	x	x	x	x	
21: Veglys - utskifting av gamle linjer 2016	x	x			
22: Vike-Toftedal - restopparbeiding tekniske anlegg	x				
5: Frøystadtoppen - planfri kryssing 2016	x				
46: Dragsund - etablering av næringsområde			x	x	
49: Dragsund bustadfelt		x			
48: Eggesbønes - ny vegarm					x
45: Eggesbønes, tilrettelegging industriområde		x			
19: Kvalsund bustadfelt - avskjerande drengroft 2016		x			
47: Moltu - etablering av ny vegtilkomst				x	x
50: Ny Bergsøy skule - infrastruktur		x	x		
41: Ny utvida bru og steinfylling til Vågsholmen 2015		x			
44: Nørvåg, oppgradering og etablering av fortau m.v		x			

### Eksterne prosjekter

Ubrukte midler frå tidlegare år overføres til 2016

### Dei 5 viktigaste investeringstiltaka i 2016

Investeringstiltak 1 – Opparbeiding almenningen  
Ferdigstille området i sentrum

Investeringstiltak 2 – Myrabakken bustadfelt  
Grunnkjøp og reguleringsplan er ferdig og feltet er klar for utbygging.

### Investeringsiltak 3 – Leikanger, parkering og snuplass

Prosjektet bør følgje EIG sine planar om utviding av Leikanger skule komande år.

### Investeringsiltak 4 – Fosnavåg hamn

Ligg inne ein liten post på midlar i samband med tilrettelegging for miljømudring. Kostnaden er meint å dekke utredningar og konsulentbistand. Evt. midlar til utbygging kjem først i 2017.

### Investeringsiltak 5 – Skarabakken

No er prosjektet rekna til om lag 24 mill. kr – dvs. 5 mill. kr meir enn i vedtatt investeringsprogram. Kommunen må rekne med å måtte forskottere alle påløpte kostnader på prosjektet etter kvart, og at refusjonen vil kome i 2017 og 2018. Kor stor del av refusjonen som vert utbetalt kvart år, er vanskeleg å seie eksakt, men kommunen bør ikkje rekne med at det blir refundert meir enn 10 mill. kr i 2017. Dvs. ein må truleg auke forskotteringsbeløpet med 5 mill. kr.

## **Særlege utfordringar i 2016**

Dagens struktur med utviklingsavdeling og anlegg- og driftsavdeling opphøyrer og frå 1.1.2016 er desse avdelingane samla i **nye** Utviklingsavdelinga.

Dette medfører naturleg nok ein del arbeid med å sy organisasjonen saman slik at overgangen skjer smidig og så effektiv som mulig. I samband med etablering av den nye avdelinga er vakante stillingar lyst ut og det er tilsett 3 nye personar som går inn på sentrale posisjonar i avdelinga. Innføring og opplæring vil vere naudsynt på enkelte områder, men ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til det komande året.

For nye utviklingsavdelinga vil ein vere opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på og ha særskilt fokus på å avslutte «gamle» prosjekt snarast råd.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei avgrensa ressursane som ligg i budsjettamma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå.



## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Eigedomsavdelinga

Saksnr  
2015/1137

Arkivkode  
150

Dato  
08.09.2015

### BUDSJETTKOMMENTAR 2016 - EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsavdelinga ber om slik budsjetttramme for 2016:

Budsjettpost	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Brutto driftsutgifter	32 868 662	34 833 503
Brutto driftsinntekter	15 593 040	14 865 503
<b>Netto driftsramme</b>	<b>17 275 622</b>	<b>20 017 260</b>
Avvik i kr. frå førre budsjettår		2 741 638
Avvik i % frå førre budsjettår		16 %

#### Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:

Inntektsgrunnlaget er redusert frå kr. 12 400 000,- i 2015 til kr. 11 674 200,- i budsjett 2016:

- Bortfall av inntekter frå utleige av bassenget ved Stokksund skule til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS utgjer ein inntektssvikt på kr. 500 000 årleg.
- Inntekter frå utleige av Fristadbygget er i budsjettet satt lik faktiske husleigeinntekter. Dette inneber årlege inntekter på kr. 1 400 000,-, ein reduksjon på kr. 700 000 samanlikna med budsjett 2015.
- Inntekter frå utleige av utleigebustadar er justert opp i tråd med inntektene frå Toftestøvegen 11 samt mindre oppjusteringar av husleigesatsane for

eksisterande bygg. Totalt er inntektsposten auka med kr. 300 000 til kr. 8 500 000,- samanlikna med 2015.

### **Særlege utfordringar i 2016**

Det er ikkje pårekeleg med auka inntekter for avdelinga i komande budsjettår.

Netto driftsramme for avdelinga inneber at løyvingane til planlagt vedlikehald gradvis vert spist opp av kostnadsvekst generelt, herunder lønskostnader. Avdelinga har difor meldt inn 3 driftstiltak i budsjettet, sjå nedanfor.

### **Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2016**

Eigedomsavdelinga prioriterer slik:

1. Fast 100 % stilling som byggdriftar
2. Auke løyvinga til planlagt vedlikehald med kr. 3 mill.
3. Auke løyvinga til løpande byggdrift med kr. 500 000,-.

Grunngjeving og talgrunnlag for det einsskilte tiltak er registrert inn i Arena saman med andre tiltak av lågare prioritet.

### Særleg om vedlikehaldsplan

Utkast til vedlikehaldsplan for 2016 fyl som vedlegg 1 til budsjettkommentarane.

Vedlikehaldsplanen fokuserer særleg på vedlikehald av fasader og føreset ei samla løyving til vedlikehald i 2016 på kr. 6 400 000,-, sjå driftstiltak 2 ovanfor.

Av omsyn til kommunens forhandlingsposisjon ved kontrahering av utførande, syner ikkje vedlagte plan budsjetterte kostnader pr. tiltak.

### **Dei 3 viktigaste investeringstiltaka i 2016**

Eigedomsavdelinga prioriterer slik:

1. Ny barneskule på Bergsøy
2. Ny driftsbase på Eggesbønes
3. Ombygging og oppgradering av Nedre Dragsund 2 - Fristadbygget

Grunngjeving og talgrunnlag for det einsskilte tiltak er registrert inn i Arena saman med andre tiltak av lågare prioritet.



Med helsing

Eigedomsavdelinga  
Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

---

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647 11 04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

*Herøy kommun*





# HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

## UTSKRIFT

frå

## M Ø T E B O K

---

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	30/15	151	21.09.2015

---

### SAK 30/15 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2016

#### Saksopplysningar

Styret for Vest kontroll vedtek selskapet (samarbeidet) sitt budsjett. Når vedtak er fatta vert melding om kommunen sitt tilskot sendt rådmannen, som legg dette inn i kommunen sitt budsjett. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

I tillegg til budsjett for sekretariat er det nødvendig at kontrollutvalet, som utval, har sitt eige budsjett som skal dekke: Opplæring/kurs, litteratur m.m.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv bl.a. dette i Kontrollutvalsboka (2011) om opplæring:

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nytting at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»  
For å få tilstrekkeleg opplæring er det nødvendig at det vert løyvd midlar.

Hausten 2015 vil eit nytt kontrollutval vere valt på i konstituerande kommunestyremøte (nye valreglar for kontrollutval frå valet 2015). Dette inneber at opplæringa kjem i gong hausten 2015 og vil også gå vesentleg inn i 2016. Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2016 på same nivå som vart lagt fram for 2015, kr 40.000.

For større særskilde tiltak/saker (som gransking, større forvaltningsrevisjonar) må framleis hovudregelen vere at kontrollutvalet først går til kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar til formålet.

Viser til Kontrollutvalsboka som er utgitt av Kommunaldepartementet i 2011 side 25:

«Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.


Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.»

#### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minimum kr 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjettet for 2016. Leiar og møtegodtgjersle må kome i tillegg.

#### **Rett utskrift**

Åram, 23. september 2015

  
Ida Birgitte Marholm  
Sekretær

**Utskrift til: Kommunestyret for behandling**  
**Saka skal følgje kommunen sitt budsjett for 2016 fram til kommunestyret**



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

Økonomileiar  
Herøy kommune

her

DATO:24.09.15  
ARKIV:112  
REF.:

## HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2016 ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING

Etter Lov om Den norske kyrkje § 15 har kommunen visse økonomiske plikter til å løyve midlar slik at fellestråda kan drifte, vedlikehalde og utvikle kyrkjekontor, kyrkjer og gravplassar. Etter same paragraf er det kyrkjeleg fellestråd som vedtek sitt eige budsjett, medan det er kommunestyret som gjennom budsjettvedtak som i hovudtrekk løyver midlar til fellestrådet.

### Driftsbudsjett 2016

Etter informasjon frå økonomileiar skal fylgjande premisser ligge til grunn for den administrative framskrivinga av driftsbudsjettet for 2016:

- Avsetjing til KLP er 16,5% av pensjonsgrunlaget
- Arbeidsgjevaravgift 10,6%
- Personforsikring kr. 800 p.r. tilsett
- 2% prisvekst på driftskostnadene
- 3% lønsvekst basert på lønsnivået august 2015

Det vert informert om at det mest truleg vert kutt, og at det ikkje skal leggjast inn nye tiltak.

Utgifter til løn skal vere knytt til oppretta stillingsheimlar, ein skal ikkje budsjettere med vikarløn eller sjukerefusjonar.

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon har enno ikkje utarbeidd sitt rundskriv til fellestråda og ein veit soleis ikkje noko om spesielle utfordringar som dei vil drøfte. Framlegg til statsbudsjett er helle ikkje kjent, men ein ventar ikkje store endringar som gjev direkte konsekvensar for Herøy kyrkjelege fellestråd. Det knyter seg likevel stor spaning korleis kyrka skal verte finansiert i framtida og det ligg no føre ei høyring vdk. framtidig finansieringsordning.

Budsjettet som fylgjer vedlagt er utarbeidd i tråd med rådmannen sitt rundskriv.

Ein har brukt budsjett-tal 2015 som utgangspunkt.

For året 2014 var overføringa frå Herøy kommune til Herøy kyrkjelege fellestråd kr. 5 850 000, for budsjettåret 2015 var løyvinga kr. 6 110 000, noko som utgjer ei auke på kr 260 000. Det er viktig å merke seg at i budsjettet 2015 er det teke inn **kr. 198 000 i bruk av egne fond!** I tillegg til auken i

Kyrkjeverja i Herøy

adm framskriving hk 2016

Postadresse:  
Kyrkjekontoret i Herøy  
6090 Fosnavåg

E-post: kyrkjeverja@heroy-kyrkje.no

Telefon:  
70 08 02 60  
Telefaks:  
70 08 02 61

overføringa på kr. 260 000 frå Herøy kommune til Herøy kyrkjelege fellesråd har ein altså tilført inntekt på kr. 198 000. Dette betyr at fellesrådet, dersom det skulle halde oppe driftsnivået frå 2014 hadde hatt behov for kr. 260 000 + kr. 198 000 = kr. 458 000. Om ein skal halde oppe driftsnivået frå 2014 også i 2016 vil det verte eit «hopp» i tilskottet frå Herøy kommune på kr. 683 000 frå budsjettåret 2015. I denne diskusjonen er det viktig å sjå på at Herøy kyrkjelege fellesråd motteke kr. 618 000 i statlege midlar til trusopplæring samt kr. 340 000 frå Herøy sokneråd til løn ungdomsarbeidar.

På bakgrunn av at Herøy kommunestyre ikkje fatta vedtak i sak om tildeling av økonomisk ramme for fellesrådet si drift 2015 før i juni 2015, så var det ikkje mogleg for fellesrådet å redusere drifta si med kr. 198 000 på 6 mnd. Difor fatta fellesrådet vedtak om at ein måtte finansiere opp drifta med bruk av eigne fond med kr. 198 000. Ein konsekvens av dette vart altså at ein allereie i 2015 «mangla» kr. 198 000 for å vidareføre drifta på 2014 nivå. Når ein no skal utarbeide budsjett for 2016 vil gapet i kommunale midlar som skal til for å halde drifta på 2014 nivå verte enda større.

Når ein nærmar seg slutten på inneverande budsjettår vil det verte klart i kor stor grad rekneskapen 2015 vil gå i balanse, eller om det vert under/overskott. På bakgrunn av at fellesrådet sin økonomi ikkje vart avklart innafor ei akseptabel tidsramme har det uansett vore drifta svært nøkternt, og alle utgifter som ikkje har vore absolutt naudsynte har vore lagt på vent.

Herøy kyrkjelege fellesråd mottek no ei viktig statleg overføring til Trusopplæring. For budsjettåret 2016 vil ein motta kr 618 000 kroner i slikt tilskott, av desse midlane vert kr. 533 000 brukt til lønsmidlar, og det resterande beløpet kr. 85 000 vert brukt til driftsutgifter innafor dette arbeidsfeltet. I fellesrådet sitt budsjett for 2016 er det vidare lagt inn overføring frå Herøy sokn på kr. 340 000 som er refusjon av alle lønsmidlane på 70% stilling knytt til barne- og ungdomsarbeid i Herøy sokn.

Kommunestyret har vore løpande orientert om fellesrådet sin økonomiske situasjon i 2015 gjennom fellesrådet sine budsjettkontrollar. Budsjettkontroll no i september syner at ein samla sett ligg innafor forventa forbruk, men sidan det er att 3-4 månader med drift der vi kan pårekna både høge straumrekningar og forbruk på brøyting vil det framleis vere vanskeleg å vite utfallet av driftsåret.

Samla sett, utan at det er teke høgde for nye tiltak gjev dette eit behov for 6 790 000 kroner i overføring frå Herøy kommune.

### Nye tiltak

Dei siste åra har det «dyraste» nye tiltaket (ønskeliste) vore midlar til trusopplæringstilling samt diakon. Sokneråda i Herøy fekk i 2015 overført kr. 618 000 i midlar frå kyrkjerådet til finansiering av trusopplæring. Denne saka er soleis løyst, og ein står då att med det som har hatt 2. prioritet; midlar til diakon som er utadretta omsorgsarbeid knytt til besøksteneste i kommunen vår. Vi veit at det rundt i nærmiljø og nabolag sit mange einsame i alle aldrar som av ulike grunnar ikkje deltek i det sosiale livet. Det er mange ulike grunnar til at desse er einsame og dei er alle i ulike livsfasar, men felles for dei alle er at dei ville ha stor hjelp av å få besøk med jamne mellomrom av eit menneske dei har tillit til. Ei slik besøksteneste vil gje rask og god hjelp i høve til at det mennesket som motek besøk får auka sin livskvalitet, på sikt vil ei slik besøksteneste også kunne gjere desse menneska meir sjølvhjelpne og truleg redusere behovet for anna hjelpetenester frå det offentlege. Vi kjenner til at einsemd kan gje sjukdom og psykiske lidningar, besøksteneste vil då på same måte kunne vere med å redusere kjensla av å vere einsam og dei følgjene det gjev.

Vidare bør fellesrådet no satse meir på rusførebyggjande ungdomsarbeid i å legge til rette for at det kan verte drive godt og rusførebyggjande ungdomsarbeid i Herøy kyrkje/Ungdomsavdelinga. Herøy kommune er allereie inne og støttar stillinga som ungdomsarbeidar med kr. 100 000. Denne stillinga er no utvida til 70%, og vedkomande i denne stillinga driv ungdomsklubben «Fredagstreffet» som er eit rusfritt lavterskeltilbod for ungdom (einaste) i Herøy kvar fredag. I tillegg driv ho «Open barnehage» som er eit lavterskeltilbod for foreldre og barn på dagtid i Herøy kyrkje. Vidare driftar ho 2 fritidsklubbar for barn i aldersgruppa 3-5. klasse og 7. klasse på ettermiddagstid i Herøy kyrkje.

I løpet av ei veke vert det gitt tilbod til svært mange barn og ungdom i Herøy, og no i veke 38/39 var det ca. 40 ungdomar på fredagstreff, 40 stk 7. klassingar på fritidsklubben High Five (torsdag ettermiddag) og 10 mødre/fedre med barn på Open barnehage. Dette er gode, sosiale møtestadar som gjev mange menneske ei base i kvardagen, og dette arbeidet bør kommunen hjelpe å vidareutvikle. Det er no ynskeleg at kommunen aukar sin økonomiske del i dette arbeidet frå kr. 100 000 til kr. 200 000.

Dei siste åra har ein også beskrive behova for branntryggingstiltak i Indre Herøy og Leikanger kyrkje. Desse kyrkjene har gamle elektriske anlegg og vi har påbod om merking og utbetring av rømningsvegar. Samla vil det vere behov for kr. 100 000 til desse tiltaka, dette er aktualisert ved at det no er varsla nye branntilsyn i desse bygga.

Herøy kyrkje vart teken i bruk vinteren 2003. Det har ikkje vore utført særleg vedlikehald av kyrkja på desse 12 åra, og det er no behov for m.a. utvendig maling av kyrkja, og ein ynskjer å få sette av kr. 75 000 kroner til vedlikehald.

Dei siste åra har ein jobba for å auke vedlikehaldet på gravplassane, dette tiltaket er ønska vidareført i 2016 med ei auke på kr, 50 000. (ikkje med i budsjettframskrivinga). Sidan 2008 har vi utvida Flusund gravplass, Remøy gravplass og Moltu gravplass med ca. 5 mål. Dessverre har det ikkje vore teke høgde for dette i driftsbudsjett i form av auka rammer til grøntvedlikehald som plenslått og anna vedlikehald, dette fører til at vedlikehaldet vert dårleg. Dei nemnde utvidingane har heva standarden på anlegga svært mykje, men dette vert forringa dersom vi ikkje har midlar til å beskjere tre og buskar samt bytte ut planter som vert øydelagt. På denne bakgrunn er det naudsynt å auke løyvingane til dette driftsområdet.

### **Avslutting**

Kyrkjeverja si administrative framskriving av fellesrådet sitt budsjett vert med dette oversendt administrasjonen i Herøy kommune for vidare arbeid. Herøy kyrkjelege fellesråd skal i sitt møte 23.09.15 handsame budsjettet 2016 for 1. gong

Fosnavåg, 24.09.15

  
Marit Sævik Leinebø  
Kyrkjeverje

# BUDSJETT 2016 adm utkast

24.09.15

Konto	Konto (T)	Forbruk 311214	Budsjett 2014	Forbruk %	Budsjett 2015	Forbruk 170915	Forbruk %	Budsj 2016
30100	Fastlønn	kr 3 262 563,00	kr 2 970 000	110	kr 3 990 000	2 720 950	68	kr 4 165 000
30108	Pensjonsgjevande tillegg	kr 44 277,00	kr 30 000	148	kr 45 000	27 181	60	kr 45 000
30200	Vikarar	kr 207 268,00	kr 69 000	300	kr 70 000	62 131	89	kr 70 000
30209	variable tillegg vikarar	kr 88 602,00	kr 90 000	98	kr 60 000	73 551	123	kr 80 000
30300	Ekstrahjelp	kr 45 904,00	kr 50 000	92	kr 10 000	13 083	131	
30508	Diverse lønsutbetaling	kr 37 819,91	kr -			24 750		
30800	Godtgjersle folkevalde	kr 35 800,00	kr 60 000	60	kr 40 000			kr 60 000
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	kr -	kr 3 000	0	kr 5 000			kr 5 000
30900	Pensjonsskott	kr 432 180,00	kr 470 000	92	kr 690 000	477 133	69	kr 730 000
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelevforsik	kr 10 725,00	kr 35 000	31	kr 11 000	9 550	87	kr 10 000
30990	Arbeidsgjevaravgift	kr 439 498,84	kr 400 000	110	kr 500 000	385 696	77	kr 545 000
	<b>Sum løn</b>	<b>kr 4 604 637,75</b>	<b>kr 4 177 000</b>	<b>110</b>	<b>kr 5 421 000</b>	<b>3 794 025</b>		<b>kr 5 710 000</b>
31000	Kontormateriell	kr 11 341,67	kr 10 000	113	kr 12 000	4 523	38	
31002	Abonnement aviser og faglitteratur	kr 3 996,80	kr 4 000	100	kr 4 000	6 276	157	
31100	Aktivitetsrelatert forbruksmaterie	kr 211 376,32	kr 80 000	264	kr 90 000	14 664	16	
31151	Servering møter, kurs, representas	kr 16 116,59	kr 15 000	107	kr 15 000	15 850	106	
31200	Anna forbruksmaterie	kr 73 159,01	kr 25 000	293	kr 70 000	57 008	81	
31201	Arbeidskle	kr -	kr 3 000	0	kr 3 000	10 236	341	
31202	Velferdstiltak	kr -	kr 6 000	0	kr 6 000	516	9	
31208	Diverse utgifter	kr 370,00	kr -		kr -			
31300	Post, banktenester, telefon	kr 43 034,10	kr 30 000	143	kr 30 000	36 134	120	
31301	Telefoni	kr 12 149,18	kr 25 000	49	kr 12 000	11 566	96	
31400	Annonser, reklame, informasjon o	kr 28 054,80	kr 75 000	37	kr 20 000	16 360	82	
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgaveplik	kr 40 309,74	kr 25 000	161	kr 31 000	3 125	10	
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje opp	kr -	kr 10 000	0	kr -			
31600	Reiseutgifter, oppgavepliktige	kr 118 356,46	kr 100 000	118	kr 110 000	75 588	69	
31700	Reiseutgifter, drift av egne transpo	kr 13 844,40	kr 6 000	231	kr 14 000	9 417	67	
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig	kr 6 945,66	kr 20 000	35	kr 7 000	3 769	54	
31800	Energi	kr 324 863,95	kr 350 000	93	kr 330 000	125 986	38	
31850	Forsikringar, vakttenester	kr 98 067,46	kr 85 000	115	kr 100 000	107 212	107	



## Økonomiplan 2016-2019 Investeringsbudsjett 2016

Nr	Tiltak	2 016	2 017	2 018	2 019
1	Utviding Kvalsund gravplass	2 500 000	1 000 000		
2	Utviding Leikanger kyrkjegard			1 500 000	1 500 000
3	Branntryggingstiltak i Indre Herøy og Leikanger kyrkje	100 000	100 000		
4	Fleire graver Flusund gravplass		100 000	200 000	1 500 000
	<b>Sum</b>	<b>2 600 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 700 000</b>	<b>3 000 000</b>

### NYE TILTAK 2016

Diakon	kr	500 000
oppdrapping Herøy kommune sin andel rusfritt ungd arb	kr	100 000
Vedlikehald Herøy kyrkje	kr	75 000
Auka vedlikehald gravplassar	kr	50 000
Sum	kr	725 000



Konto	Konto (T)	Forbruk 311214	Budsjett 2014	Forbruk %	Budsjett 2015	Forbruk 170915	Forbruk %	Budsjett 2016
37500	Refusjon frå sokneråd	kr -358 404,91	kr -320 000	112	kr -360 000			kr -340 000
37700	Refusjon frå andre	kr -12 696,00						
38000	Refusjon frå bispedømeråd Trusof	kr -460 975,00			kr -618 000	-392 035	63	kr -618 000
38300	Tilskot frå kommunen/ kommunal	kr -5 880 000,00	kr -5 850 000	101	kr -6 110 000	-4 950 000	81	kr -6 513 000
39000	Renteinntekter	kr -11 550,00	kr -30 000	39	kr -10 000			
	Sum inntekter	kr -7 575 348,74	kr -6 964 000		kr -7 906 000	-5 574 535		kr -8 049 000
	Sum utgifter	kr 7 668 599,26	kr 6 964 000		kr 8 104 000	5 066 234		kr 8 049 000
	Bruk av fond	kr 93 250,52			kr 198 000			kr -

Konto	Konto (T)	Forbruk 31.12.14	Budsjett 2014	Forbruk %	Budsjett 2015	Forbruk 170915	Forbruk %	Budsj 2016
31900	Leige av lokaler og grunn	kr 1 200,00	kr 2 000	60	kr -			
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	kr 118 629,91	kr 100 000	119	kr 110 000	105 002	95	
31951	Lisenser/ serviceavgifter	kr 22 312,00	kr 65 000	34	kr 23 000			
32000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel	kr 189 316,46	kr 160 000	118	kr 190 000	49 440	26	
32100	Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	kr 106 057,60	kr 95 000	112	kr 110 000	88 446	80	
32200	Leige av driftsmiddel	kr -	kr 14 000	0	kr -	6 468		
32300	Vedlikehold, byggetenester og nybygg	kr 50 044,98	kr 80 000	63	kr 50 000	23 507	47	
32301	Vedlikehold grøntanlegg	kr 360 502,40	kr 280 000	129	kr 250 000	190 366	76	
32301	Vedlikehold grøntanlegg, drenering Flusund							
32400	Serviceavtaler og reparasjonar	kr 55 619,20	kr 27 000	206	kr 32 000	38 611	121	
32500	Materiale til vedlikehold, påkosting	kr 33 536,23	kr 60 000	56	kr 34 000	14 106	41	
32650	Vakthald og vektarreneste, alarm- og tenester	kr 26 172,54	kr 35 000	75	kr 27 000	25 410	94	
32700	Andre tenester (som inngår i eiger)	kr 208 755,20	kr 160 000	130	kr 210 000	32 181	15	
335000	Refusjon til sokneråd	kr 59 455,49						
	<b>Andre driftsutgifter</b>	<b>kr 2 233 588,15</b>	<b>kr 1 947 000</b>	<b>115</b>	<b>kr 1 890 000</b>	<b>1 071 767</b>	<b>57</b>	<b>kr 1 930 000</b>
34290	Meirverdiavgift som gir rett til moms	kr 408 074,83	kr 420 000	97	kr 380 000	194 754	51	kr 480 000
	<b>Sum mva som gir rett til momskomp.</b>				<b>kr 380 000</b>	<b>194 754</b>		<b>kr 480 000</b>
34700	Gåver til andre	kr 400,00						
34702	Div. øre/kroneavrunding - øre/kroner	kr 130,83				1		
35000	Renteutgifter	kr 21 063,00	kr 20 000	105	kr 13 000			kr 9 000
35001	Morarenter	kr 704,70	kr -			5 688		
35100	Avdragsutgifter	kr 400 000,00	kr 400 000	100	kr 400 000			kr 400 000
	<b>Renter/avdrag</b>	<b>kr 421 767,70</b>			<b>kr 413 000</b>	<b>5 689</b>		<b>kr 409 000</b>
36200	Sal av varer og tenester, gebyr med mva	kr -3 525,00	kr -50 000	7	kr -50 000			kr -50 000
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	kr -2 375,00	kr -8 000	30	kr -8 000	-900	11	kr -5 000
36202	Trekk frå ansatte	kr -2 607,00	kr -			-2 261		kr -3 000
36300	Husleigeinntekter/ utleige av lokaler	kr -96 217,00	kr -56 000	172	kr -70 000	-26 088	37	kr -40 000
36400	Festeavgift	kr -320 000,00	kr -230 000	139	kr -300 000	-6 070	2	kr -200 000
37100	Sjukelønsrefusjon/ refusjonar frå trosskyldige	kr -18 924,00	kr -		kr -	-2 428		kr -
37290	Kompensasjon moms påløpt i drift	kr -408 074,83	kr -420 000	97	kr -380 000	-194 754	51	kr -280 000

## Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1, Reviderte tall per 26.06.2015

[Vis denne tabellen i statistikkbanken](#)

[Vis rettelogg](#)

		1515 Herøy	Kostragruppe 08	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet	
		2014	2014	2014	2014	2014	
<b>Finansielle nøkkeltall</b>							
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-6,9	0,5	0,2	0,4	0,3	
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-6,9	0,7	-0,1	1,0	1,0	
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	49 586	46 768	49 412	48 610	49 371	
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	227,5	216,6	219,3	210,6	203,1	
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,3	14,5	13,9	14,3	11,5	
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	Kroner	68 208	53 487	53 316	50 139	40 972	
<b>Prioritering</b>							
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	Kroner	132 674	122 770	130 604	128 579	129 751	1
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) per innbygger 6-15 år	Kroner	95 978	97 966	103 483	101 210	103 045	1
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	Kroner	2 380	2 174	2 296	2 317	2 285	
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	Kroner	15 635	14 135	18 315	16 409	16 089	
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	Kroner	2 284	2 796	2 355	3 137	3 504	
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	Kroner	6 835	7 740	7 586	7 986	8 021	
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	Kroner	4 390	3 796	4 377	4 219	3 943	
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Prosent	94,2	90,0	92,5	90,9	90,2	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	Prosent	5,8	8,6	8,7	8,1	8,0	
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	14,3	9,8	11,3	10,4	10,3	
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	8,2	8,0	8,4	9,0	8,9	
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	Prosent	..	..	..	..	..	
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	Prosent	100,0	95,1	92,6	94,8	95,0	
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	Prosent	16,8	10,7	14,4	13,4	13,7	
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Prosent	2,9	:	:	3,9	4,0	
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	Prosent	5,6	:	:	4,8	4,8	
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	Kilometer	17	40	38	53	49	
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	Boliger	15	17	21	21	20	
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	Årsverk	0,34	..	0,75	0,73	0,72	
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>							
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	Kroner	165 205	169 935	173 089	173 675	174 549	1
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskys (202, 222, 223), per elev	Kroner	101 944	101 593	102 696	103 633	102 729	1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	Personer	15,8	15,1	14,3	14,3	14,4	
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	Kroner	164 034	244 036	256 883	239 657	238 148	2
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	Kroner	919 094	1 038 985	972 433	1 028 644	1 035 882	C
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	..	2 713	3 183	3 317	3 313	
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	3 983	3 419	2 884	3 655	3 652	
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	3 146	2 446	2 805	2 645	2 647	
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	Dager	..	..	247	244	245	
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunnlendom. Kalenderdager	Dager	15	..	49	57	57	
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	Kroner	109 446	116 429	97 716	120 955	129 246	
<b>Lovanvendelse</b>							
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget	Prosent	..	94	99	96	96	
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	Prosent	100	..	87	85	85	

2016 Økonomiplan 2016 - 2019				
Forslag til nye driftstiltak som rådmannen ikkje har funne plass til i budsjett 2016				
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Kommentar
Underskott fraskrive budsjett 2014	7 469 100		7 469 100	
Controller	465 000		465 000	Økonomiavdelinga
Interkommunal arbeidsgjevarkontroll	100 000		100 000	Frå 2017
Kommunalt tilskott til private barnehagar	3 260 000		3 260 000	Barnehageavdelinga
Redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid	190 000		190 000	
Kommunalt Foreldreutval	25 000		25 000	Skuleavdelinga
Norskopplæring Flyktingar grunnskulen	600 000		600 000	
Auka kostnader jordmor og nattlegevakt	200 000		200 000	Avd for Barn, Familie og Helse
Kirkens SOS krisesenter på telefon og nett	27 000		27 000	
Oppreisingsordning for barnevernsbarn, etc	300 000		300 000	
Strategisk rekrutteringsplan - legar	500 000		500 000	
Styrking av fysioterapitenesta	397 000		397 000	
Styrking av barnevern v2	735 000		735 000	
Styrking av psykiatritenesta	735 000		735 000	
Tilskott Senter mot incest og seksuelle overgrep	45 000		45 000	
Vaktberedskap Herøy og Sande legevakt	280 000		280 000	
Samhandlingsreforma auka dr.utg pasientbeh.	300 000		300 000	Pleie- og omsorgsavdelinga
Nye vedtak BPA	1 470 000		1 470 000	
Medisinsk oppslagverk og kursdatabase	100 000		100 000	
ALV	75 000		75 000	
Meir til overtid PO	340 000		340 000	
Auka kostnader brukar i anna kommune	100 000		100 000	Bu- og Habiliteringsavdelinga
Driftsmidlar Tøftestøvegen	110 000		110 000	
Kjøp av Sampro . Verktøy for individuell plan	150 000		150 000	
Skilting og merking i Herøyfjella (tilskott)	50 000		50 000	Kulturavdelinga
Frivillighetssentralen. Auka driftstilskott	25 000		25 000	
Kino og Kiosk	200 000		200 000	
Arbeidstøy brannvernet/røykdykkarar	105 000		105 000	Brannvern / Anleggs- og driftsavdelinga
Nødnett, abonnement m.m.	110 000		110 000	
Opplæring/kurs brannvernet	395 000		395 000	
Satelittelefonar (3 stk til kriseleilinga)	20 000		20 000	
Auka løyving løpande byggedrift	500 000		500 000	Eigedomsavdelinga
Auka løyving planlagt årleg vedlikehald	300 000		300 000	
Ny stilling byggedriftar	560 000		560 000	
Diakon	500 000		500 000	Kyrkjeleg fellesråd
Opptrapping rusfritt arbeid ungdom (HK sin del)	100 000		100 000	
Vedlikehald Herøy kyrkje	75 000		75 000	
Auka vedlikehald kyrkjegardar	50 000		50 000	
<b>Sum nye foreslåtte driftstiltak</b>	<b>12 594 000</b>		<b>12 594 000</b>	
<b>Forelåtte driftstiltak (auka innt/red kostn)</b>	<b>20 063 100</b>	-	<b>20 063 100</b>	

Rådmannen ynskjer ikkje å etablere nye driftstiltak for 2016 (med eit unntak) då økonomien er stram. For kvar ny kr som blir tatt inn må rammereduc aukast med 1 krone

2016

**Økonomiplan 2016 - 2019**  
**Nye driftstiltak / Prioritering av tiltak**

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Kommentar
<b>Underskott fraskrive budsjett 2016</b>	7 540 000		7 540 000	
<b>Nye rentekostnader som følge av nye låneopptak 2016</b>	950 000		950 000	Renter nytt låneopptak
Auka stilling barnehageleiar	160 000		160 000	
Auka inntekter vaksinasjonar	-50 000		-50 000	
Auka Byggesaksgebyr	-100 000		-100 000	
Auka oppmålingsgebyr	-110 000		-110 000	
Auka plangebyr	-110 000		-110 000	
Auka brukarbetalingar, hjelp i heimen, heimehjelp m.m.	-470 000		-470 000	
Bruk av bunde fond Øyeblikkeleg hjelpe	-890 000		-890 000	
Rammeinnsparing	-7 000 000		-7 000 000	Sjå eigen tabell
<b>Sum etter nye driftstiltak/prisauker</b>	<b>-80 000</b>	<b>-</b>	<b>-80 000</b>	

Gått ut frå samla låneopptak på 63,1 mill kr men 10,0 mill av dette gjeld avløp og kostnadane til renter og avdrag der vert ført etter sjølvkostprinsippet. Rentesummen ovanfor dekkjer 1,75% rente på eit lån på 53,1 mill kr.

Rammereduksjonar	Samla lønskostn	Trekkprosent	Rammetrekk
Område 10. Politisk Leiing			
Område 12. Administrativ leiing	kr 3 400 000	1,25470514	<b>45 000</b>
Område 13. Servicetorget	kr 3 700 000	1,25470514	<b>45 000</b>
Område 14. Fellessekretariatet	kr 1 600 000	1,25470514	<b>20 000</b>
Område 15. Økonomiavdelinga	kr 5 400 000	1,25470514	<b>70 000</b>
Område 16. Personal- og organisasjonsavdelinga	kr 6 800 000	1,25470514	<b>85 000</b>
Område 17. IKT	kr 2 300 000	1,25470514	<b>30 000</b>
Område 18. Andre overføringar			
Område 21. Barnehageavdelinga	kr 19 000 000	1,25470514	<b>240 000</b>
Område 22. Grunnskuleavdelinga	kr 109 100 000	1,25470514	<b>1 370 000</b>
Område 31. Avd for Barn, familie og helse	kr 29 100 000	1,25470514	<b>360 000</b>
Område 32. Pleie- og omsorgsavdelinga	kr 114 800 000	1,25470514	<b>1 440 000</b>
Område 33. Bu- og habiliteringsavdelinga	kr 46 500 000	1,25470514	<b>585 000</b>
Område 38. NAV sosial og flyktning	kr 9 200 000	1,25470514	<b>110 000</b>
Område 40. Kulturavdelinga	kr 8 700 000	1,25470514	<b>110 000</b>
Område 50. Utviklingsavdelinga	kr 6 900 000	1,25470514	<b>90 000</b>
Område 51. Anleggs- og driftsavdelinga	kr 14 800 000	1,25470514	<b>185 000</b>
Område 60. Eigedomsavdelinga	kr 17 200 000	1,25470514	<b>215 000</b>
Område 90. Finans. Fodeling på vakansar av lengre varigheit			<b>2 000 000</b>
<b>Sum</b>	<b>kr 398 500 000</b>		<b>7 000 000</b>

I oversikta ovanfor har ein trekt ut 2,0 mill kr frå lønsgrunnlaget til Eigedomsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga pga at lønn prosjektleiarar vert belasta investeringsrekneskapen.

2017		Økonomiplan 2016 - 2019		
Nye driftstiltak / Prioritering av tiltak				
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Kommentar
<b>Underskott fraskrive budsjett 2016</b>	7 540 000		7 540 000	
Auka stilling barnehageleiar	160 000		160 000	
Auka inntekter vaksinasjonar	-50 000		-50 000	
Auka Byggesaksgebyr	-100 000		-100 000	
Auka oppmålingsgebyr	-110 000		-110 000	
Auka plangebyr	-110 000		-110 000	
Auka brukarbetalingar, hjelp i heimen, heimehjelp m.m.	-470 000		-470 000	
Rammeinnsparing	-7 000 000		-7 000 000	Sjå eigen tabell for år 2016
<b>Sum etter nye driftstiltak/prisauker</b>	<b>-140 000</b>	<b>-</b>	<b>-140 000</b>	



2018		Økonomiplan 2016 - 2019		
Nye driftstiltak / Prioritering av tiltak				
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Kommentar
<b>Underskott fraskrive budsjett 2016</b>	7 540 000		7 540 000	
Auka stilling barnehageleiar	160 000		160 000	
Auka inntekter vaksinasjonar	-50 000		-50 000	
Auka Byggesaksgebyr	-100 000		-100 000	
Auka oppmålingsgebyr	-110 000		-110 000	
Auka plangebyr	-110 000		-110 000	
Auka brukarbetalingar, hjelp i heimen, heimehjelp m.m.	-470 000		-470 000	
Rammeinnsparing	-7 000 000		-7 000 000	Sjå eigen tabell år 2016
<b>Sum etter nye driftstiltak/prisauker</b>	<b>-140 000</b>	<b>-</b>	<b>-140 000</b>	

2019

Økonomiplan 2016 - 2019  
Nye driftstiltak / Prioritering av tiltak

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Kommentar
<b>Underskott fraskrive budsjett 2016</b>	7 540 000		7 540 000	
Auka stilling barnehageleiar	160 000		160 000	
Auka inntekter vaksinasjonar	-50 000		-50 000	
Auka Byggesaksgebyr	-100 000		-100 000	
Auka oppmålingsgebyr	-110 000		-110 000	
Auka plangebyr	-110 000		-110 000	
Auka brukarbetalingar, hjelp i heimen, heimhjelp m.m.	-470 000		-470 000	
Rammeinnsparing	-7 000 000		-7 000 000	Sjå eigen tabell under år 2016
<b>Sum etter nye driftstiltak/prisauker</b>	<b>-140 000</b>	-	<b>-140 000</b>	

Forslag nye investeringstiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarar
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	2 600 000	1 200 000	1 700 000	3 000 000	
Felles IKT investeringar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	
Investeringsmidlar SSIKT	1 347 000	390 000	375 000	375 000	
Ny bil IKT	200 000				
Inventar og utstyr, skulane	400 000	100 000	100 000	100 000	
Utstyr sjukeheimane	200 000	200 000	200 000	200 000	
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	260 000	150 000	100 000		
Arkeologiske utgravingar	200 000	200 000	200 000	200 000	
Byutvikling Fosnavåg	250 000				
Fosnavåg hamn - Miljømudring	1 250 000				
Skarabakken, Utbygging/utbetring (forskottering)	13 200 000		-13 200 000		
Grunnkjøp		3 000 000	3 000 000	3 000 000	
Trafikktrygging		1 500 000	1 500 000	1 500 000	
Scanning av byggesaksarkiv. Tilleggsøyving	200 000				
Kloakkutbygging	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	
Nørvåg. Oppgradering og etablering av fortau m.m.		4 000 000			
Dragsund - etablering av næringsområde			4 500 000	4 500 000	
Dragsund bustadfelt:		600 000			
Mjølstadneset industriområde - etappevis utbyg.	4 500 000	4 500 000			
Myrabakken bustadfelt, Moltu	6 500 000				
Vike-Toftedal. Restopparbeiding tekniske anlegg	750 000				
Ny Bergsøy skule - infrastruktur		500 000	4 000 000		
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	1 000 000	1 000 000	158 000 000		
Brannsikring Formålsbygg	500 000	500 000	500 000	500 000	
Enøk tiltak	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Oppgradering Herøy kulturhus	2 900 000				
Herøy omsorgssenter. Brannrørar etc	1 850 000				
Herøy ressurscenter		500 000	39 000 000		
Herøy rådhus - heis, brannrørar, toalett, uteområde	900 000				
Leikong skule. Tilbygg og rehabilitering	12 450 000				
Nedre Dragsund 2 (Fristad) Mindre ombygging + oppgrader	500 000	10 960 000			
Ny driftsbasis Eggesbønes			500 000	61 400 000	
Opparbeiding av leikeplassar	1 000 000				
Rehabilitering m.m. Ytre Herøy Ungdomsskule			500 000		
Riving av sjukeheimsveien 5B (Gul avdeling)		1 500 000			
Einedalen, Fleirbrukshall			250 000	45 000 000	
<b>Sum</b>	<b>65 957 000</b>	<b>43 800 000</b>	<b>214 225 000</b>	<b>132 775 000</b>	
Alle summår er eks mva					

Forskotteringar. Kan lånefinansierast. Skal ikkje bereknast avdrag frå låneopptak tj forskotteringa er oppgjørt.

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierende og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet. men ein må nok lånefinansiere utbyggingane i 2016 då ein ikkje har nok midlar på tomtefondet per dato.

Lånebehov år 2016 blir såleis kr 65.000.000,-. Renteberande i drifta vert kr 55.000.000,-  
Rentesats 1,7% gir ei årleg rentebelastning på kr 935.000,-.

# OVERFØRTE LØYVINGAR FRÅ 2014/2015

Prosjekt	Namn på prosjekt	Rekneskap 2015	Rev. Budsjett	Ubrukt løyving
12900	IKT - INVESTERING	2 019 904	3 250 000	1 230 096
12150	BRANNTRYGGING KYRKJER	-	100 000	100 000
12151	KYRKJELEG FELLESRÅD	1 304 800	4 900 000	3 595 200
21300	INVENTAR OG UTSTYR GRUNNSKULEN	283 299	500 000	216 701
31300	UTSTYR SJUKEHEIMANE/MØBLAR OSPENESV...	-	250 000	250 000
32150	DIGITALISERING AV PASIENTSIGNALANLE...	-	325 000	325 000
40009	MERKING AV TURSTIAR I HERØYFJELLA	-	125 000	125 000
40150	UTSTYR KULTURHUSET	82 795	200 000	117 205
50009	PLANFRI KRYSSING FRØYSTADSKARET	-	24 125 000	24 125 000
50011	SKANNING AV BYGGESAKSARKIV	-	1 500 000	1 500 000
50012	MARINE GRUNNKART	6 250	137 500	131 250
50013	NETTBASERTE KARTTENESTER	-	537 500	537 500
50014	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK I YSTE SÆVIK...	-	155 000	155 000
50015	TRAFIKKTR.TILTAK - UTSKIFTING VEGLY...	-	200 000	200 000
50016	TRAFIKKTR. TILTAK - INTENSIVBELYSNI...	-	120 000	120 000
50131	MILJØMUDRING FOSNAVÅG HAMN	953 462	1 562 500	609 038
50151	SKARABAKKEN, FORSKOTTERING	-	125 000	125 000
50152	BYUTVIKLING FOSNAVÅG	16 088	312 500	296 412
50153	STRATEGISKE GRUNNKJØP	25 000	17 000 000	16 975 000
51307	ARKEOLOGISKE UTGRAVINGAR 2013 - GEN...	2 736	200 000	197 264
50157	BRANNVESENET, TILHENGAR OG DIV.LAUS...	8 356	662 500	654 144
50158	NØDNETTRADIOAR	-	215 000	215 000
50159	BRANNVESENET, VASKEMASKIN/TØRKETROM...	-	200 000	200 000
51102	BUSTADAR UNGE FUNKSJONSHEMMA	2 626 500	5 562 500	2 936 000
51150	MJØLSTADNESET - ETAPPEVIS UTBYGGING	468 165	1 237 500	769 335
51151	MJØLSTADNESET - MYRDEPONI	-	1 000 000	1 000 000
51153	DIV. UTSTYR OG BILAR	1 037 240	1 130 000	92 760
51154	ARBEIDSBIL MED KRAN	484 422	500 000	15 578
51205	LEIKANGER SKULE - TILKOMST, SNUPLAS...	-	855 000	855 000
51206	NY BRANNBIL	-	3 700 000	3 700 000
51209	TRAFIKKTRYGGING 2015	12 710	4 385 000	4 372 290
51210	MYRABAKKEN BUSTADFELT MOLTU, OPPARB...	-	625 000	625 000
51304	KAI VED STRANDTEIGEN	-	1 687 500	1 687 500
51350	VEGARM MYKLUBUST - CAMPUS	20 784 730	22 450 000	1 665 270
51402	OMBYGGING AV TAK - MYRVÅG OMSORGSS...	2 882 293	3 750 000	867 707
51411	DRENERINGSGRØFTER BYGGEFELT	158 520	1 175 000	1 016 480
51912	KLOAKKRAMMEPLANEN	12 770 670	15 000 000	2 229 330
51916	INFRASTRUKTUR BYGGEFELT	317 445	6 650 000	6 332 555
51941	YMSE VEGLYSANLEGG	144 378	500 000	355 622
60106	REHABILITERING KULTURHUSET	59 655	-	-59 655
60402	RIVING FRØYSTAD SKULE	297 093	1 000 000	702 907
61502	NY GUL AVDELING	1 459 895	50 350 000	48 890 105
61504	SAMLOKALISERING DAGTILBOD	-	625 000	625 000
61506	FLYTTING AV IKT/FRIVILLIGHETSENTRA...	-	625 000	625 000
61507	OMBYGGING HERØY RÅDHUS	-	312 500	312 500
61508	PLANLEGGINGSMIDLAR HERØY KULTURHUS	-	250 000	250 000
61509	PLANLEGGING AV IDRETTSHALL EINEDALE...	-	312 500	312 500
61511	BILAR TIL EIGEDOMSAVDELINGA	326 900	750 000	423 100
61512	KJØP AV LIFT	-	625 000	625 000
61513	ENØK-INVESTERINGAR	203 296	1 250 000	1 046 704
61514	OPPGRADERING AV LEIKEPLASSAR	345 178	1 250 000	904 822
61515	UTBETRING AV MOLTU SKULE INKL. PLAN...	-	625 000	625 000
61517	RIVING AV EGGESBØVEGEN 20	167 571	1 250 000	1 082 429
61518	BRANNSIKRING AV UTLEIGEBUSTADAR	-	500 000	500 000
61520	PLANLEGGING MYRVÅG OMSORGSSENTER	-	250 000	250 000
	<b>SUM</b>	<b>49 249 351</b>	<b>186 885 000</b>	<b>137 635 649</b>

Slik var stoda 1. november. Fleire av prosjekta er i gong og det vil påløpe kostnader dei neste 2 månadane slik at unytta løyvingar vil minke ein del fram mot nyttårsskiftet.

# År 2016 - INVESTERINGAR

# Økonomiplan 2016 - 2019

## prioritering av tiltak

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	2 600 000			2 600 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	1 350 000			1 350 000
Ny bil IKT	200 000			200 000
Inventar og utstyr, skulane	400 000			400 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	260 000			260 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Byutvikling Fosnavåg	250 000			250 000
Fosnavåg hamn - Miljømurdring	1 250 000			1 250 000
Skarabakken, Utbygging/utbetring (forskottering)	13 200 000			13 200 000
Scanning av byggesaksarkiv. Tilleggsøyving	200 000			200 000
Kloakkutbygging	10 000 000			10 000 000
Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygg.	4 500 000			4 500 000
Myrabakken bustadfelt, Moltu	6 500 000			6 500 000
Vike-Toftedal. Restopparbeiding tekniske anlegg	750 000			750 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	1 000 000			1 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Oppgradering Herøy kulturhus	2 900 000			2 900 000
Herøy omsorgssenter. Brannrør etc	1 850 000			1 850 000
Herøy rådhus - heis, brannrør, toalett, uteområde	900 000			900 000
Leikong skule. Tilbygg og rehabilitering	9 550 000			9 550 000
Nedre Dragsund 2 (Fristad) Mindre ombygging + oppgradering	500 000			500 000
Opparbeiding av leikeplassar	1 000 000			1 000 000
Sum	63 060 000			63 060 000

Forskottingar. Kan lånefinansierast. Skal ikkje bereknast avdrag frå låneopptak til forskottingane er oppgjort.

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierende og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivas av tomtefondet. men ein må nok lånefinansiere utbyggingane i 2016 då ein ikkje har nok midlar på tomtefondet per dato.

Lånebehov år 2016 blir såleis kr 63.100.000,-. Renteberande i drifta vert kr 53.100.000,-

Rentesats 1,7 % gir ei årleg rentebelastning på kr 950.000,-.

Ekstra avdrag frå 2017 blir då kr 1.100.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskotting Skarabakken og VAR området (sjølvfinansierende - kr 10.000.000,-)

**År 2017 - INVESTERINGAR**
**Økonomiplan 2016 - 2019**
*prioritering av tiltak*

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	1 200 000			1 200 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	390 000			390 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	150 000			150 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
<b>Grunnkjøp</b>	<b>3 000 000</b>		<b>3 000 000</b>	<b>-</b>
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
<b>Kloakkutbygging</b>	<b>10 000 000</b>			<b>10 000 000</b>
Nørvåg. Oppgradering og etablering av fortau m.m.	4 000 000			4 000 000
Dragsund bustadfelt	600 000		600 000	-
Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygg.	4 500 000		4 500 000	-
Ny Bergsøy skule - infrastruktur	500 000			500 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	1 000 000			1 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Herøy ressurscenter	500 000			500 000
Nedre Dragsund 2 (Fristad) Mindre ombygging + oppgradering	10 960 000			10 960 000
Riving av sjukeheimsveien 5B (Gul avdeling)	1 500 000			1 500 000
<b>Sum</b>	<b>43 800 000</b>	<b>-</b>	<b>8 100 000</b>	<b>35 700 000</b>

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

Lånebehov år 2017 blir såleis kr 35.700.000,-. Renteberande i drifta vert kr 25.700.000,-

Rentesats 1,85 % gir ei årleg rentebelastning på kr 500.000,-.

Ekstra avdrag frå 2018 blir då kr 650.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskottering Skarabakken og VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

**År 2018 - INVESTERINGAR**
**Økonomiplan 2016 - 2019**
*prioritering av tiltak*

Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	1 700 000			1 700 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	375 000			375 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Div møblar, kvitevarer etc kulturhuset	100 000			100 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
<b>Grunnkjøp</b>	<b>3 000 000</b>		<b>3 000 000</b>	-
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
<b>Kloakkutbygging</b>	<b>10 000 000</b>			<b>10 000 000</b>
<b>Dragsund - etablering av næringsområde</b>	<b>4 500 000</b>		<b>4 500 000</b>	-
Ny Bergsøy skule - infrastruktur	4 000 000			4 000 000
Ny barneskule Bergsøy. Bygning	158 000 000			158 000 000
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Herøy ressurscenter	39 000 000			39 000 000
Ny driftsbasis Eggesbønes	500 000			500 000
Rehabilitering m.m. Ytre Herøy Ungdomsskule	500 000			500 000
Einedalen, Fleirbrukshall	250 000			250 000
<b>Sum</b>	<b>227 425 000</b>	-	<b>7 500 000</b>	<b>219 925 000</b>

Kloakkutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klargjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

Lånebehov år 2018 blir såleis kr 219.925.000,-. Renteberande i drifta vert kr 209.925.000,-

Rentesats 2,0 % gir ei årleg rentebelastning på kr 4.200.000,-

Ekstra avdrag frå 2019 blir då kr 5.200.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)

År 2019 - INVESTERINGAR		Økonomiplan 2016 - 2019		
prioritering av tiltak				
Tiltak	Totalkostnad	Tilskott	Eigenkapital	Lån
Kyrkjeleg fellesrå. Gravplass + brannsikring +	3 000 000			3 000 000
Felles IKT investeringar	2 000 000			2 000 000
Investeringsmidlar SSIKT	375 000			375 000
Inventar og utstyr, skulane	100 000			100 000
Utstyr sjukeheimane	200 000			200 000
Arkeologiske utgravingar	200 000			200 000
Grunnkjøp	3 000 000		3 000 000	-
Trafikktrygging	1 500 000			1 500 000
Kloakktutbygging	10 000 000			10 000 000
Dragsund - etablering av næringsområde	4 500 000		4 500 000	-
Brannsikring Formålsbygg	500 000			500 000
Enøk tiltak	1 000 000			1 000 000
Ny driftsbasis Eggesbønes	61 400 000			61 400 000
Einedalen, Fleirbrukshall	45 000 000	21 500 000		23 500 000
<b>SUM</b>	<b>132 775 000</b>	<b>21 500 000</b>	<b>7 500 000</b>	<b>103 775 000</b>

Kloakktutbygginga er sjølvfinansierande og renter og avdrag vert ikkje belasta kommunens ordinære drift.

Område skal klagjerast for sal og såleis er det meininga at dette skal finansierast og godskrivast av tomtefondet.

I tilskottssummen har ein lagt inn 10,0 mill i spelemidlar, 7,0 mill i RDA tilskott, 4,5 mill i andre tilskott. Dette er kommunen sitt prisoverslag med eit bygg på om lag 2.000 kvm og 70 nye parkeringsplassar.

Bergsøy IL Handball har kostnadsrekna hallen til 23,4 mill eks mva. Her ligg det ikkje inne fleire parkeringsplassar, ikkje rom for styrketrening og ikkje tribunekapasitet. Ukjent om BIL Handball sitt forslag inneheld nok midlar til inventar og utsyr dersom den også skal nyttast til skuleføremål og evt andre idrettar. Usikkerheit knytt til mva kompensasjon for tilskottssummene i begge alternativa.

Lånebehov år 2019 blir kr 113.675.000,- (ink tippemiddelforskottering). Renteberande i drifta vert kr 103.675.000.000,- Rentesats 2,0 % gir ei årleg rentebelastning på om lag kr 2.100.000,- per år.

Ekstra avdrag frå 2020 blir då kr 2.600.000,- forutsett 40 års avdragstid og at ein belastar avdrag for alle prosjekt med unntak av forskottering tippemiddelforskotteringa (10,0 mill) og VAR området (sjølvfinansierande - kr 10.000.000,-)




	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Berekna rammer *)</b>	<b>7 540 000</b>	<b>7 890 000</b>	<b>7 405 000</b>	<b>6 920 000</b>	6 920 000
Nye driftstiltak	(8 570 000)	(7 680 000)	(7 680 000)	(7 680 000)	-7 680 000
Bruk (-)/styrking (+) av disposisjonsfond					
Avsetjing til disp fond					
Kostnader val i 2017 og 2019		350 000		350 000	
Eigesomsskatt *)		(7 000 000)	(14 000 000)	(14 000 000)	-14 000 000
<b>Bruk av driftsmidlar netto (drift og investering)</b>	<b>(1 030 000)</b>	<b>(6 440 000)</b>	<b>(14 275 000)</b>	<b>(14 410 000)</b>	<b>(14 760 000)</b>
<b>Rente/avdragsbelastning nye låneopptak</b>					
Inv. 2016	950 000	2 050 000	2 050 000	2 050 000	2 050 000
Inv. 2017		500 000	1 150 000	1 150 000	1 150 000
Inv. 2018			4 200 000	9 400 000	9 400 000
Inv. 2019				2 100 000	4 700 000
Reduserte rentekostnader 25 mill i årlege avdrag		(460 000)	(950 000)	(1 450 000)	-2 000 000
<b>Sum auka finanskostnader</b>	<b>950 000</b>	<b>2 090 000</b>	<b>6 450 000</b>	<b>13 250 000</b>	<b>15 300 000</b>
<b>Avvik i høve til ramma</b>	(80 000)	(4 350 000)	(7 825 000)	(1 160 000)	540 000

**Samla overskot (minus) / underskot (pluss) i planperioden -13 415 000**

Når vi fører avdrag etter minsteavdragsprinsippet kjem avdragskostnadane først til syne gjennom aktiveringar i balanserekneskapan året etter at investeringa/låneopptaket er gjort.

\*) For å kunne finansiere investeringane frå og med 2017 treng ein større inntekter evt lavare kostnader for å drifte kommunen. For å illustrere dette har vi lagt inn eigedomsskatt (anslag) frå 2017 (halvt års verknad) på bustad- og fritidseigedomar. Tala er henta frå rådmannen i Ulstein sitt budsjettforslag for 2016 då Herøy og Ulstein er nokså like med omsyn til talet på bustadeigedomar. For å etablere eigedomsskatt må ein rekne med at ein person vert engasjert på 100% basis i minimum 1 år (prosjektleiar).



## Eigedomsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1304
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/15	Komite for oppvekst	11.11.2015
211/15	Formannskapet	17.11.2015
133/15	Kommunestyret	19.11.2015

## LEIKANGER SKULE OG GRENDAHUS - BYGGEPROGRAM FOR TILBYGG OG REHABILITERING 2016

### Møtebehandling:

Prosjektleder frå anlegg og driftsavdelinga Rolf Henning Hide orienterte.

Ap, Per Kristian Furø kom med framlegg om slikt nytt tilleggspunkt:

«Komite for oppvekst forutset at Leikanger Grendahus bidreg med 1 mill. kr. Dette må kommunestyret ha skriftleg i forkant av kommunestyremøte 19.11.15 kl 16.00»

Rådmannen si tilråding med nytt tilleggspunkt vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i Komite for oppvekst - 11.11.2015

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for Leikanger skule og grendahus, tilbygg og rehabilitering 2016, alternativ 3.
2. Komite for oppvekst forutset at Leikanger Grendahus bidreg med 1 mill. kr. Dette må kommunestyret ha skriftleg i forkant av kommunestyremøte 19.11.15 kl 16.00.
3. Finansieringa av prosjektet skal innarbeidast som ein del av budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019.
4. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar i budsjett 2015, slik:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
<b>Sum</b>	<b>2 300 000,-</b>	<b>0,-</b>

5. Kommunestyret løyver ytterlegare kr. 350 000 i planleggingsmidlar for prosjektet. Midlane vert finansiert ved låneopptak.
6. Kommunestyret gir plan- og byggenemnda i mandat å gjennomføre prosjektet på vanleg måte.

**Tilråding:**

7. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for Leikanger skule og grendahus, tilbygg og rehabilitering 2016, alternativ 2.
8. Finansieringa av prosjektet skal innarbeidast som ein del av budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019.
9. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar i budsjett 2015, slik:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
<b>Sum</b>	<b>2 300 000,-</b>	<b>0,-</b>

10. Kommunestyret løyver ytterlegare kr. 350 000 i planleggingsmidlar for prosjektet. Midlane vert finansiert ved låneopptak.
11. Kommunestyret gir plan- og byggenemnda i mandat å gjennomføre prosjektet på vanleg måte.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga

Skuleavdelinga

Barnehageavdelinga

Anlegg- og driftsavdelinga

Økonomiavdelinga

Hovudverneombodet

Kommuneoverlegen

Leikanger grendalag v/ Bjarne Voldnes

Gurskøy idrettslag v/ Oline Kleppe

## Vedlegg:

### [Prenta vedlegg](#)

1. Byggeprogram for Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering 2016

### [Uprenta vedlegg](#)

1. K-sak 109/15
2. F-sak 179/15
3. PBN-sak 17/15
4. F-sak 186/15

## Saksopplysningar:

Saka gjeld byggeprogram for Leikanger skule, tilbygg og rehabilitering 2016.

### Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 109/15 Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020, sjå uprenta vedlegg 1. Det vart under handsaminga av saka gitt klare føringar for at Eigedomsavdelinga skulle jobbe vidare med eit tilbyggprosjekt ved Leikanger skule for å sikre naudsynt areal ift. utviklinga i elevtal.

Leikanger skule får ein vekst i elevtalet som gjer at noverande areal vert for lite frå og med skuleåret 2016/17. Konsekvensen av elevtalsveksten er:

- Skulen som no er fådelt, vil få større grad av deling og dermed behov for meir rom.
- Årstrinnsgruppene vert i mange høve for store til at to trinn får plass i same rom. Noverande klasserom er for små.
- SFO-arealet som no er tilrettelagt i kjellaren, vert for lite i forhold til elevtalet. Arealet stettar heller ikkje krava til universell utforming sidan bygget mangler heis.

Eit tilbygg ved Leikanger skule bør ferdigstillast hausten 2016. Eigedomsavdelinga har difor gitt prosjektet høgste prioritet etter at mandat frå kommunestyret vart gitt.

### Byggeprogram

Eigedomsavdelinga tok over ansvaret for kommunale byggeprosjekt 01.11.2015. Avdelinga deler kvart einskilde byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfasen	Byggefasen	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Byggeprogrammet skal godkjennast av den aktuelle politiske komité og kommunestyret før rådmannen kan

jobbe vidare med prosjektet. Kommunestyrets godkjenning av byggeprogrammet gir normalt sett også plan- og byggenemnda mandat til å arbeide vidare med prosjektet.

Byggeprogrammet er også Herøy kommune sitt bestillingsdokument til eksterne samarbeidspartnarar for etterfylgjande prosjektering og utbygging.

### Leikanger skule – tilbygg og rehabilitering 2016

Byggeprogrammet for Leikanger skule, tilbygg og rehabilitering 2016 fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogrammet er utarbeida av Eigedomsavdelinga i samarbeid med Skuleavdelinga, Barnehageavdelinga, Leikanger grendalag, Gurskøy idrettslag, dei tilsette og berørte verneombod, hovudverneombodet og kommuneoverlegen.

Av omsyn til dei ulike behova som er kartlagt i programfasen for prosjektet, er byggeprogrammet utarbeida med tre ulike utbyggingsalternativ:

#### **1. Leikanger skule - tilbygg**

Eit tilbygg til Leikanger skule for å støtte arealkrava ved auka elevtal ved skulen, sjå særleg byggeprogrammets pkt. 6.2.

Tilbygget stettar dei funksjons- og arealkrav som auka elevtal utløyser. Eigedomsavdelinga har i tillegg lagt vekt på å utbetre toalettforholda for elevane gjennom bygging av nye elevtoalett og nytt HC-toalett.

Vi foreslår også eit nytt IKT-rom i tilbygget til erstatning for dagens IKT-rom i skulebyggets 3. etasje. Ei slik bygging av eit IKT-rom i tilbygget, inneber at 3. etasje i eksisterande skulebygg kan gjerast om til lager, utan særskilde krav til rømningsveg. Alternativet rømningsvegane frå dette området av skulen oppgraderast.

Som del av tilbygget er det også lagt inn areal i underetasjen for Gurskøy idrettslag.

#### **2. Leikanger skule – tilbygg og rehabilitering**

Eit tilbygg til Leikanger skule samt rehabilitering av eksisterande skulebygg, sjå byggeprogrammet kap. 6.2 og 6.3.

Rehabiliteringa gjeld fyrst og fremst rehabilitering av byggets fasadar (yttertak, ytterveggar og vindauge) samt utbetring av rømningsvegar frå eksisterande klasserom. Ein vil soleis få lukka ein del avvik etter branntilsyn 2015 i tillegg til å betre inn klimaet ved skulen gjennom solskjerming og nytt ventilasjonsaggregat.

#### **3. Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering**

Eit tilbygg til Leikanger skule, rehabilitering av eksisterande skulebygg samt eit tilbygg til Leikanger grendahus, sjå byggeprogrammet kap. 6.2, 6.3 og 6.4

Tilbygget inneber ei utviding av eksisterande forsamlingsal og kjøkken i grendahuset. Slik dette er tenkt utført vil det støtte behova for både grendahuset og skulen, herunder også kulturskulen. Dette alternativet gir også den beste mat og helse-funksjonen for skulen.

## Utbyggingskostnad

Dei ulike utbyggingsalternativa er vurdert til å ha ein slik utbyggingskostnad:

Nr.	Alternativ	Kostnad
1	Leikanger skule – tilbygg	8,2 mill.
2	Leikanger skule – tilbygg og rehabilitering	10,2 mill.
3	Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering	12,1 mill.

Priskalkylen byggjer på faktiske entreprisekostnader i Norge pr. september 2015.

## Finansiering

Løyving av utbyggingsmidlar for prosjektet må handsamast som del av budsjett 2016. I den samanheng vurderer Leikanger grendalag om dei skal gi eit tilskot stort kr. 1 mill. til ei eventuell utbygging av grendahuset. Premissane for dette er ikkje avklart og tilrådinga frå styreleiar er heller ikkje handsama i årsmøtet for grendalaget. Eigedomsavdelinga vurderer difor denne delfinansieringa som høgst usikker.

Når det gjeld planleggingsmidlar, vedtok Formannskapet i F-sak 179/15 slik omdisponering av allereie løyvde planleggingsmidlar:

Prosjekt	Budsjett 2015	Endring
Frøystad skule – riving	800 000,-	- 150 000,-
Eggesbøvegen 20 – riving	1 000 000,-	- 150 000,-
Herøy rådhus - planlegging	250 000,-	- 100 000,-
Einedalen skule – planlegging av fleirbrukshall	250 000,-	- 100 000,-
Leikanger skule – tilbygg 2016	0,-	500 000,-
<b>Sum</b>	<b>2 300 000,-</b>	<b>0,-</b>

Eigedomsavdelinga har i etterkant fått stadfesta at slik omdisponering av løyvde budsjettmidlar må handsamast av kommunestyret. Som del av tilrådinga er det difor teke med eit eige punkt vedrørande dette. Eigedomsavdelinga har i den samanheng nokon tilleggsmærknadar:

Gitt dei stramme krava til framdrift i saka, fekk Formannskapet i F-sak 186/15 ei orientering om prosjektet, sjå uprenta vedlegg 2. Formannskapet gjorde slikt vedtak:

1. *Formannskapet tek orienteringa til vitande.*
2. *Formannskapet ber rådmannen om å utarbeide teiknings- og prosjekteringsgrunnlag for prosjektet og oversende dette til godkjenning i plan- og byggenemnda snarast mogleg etter at kommunestyret har godkjent byggeprogram for prosjektet.*
3. *Utlysing av entreprisekontrakter føreset kommunestyrets vedtak om fullfinansiering av prosjektet. Rådmannen bes om å fremme forslag til løyving av investeringsmidlar for 2016.*

Den etterfylgjande konsulentkonkurransen er utført og syner behov for ytterlegare kr. 350 000 til planlegging og prosjektering av prosjektet. Dette omfattar lønsmidlar til kommunens prosjektleiar og midlar til ekstern konsulent.

I framlegget til løyving av utbyggingsmidlar i budsjett 2016, ligg det inne ein pott til administrasjonsutgifter som også omfattar prosjekteringsmidlar. Det er ikkje tilrådeleg å avvente finansieringa av prosjekteringsfasen til kommunestyrets handsaming av budsjett 2016. For å oppretthalde ynskt framdrift i prosjektet meiner difor Eigedomsavdelinga at det vil være mest tenleg å oppfinansiere gjeldande løyving av planleggingsmidlar med kr. 350 000 og redusere budsjettforslaget for utbygging tilsvarande.

Avdelinga presiserer også at utkastet til budsjettløyving for tiltaket måtte oversendast til politisk handsaming før byggeprogrammet var ferdig. Difor er det avvik mellom avdelinga sitt forslag til løyving i budsjett 2016 og dei utbyggingsalternativ og budsjettalternativ vi no presenterer.

Avdelinga gjer også kommunestyret merksam på at byggeprogrammets alternativ 2 – rehabilitering av fasadar og ventilasjonsaggregat – er å betrakte som ENØK-tiltak. Forslaget til løyving av kr. 1 mill. til ENØK-tiltak generelt, kan såleis tenkast omdisponert til ENØK-tiltak ved Leikanger skule ved ei eventuell ombygging.

#### Vidare framdrift

Forutsatt kommunestyrets godkjenning av byggeprogrammet, vil prosjektets vidare framdrift avhenge av kommunestyrets budsjettvedtak for 2016.

Eigedomsavdelinga har arbeida parallelt med ei rekke ulike delspørsmål knytt til prosjektet. Under føresetnad av kommunestyrets godkjenning av byggeprogrammet og vedtak om finansiering har såleis plan- og byggenemnda allereie valt entreprisreform for prosjektet. Eigedomsavdelinga har også gjennomført anbuds konkurranse for utteikning og prosjektering og er klar til å inngå kontrakt med valt tilbydar så snart vedtak om løyving av planleggingsmidlar er gjort.

Prosjektet i sin heilskap kan såleis vere klar til anbudsutlysing i løpet av januar 2016.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Leikanger skule og grendahus..

Leikanger skule opplever ein vekst i elevtalet som skulen ikkje er dimensjonert for. Det er såleis behov for ei utbygging ved skulen. Det er i den samanheng fleire forhold som tilseier at ein bør prioritere ei utbygging av både Leikanger skule og grendahus:

- Eit tilbygg til skulen stettar funksjons- og arealkrava ved skulen grunna auka elevtal. I tillegg vil eit tilbygg betre dei universelle tilhøva ved skulen gjennom planfri overgang mellom administrasjon, tilbygg og grendahus.
- Rehabilitering av skulens fasadar og ventilasjonsaggregat er viktig for det generelle vedlikehaldet av bygget og for innklimaet for skuleelevane. Utbetring av rømningsvegar er viktig for tryggleiken ved skulen.



- Eit tilbygg til grendahuset gir den beste funksjonelle løysinga for skulen for faget mat og helse. Ein får også eit etterlengta opplegg for kulturskulen i bygda og eit langt meir tenleg bygg for skulen og grendalaget samla.

Skuleavdelinga og Eigedomsavdelinga vurderer det slik at **alternativ 1 - Leikanger skule - tilbygg** er naudsynt å få på plass. Dette punktet omfattar også ei viss omdisponering av eksisterande areal, mellom anna for å unngå bruk av 3. etasje til permanent opphaldsstad og dermed også oppgradering av rømningsvegar. Undervisningsroma i 3. etasje eignar seg også dårleg som klasserom på grunn av dårleg isolering mellom etasjane. Aktivitet i 3. etasje er såleis forstyrrende for undervisninga i 2. etasje.

Når det gjeld **alternativ 2 og 3** er dette tiltak som vil bety eit kvalitetsløft for både skule, kulturskule og frivillige lag og organisasjonar, men ikkje absolutt nødvendig på same måten som pkt.1. Skuleavdelinga og Eigedomsavdelinga vurderer det likevel som fornuftig å gjennomføre rehabilitering av det gamle skulebygget når ein likevel er på plass med arbeidarar og utstyr. Det vil også vere ønskjeleg å oppgradere kjøkken og møterom i grendahuset med tanke på sambruk, både med skule og kulturskule. Det vil gi betre forhold for undervisning i faget Mat og helse (tidl heimkunnskap) samt at kulturskulen vil kunne få eit etterlengta rom til dans. Dette har ein ikkje i indre deler av kommunen i dag.

Rådmannen har lagt inn ei løyving på 8,8 mill i budsjett 2016 til prosjektet. Det vert lagt til grunn at alt 2 stettar kommunen sitt arealbehov og behovet for rehabilitering av eksisterande bygg. Eg legg vidare til grunn at ENØK-tiltak på 1,0 mill kr kan nyttast som ein del av finansieringa ved alt. 2. Finansieringsbehovet for utbygginga vert då 9,2 mill kr, 0,4 mill kr meir enn det som er lagt inn i rådmannen sitt budsjettforslag. Rådmannen vil difor rå til at alt 2 vert valt.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Eit tilbygg til skulen vil auke undervisningsarealet ved skulen og betre toalettforholda for elevane. Skulen vil også få ei betre universell utforming enn i dag og betre rømningsvegar ved brann.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ei oppgradering av rømningsvegane ved skulen vi redusere risikoen knytt til brann.

#### Konsekvensar for drift:


Eit tilbygg vil gi auka kostnadar for eigedomsavdelinga til forvaltning, drift og vedlikehald.

Fosnavåg, 01.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

# **LEIKANGER SKULE OG GRENDAHUS**

## **Tilbygg og rehabilitering**

**BYGGPROGRAM**

Godkjent av Kommunestyret i K-sak xx/2015 den

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasa	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.


Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbudsfasa, byggefase og garantifase.

Hovudføremålet med prosjektet er å sikre naudsynt areal til undervisningsføremål ved Leikanger skule. Dette vert løyst gjennom eit tilbygg til skulen, sjå pkt. 6.2.

Som del av prosjektet skal også andre kjende utfordringar ved bygget løysast. Eksisterande skulebygg skal difor oppgraderast utvendig i tillegg til mindre tilpassingar innvendig, sjå pkt. 6.3 nedanfor.

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg til Leikanger grendahus, sjå pkt. 6.4 nedanfor. Leikanger barnehage vil og få tilordna oppgradert utetoelett og ny utebod tilknytt uteområde/leikeplass, sjå pkt. 6.4 og 6.5 nedafor.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




### INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 83 bnr. 18 og 19:



### GRUNNEIGAR

Herøy kommune eig utbyggingseigedomen åleine.

### PLANSTATUS

Utbyggingseigedomen er i kommuneplanen for Herøy 2014-2025 avsett til offentlig føremål. Eigedomen er ikkje regulert. Det er ikkje knytt plankrav til gjennomføringa av prosjektet.

### FAKTISK BRUK

Eigedomen vert nytta til barneskule, grendahus og barnehage. Barnehagen har tilhald i grendahuset. Grendahuset vert nytta av det lokale grendalaget til ulike føremål.

Skulen og grendahuset grenser til Gurskøy stadion, disponert og drifta av Gurskøy idrettslag.

### NABOLAG

Bygningsmassen er omkransa av jordbruksareal i privat eige.

**ATKOMST**

Atkomst til eigedomen er via eksisterande atkomst til skulebygg og grendahus.

**PARKERING**

Prosjektet utløyser ikkje særskilte parkeringstiltak men må sjåast i samanheng med planlagt utviding i 2016 av tilkomst og parkering i regi av Herøy kommune, anlegg- og driftsavdelinga.

**BEBYGGELSE**

Tilbygget skal plasserast i området mellom skulen og grendahuset, sjå kartskisse under pkt. 4 ovanfor. Tilbygget skal plasserast i plan med dagens hovedinngang til skulebygget og grendahuset og utformast med ei underetasje i plan med dagens kunstgrasbane.

Bygget skal utformast slik at ein får eit overbygd uteopphaldsareal for elevar og tilsette. Dagens overbygning mellom skule og grendahus skal vurderast rive då det er teikn til sviktande grunnforhold. Overbygget er heller ikkje isolert mot grunn.

**UNIVERSELL UTFORMING**

Universell utforming skal sikrast gjennom trinnfri atkomst til eksisterande skulebygg, grendahus og uteområde # 1. Inngangspartiet skal også utformast slik at ein på eit seinare tidspunkt kan etablere heis til eksisterande skulebygg.

**ARKITEKTONISK UTTRYKK**

Tilbygget skal tilpassast Leikanger skule og grendahus slik at bygningsmassen ved ferdigstilling framstår som eit heilskapeleg prosjekt med gode arkitektoniske kvalitetar.

**GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE**

Tilbygget skal framstå som ein naturleg del av eksisterande skulebygg, men vil samstundes være eit viktig bindeledd mot grendahuset. Det er viktig at ein ved planlegging av tilbygget tek omsyn til at grendahus og skule har ulike brukargrupper til ulike tider. Ein må difor i prosjektet sikre at både skule og grendahus kan nyttast uavhengig av kvarandre og til same tid.

**AVLØPSSYSTEM**

Det er privat avløpsanlegg på eigedomen med slamavskiljar og sandfiltergrøft. Med tanke på alder på desse anlegga må nytt reinseanlegg utifrå slamavskiljar vurderast.

## 6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet og er delt i tre hovudtema, sjå kap. 6.2, 6.3 og 6.4 nedanfor.

## 6.2 TILBYGG TIL LEIKANGER SKULE

Fylgjande funksjons- og arealkrav gjeld for tilbygget til Leikanger skule:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Inngangsparti</b>	1	-	-	Felles inngangsparti for Leikanger skule og grendahus.
<b>Garderobe</b>	1	38	38	Garderobe for 35 elevar, som ein integrert del av fellesarealet. Elevgarderoba må skiljast frå eksisterande garderobe i grendahuset, som skal nyttast vidare av grendahuset.
<b>Toalett</b>	2	02	04	Elevtoaletta som skal erstatte elevtoaletta i eksisterande skulebygg og sjåast i samanheng med eksisterande toalett i grendahuset.
<b>Toalett HC</b>	1	06	06	Skal erstatte dagens mellombelse HC-toalett i grendahuset. Skal kunne nyttast av alle brukarar av skule og grendahus.
<b>Klasserom 1</b>	1	50	50	Dimensjonert for 25 elevar.  Viktig å unngå dagslys ift. whiteboard og elektronisk tavle. Difor krav til berre ein vindusvegg pr. klasserom. Skjerming mot innsyn frå fellesareal av omsyn til elevane si arbeidsro. Kvadratisk utforming er vurdert som meir hensiktsmessig enn rektangulær.  Klasserommet skal også nyttast som musikkrom og sambruk med kulturskule, korps og kor. Må difor ha plass for vaskeservant og låsbare skap for elevmateriell slik at klasseroma kan nyttast også utanfor skuletid.
<b>Lager # 1</b>	1	10	10	Lager for musikkinstrument. I direkte tilknytning til klasserommet.

<b>Lager # 2</b>	1	10	10	Lager for SFO-utstyr. I direkte tilknytning til klasserommet.
<b>Klasserom 2</b>	1	60	60	Klasserom med mat og helse-funksjon. Skal også vere base for SFO etter skuletid. Må gi plass til låsbare skap for elevmateriell.  Mat og helse- funksjonar bør plasserast på ein av kortveggane og slik at elevane arbeider/har måltid ved elevpultane. Kjøkkenfunksjon må ha universell utforming.
<b>IKT-rom</b>	1	23	23	For 15 personar. Skal også kunne nyttast til grupperom for skulen.
<b>Reinholdssentral</b>	1	12	12	Dør med slagretning mot fellesareal. Utslagsvask. Sluk i gulv.
<b>SUM BRA</b>			<b>213</b>	

### Teknisk rom

Eksisterande fyrrom i kjellaren på grendahuset byggast om til teknisk rom for VVS for tilbygget. Utgang til bakkeplan via ny dør.

### Underetasjen

For underetasjen til tilbygget, er det slike funksjons- og arealkrav:

<b>FUNKSJON</b>	<b>Antal</b>	<b>Areal</b>	<b>Sum</b>	<b>MERKNAD</b>
<b>Lager</b>	1	30	30	For Gurskøy idrettslag.Krav til direkte og planfri atkomst til kunstgrasbane.
<b>Kiosk</b>	1	25	25	Tilrettelagt for vatn og avlaup, ventilasjon og varme. Skyvevindu mot kunstgrasbane og baldakin e.l. som beskyttelse mot vind og regn.
<b>Garasje</b>	1	45	45	Tilrettelagt for vatn og avlaup. Krav til direkte atkomst frå plan kunstgrasbane via standard garasjeport m/ dør, eventuelt separat dør.
<b>SUM BRA</b>			<b>100</b>	



Som del av prosjektet skal fylgjande oppgradering og ombygging gjennomførast i eksisterande skulebygg:

### **Tilpassing**

Fylgjande rom i eksisterande skulebygg skal tilpassast slik:

#### Frå grupperom/møterom til arbeidsrom

Eksisterande grupperom i administrasjonsdel vert omgjort til arbeidsrom for undervisningspersonalet ved skulen.

#### Frå bøttekott til garderobe for tilsette:

Eksisterande bøttekott vert omgjort til ekstra areal i garderobe for tilsette ved skulen.

#### Frå IKT-rom til møterom/gruppe

Eksisterande IKT-rom vert omgjort til møterom for skulen.

#### Frå undervisningsrom til lager.

Undervisningsrom i tredje etasje på skulen vert omgjort til lager.

#### Frå bibliotek til boklager.

Bibliotek i tredje etasje vert omgjort til boklager.

### **Oppgradering**

#### Ventilasjonsanlegg

Utskifting av eksisterande ventilasjonsaggregat i skulebygget. Eksisterande kanalnett er føresett å kunne nyttast vidare.

#### Yttertak

Utskifting av yttertaket for skulen, i samsvar med den utskifting av tak som allereie er gjennomført.

#### Ytterkledning

Etterisolering og utskifting av ytterkledning på heile hovudbyggets fasade.

#### Rømingsveg

Etablering av ny rømingsveg frå hovedbyggets 2. etasje via vindauge til terreng. Rømingsvegen må ikkje hindre røming frå byggets underetasje eller vesentleg forringe innslepp av dagslys til desse areala.

## Vindauge

Tiltaket inneber utskifting av samtlege vindauge i hovedbygget. Nye vindauge må tilfredstille krava til rømingssveg ovanfor.

<b>6.4</b>	<b>LEIKANGER GRENDAHUS</b>
------------	----------------------------

Fylgjande funksjons- og arealkrav gjeld for eit tilbygg ved Leikanger grendahus:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kjøkken	1	25	25	Utviding av eksisterande kjøkken til storkjøkken for grendahuset og mat og helse-kjøkken for skulen.  Dei to sonene må kunne skillast gjennom bruk av foldevegg.
Øvingslokale, forsamlingslokale og møterom	1	60	60	I direkte tilknytning til kjøkken og med foldevegg mot eksisterande forsamlingslokale. Øvingslokalet skal ha speilvegg og gulv tilrettelagt for dans.
<b>SUM BRA</b>			<b>85</b>	

### Oppgradering

Eksisterande kjøkken skal oppgraderast til storkjøkken for grendahuset.

### Tilpassing

I tillegg til ovannemnde skal fylgjande tilpassing gjennomførast:

#### Frå sekundærtoalett til utetoalett:

Eksisterande toalett i tilknytning til kjøkkenet ved grendahuset tilpassast til utetoalett for Leikanger barnehage.

<b>6.5</b>	<b>UTEOMRÅDET</b>
------------	-------------------

Uteområdet er felles for Leikanger skule og Leikanger barnehage. Fylgjande tiltak skal etablerast:

### Utebod/lager for skulen sine reiskap/uteleiker

Felles utebod for Leikanger skule og barnehage for lagring av kostar, snøbrett, trillebår, uteleiker og liknande.

**6.6****ESTIMERT AREALBEHOV**

Estimert arealbehov er oppgitt som netto bruksareal BRA (bruksareal mellom omsluttande bygningsdelar) og brutto bygningsareal BTA.

<b>ESTIMERT AREALBEHOV</b>	<b>BRA</b>	<b>BTA</b>
Leikanger skule - tilbygg	213	277
Leikanger skule - underetasje for Gurskøy idrettslag	100	120
Leikanger grendahus - tilbygg	85	102
<b>SUM BRA</b>	<b>398</b>	<b>499</b>


Forholdet mellom bruksareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3 for tilbygg skule og 1,2 for tilbygg grendahus.

**7****SIGNATUR**

Byggeprogrammet er utarbeida av skuleavdelinga og eigedomsavdelinga i fellesskap, etter beste skjønning og evne.

**Fosnavåg 28.10.2015**

<b>FUNKSJON</b>	<b>NAVN</b>	<b>SIGNATUR</b>
<b>Skuleleiar</b>	Sølv Lillebø Remøy	
<b>Rektor</b>	Jan-Helge Leikanger	
<b>Verneombod - verksemd</b>	Oddhild Dybvik Aas	
<b>Eigedomsleiar</b>	Robert Myklebust	
<b>Fagleiar drift</b>	Tor Sindre Steinsvik	
<b>Reinholdslleiar</b>	Ada Fjørtoft Kleppe	
<b>Fagleiar vedlikehald</b>	Philipp Kessler-Myking	
<b>Verneombod - byggdrift</b>	Lars Erik Solhaug	
<b>Verneombod - reinhald</b>	Wenche Hide	



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
212/15	Formannskapet	17.11.2015

### BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY - ORGANISERING OG VIDARE FRAMDRIFT

#### Tilråding:

**NB! Det er leverandøren sin rett og plikt å sjå til at det vert sendt med relevant dokumentasjon som gjer oppdragsgjevar i stand til å vurdere tilbodet i forhold til dei oppgjevne tildelingskriteria.**

All informasjon som er nødvendig for å vurdere tilbudet skal gå fram av det innsendte materialet. Det skal ikkje være nødvendig å lese vedlagt brosjyremateriell for å finne nødvendig informasjon for evalueringen, eller støtte seg til annen kunnskap om tilbyderen. Eventuelle avvik frå kravsspesifikasjonen må også gå klart fram av tilbods brevet.

## **6.3 INNSTILLING PÅ TILDELING AV OPPDRAGET**

Det vil bli inngått kontrakt med 3 tilbydarar, dei skal saman gjennomføre parallelloppdraget slik det er forklart i oppgåveprogrammet.

Vi ber tilbydarane merke seg fyljande moment i oppgåve programmet: «I etterkant er det sannsynleg at kommunen engasjerer enkelte deltakarar i eit arbeid mot eit ferdig produkt. Dette kan være arbeid som omfattar både heilskaplege løysingar på områdenivå og oppdrag med utgangspunkt i gode løysingar av enkelt tema eller - område.»


Evaluering vert gjennomført av ein evalueringskomité i samarbeid med ei arbeidsgruppe. Evalueringskomiteen vil utarbeide ein fagleg begrunna innstilling som deretter vert presentert og drøfta i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vil ta den endelege avgjerda om tildeling av oppdrag.

Evalueringskomiteen har desse medlemmane:

Arne – Dag Gjerde, arkitekt, Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Jarl Martin Møller, utviklingsleiar Herøy kommune  
Geir Idar Kvalsvik, Herøy Næringsforum

Arbeidsgruppa har desse medlemmane:

Arnulf Goksøyr, ordførar  
Tor Sindre Steinsvik, varaordførar  
Camilla S Hermansen, politikar  
Olaug Andreassen, politikar  
Geir Idar Kvalsvik, Herøy Næringsforum  
Arne-Dag Gjerde, arkitekt, Møre og Romsdal fylkeskommune  
Jarl Martin Møller, utviklingsleiar Herøy kommune



Pleie- og omsorgsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2015/1395
		Arkiv:	668

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
213/15	Formannskapet	17.11.2015

### PARTNERSKAP I ALV- ARENA FOR LÆRING OG UTVIKLING

#### Tilråding:

1. Formannskapet tek orienteringa om partnerskap med ALV-Møre og Romsdal på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, til vitande.
2. Herøy kommune sin utgiftsdel, fastsett til kr 75 000 for 2016, vert å vurdere som eit nytt tiltak i samband med budsjettarbeidet.

Særutskrift: HTV for NSF, legeföreninga og Fagforbundet

**Vedlegg:**  
Partnerskapsavtale

**Saksopplysningar:**

Aktuelt:

Arena for læring om velferdsteknologi (ALV-Møre og Romsdal), vart etablert som eit partnerskap mellom Høgskulen i Ålesund og Ålesund kommune i 2013. Frå og med 1. januar 2016 blir ALV-Møre og Romsdal utvida gjennom partnerskapsavtalar med kommunane på Sunnmøre. Målet er å ta dette vidare til kommunane i Romsdal og på Nordmøre i løpet av 2016. Det er bygd opp eit kompetansemiljø i Ålesund, og spørsmålet er om kommunane ynskjer å nyttiggjere seg dette i sitt eige arbeid med innføring og bruk av velferdsteknologi.

Nasjonalt:

Helse og omsorgsdepartementet har satt som mål at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenesta innan 2020. "Samveis – nasjonalt program for velferdsteknologi" er oppretta som eit bidrag for å nå dette målet. Hovudoppgåva er å utvikle og prøve ut velferdsteknologiske løysingar i kommunane, skape og spreie kunnskap om velferdsteknologi, bidra til gode modellar for innføring og bruk, og etablere standarder og IT-arkitektur for velferdsteknologi.

Samveis omfattar 11 prosjekt i 31 kommuner, som i hovudsak testar ut tryggleiksskapande teknologi, varslings- og lokaliseringsteknologi og velferdsteknologi i sjukeheimar. Ingen kommunar i Møre og Romsdal er med i Samveis.

Regionalt:

I Møre og Romsdal har Ålesund kommune og Høgskulen i Ålesund hatt eit partnerskap sidan 2013. Partnerskapet vart kalla ALV Møre, og starta opp som eit samarbeidsprosjekt delfinansiert gjennom midlar frå fylkesmannen. ALV-Møre var eit resultat av behov ein erfarte gjennom lokale prosjekt om velferdsteknologi, starta under Det midtnorske velferdsteknologiprojektet i 2011. Her var Sunnmøre representert med 2 prosjekt køyrt i samarbeid mellom kommunane Herøy, Ulstein, Vanylven, Ørskog og Ålesund. Prosjekta synleggjorde behov for å bygge tverrfagleg kompetanse i arbeidet med velferdsteknologi.

ALV- Møre tok utgangspunkt i ein plan om å bygge ei felles demonstrasjonsleilegheit gjennom tverrfagleg samhandling, men utvikla seg vidare til ein tverrfagleg arena for læring om velferdsteknologi. Sidan oppstarten har ALV-Møre etablert demonstrasjonsleilegheit, drifta og/eller samarbeidd med prosjekt innan GPS-sporing, spelteknologi i velferdstenestene, bruk av Skype i sjukeheim, systematisk innføring av velferdsteknologi i tenestene til menneske med utviklingshemming og bruk av videokommunikasjon i kvardagsrehabilitering. ALV-Møre har også vore

delaktige i produksjon av ulike publikasjonar, erfaringsnotat, kronikkar og rapportar, bidratt som fagpersonar inn i Læringsnettverk for velferdsteknologi, vore involvert i prosessar knytt til tryggleikspakkar (utvida tryggleiksalarm) og pasientvarslingsanlegg og arrangert større og mindre seminar og konferansar.

Dei opphavlege partane er samde om at det er formålstenleg å utvikle partnerskapet vidare ved at kommunane i fylket vert inviterte inn. Som eit ledd i dette vedtok styringsgruppa å endre namnet frå ALV-Møre til ALV-Møre og Romsdal.

ALV-Møre og Romsdal nyttar no høvet, ved overgang til ordinær drift, til å tilby kommunane knytt til Sunnmøre regionråd partnerskap, gjeldande frå 2016. Under føresetnad av at interessa frå kommunane er stor nok til å sikre vidare drift, vil neste steg bli utsending av tilbod om partnerskap til kommunane i Romsdal og Nordmøre i løpet av 2016.

Fylkesmannen tok i vår initiativ til eit møte der ulike partar drøfta om det var muleg å samordne arbeidet i fylket. Dei som var invitert til dette møtet var representantar frå Fylkesmann, KS, SR, ROR, Orkidé, Utviklingssenter for heimetenester og sjukeheim i Møre og Romsdal, KomUT og ALV. På møtet var det semje om at heile Møre og Romsdal må jobbe saman om velferdsteknologi, og det vart bestemt å sette ned eit samarbeidsforum som representerer aktørane for velferdsteknologi i fylket. Samarbeidsforumet har som hovedoppgåve å kartlegge arbeid med velferdsteknologi i fylket, og bidra til å koordinere dette der det er muleg. Forumet har uttalt at det er viktig å nytte alle etablerte arenaer i det vidare arbeidet i fylket, og at det difor er ønskjeleg at ALV Møre og Romsdal blir ein kompetanse- og læringsarena for heile fylket.

Frå leverandørmarkedet peikar tilbakemeldingar på fordelane ved å ha ein fast plass å vende seg for å nå mange, og stadig fleire firma tek kontakt med ønskje om å presentere sine produkt. ALV-Møre og Romsdal skal vere «leverandørnøytralt», men har mål om å ha kjennskap til produkta sine fordelar og ulemper og gi klare tilbakemeldingar på kva ein ser som forbettringspotensiale. Dersom kommunane vil ha produkt som treff behova hjå brukar, pårørande og tenestane så må behov tydeleggjerast, og det må stillast krav til leverandørane. ALV-Møre og Romsdal har og fått konkrete spørsmål rundt idear om nye produkt og blitt bedt om å gi råd i vidareutvikling av eksisterande produkt.


Høgskulen i Ålesund går no inn under NTNU. ALV-Møre og Romsdal har fått tilbakemeldingar på verdien av det unike samarbeidet mellom praksis og akademia, og korleis dette bidrar til å sikre kvalitet og kompetanse- spreining. Sjølv om andre aktørar i NTNU jobbar aktivt med velferdsteknologi, så har dei etter det ALV får tilbakemelding på ikkje eit tilsvarande samarbeid med praksisfeltet.

### Om ALV

ALV-Møre og Romsdal vil frå 2016 vere organisert med eit styre, samansett av representantar frå dei opphavelige partnerane, representantar frå dei andre partnarkommunane, brukarrepresentantar og ansattrepresentant. Styret er ansvarleg for at eiga organsiering vert endra i tråd med samansetjinga av

partnerskapskommunar. ALV-Møre og Romsdal skal ha tilsett ein prosjektleiar, og vidare vurdere personalressursar etter behov og økonomi.

ALV-Møre og Romsdal skal medverke til etablering av ulike arenaer der partnerane kan dele erfaringar, tilegne seg ny kunnskap og få rettleiing relatert til tenesteinnovasjon, utprøving og implementering av velferdsteknologi. Ein kan skildre hovudområda for aktivitet gjennom denne modellen:



Dei fire hovudområda vil vere gjensidig avhengig av kvarandre, og det skal vere ein kontinuerleg straum av erfaringsdeling og kunnskapsbygging i og mellom desse.

Dei ulike læringsarenaene kan omfatte kompetanseutviklingstiltak som bl.a. nettverksgrupper, seminar/konferansar, undervisning og bruk av dei eksisterande arenaene [www.alv-moreogromsdal](http://www.alv-moreogromsdal) og demonstrasjonsleilegheita. I tillegg til dei ulike arenaer skal prosjektleiaren vere ressursperson for ALV-kommunane og bistå i forbindelse med tenesteutvikling og implementering av velferdsteknologi, og ta initiativ til nye prosjekt saman med partnerane.

Som i alle organisasjonar må det gjerast prioriteringar i val av aktivitetar. I ALV-Møre og Romsdal skal desse prioriteringane ta utgangspunkt i partnerskapskommunane og Høgskolen i Ålesund sine ønskjer og behov relatert til velferdsteknologi. Det planleggjast difor ei kartlegging av eksisterande aktivitet og planar, behov og ønskjer i kommunane som kjem inn i partnerskapet. Denne kartlegginga vil danne grunnlag for prioriteringar, i samråd mellom styre og prosjektleiar. På denne måten vil ein auke sannsynlegheita for fokus på problemstillingar som er aktuelle til ei kvar tid, og at alle partar får best mogleg utbytte av partnerskapet.

ALV Møre og Romsdal er kjent med at overgang til digital tryggleiksalarm og mottakssentral, samt anskaffelse pasientvarslingsystem er aktuelt for fleire kommunar.

Det er ønskeleg å ha god brukarrepresentasjon og brukarmedverknad i all aktivitet i ALV-Møre og Romsdal. Det har frå starten av vore brukarrepresentant i styringsgruppa, og stort fokus på brukarmedverknad i ulike prosjekt. Dette vil bli vidareført.

#### Kostnad:

Det er rekna ei medlemsavgift for partnarkommunar som er fordelt etter følgjande modell:

Folketal	Kostnad
< 5 000	50 000
5 000 – 11 000	75 000
>11 000	150 000

Eigenandel frå partnerane:

- Partnerane dekker sjølve kostnadane for medlemmane i styringsgruppa.
- Ålesund kommune bidrar med eigeninnsats relatert til rekneskap, arbeidsgjevaransvar mv.
- Høgskolen i Ålesund svarer for husleige, straumutgifter og reinhald i ALV-leilegheita etter avtale.

ALV-Møre og Romsdal dekkjer brukarrepresentantane sine utgifter og møtegodtgjerdslar etter gjeldande offentlege satsar.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ser at velferdsteknologi må nyttast som ein drivar for å fremje utvikling av helse- og omsorgstenestene, og styrke tenestene i møtet med komande demografiske utfordringar. Samstundes står vi overfor auka forventningar, både gjennom sentrale føringar og frå borgarar, om at vi skal klare å nytte velferdsteknologi på ein god måte for brukarar, pårørande og dei tilsette i tenestane.

Der er mange muligheiter og fallgruver, og at dette er eit stort fagområde som berører både etikk, personvern, tenesteutvikling, teknologi, innovasjon, anskaffelse, individuell tilpassing, opplæring og kvalitetssikring. Utviklinga skjer raskt, og det er krevjande å halde seg oppdatert på erfaringar og utvikling lokalt og nasjonalt.

På bakgrunn av dette vurderer rådmannen at det vil vere hensiktsmessig for kommunen å ta del i kompetanse og ressursar i fellesskap med dei andre kommunane.

#### Konsekvensar for drift:

Den årlege kostnaden for partnerskapet for Herøy kommune er på kr. 75 000, og dette må innarbeidast i budsjettet som eit nytt tiltak. I tillegg kjem lønns- og reisekostnadar for eventuelle medlemmar i styret.

Når det gjeld juridiske konsekvensar er dette eit partnerskap der vilkåra for deltaking framgår av avtalen, og der risikoen kun er knytt til medlemsavgifta. Kommunen sine plikter framgår av avtalen.

Medlemsskap har vore drøfta i Sjustjerne nettverket for helse- og omsorg. Dei fleste kommunane var positive til partnerskap ut frå behovet for felles satsing på området, men ein stilte spørsmål ved prisen. Det er uklart kva medlemsavgifta skal dekkje, og korleis ein har kome fram til beløpet.

Rådmannen ser at ein gjennom partnerskap får tilgang på kompetanse og ressursar som vil styrke og effektivisere kommunen sitt vidare arbeid med velferdsteknologi. Rådmannen tilrår difor at Herøy kommune vurderer partnerskap på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, med atterhald om rom for justeringar når ein ser kor mange kommunar som vert med i partnerskapet. Målet må vere at alle kommunane vert med på denne dugnaden, og di fleire kommunar som vert med, di mindre kostnad vert det på kvar enkelt.


Fosnavåg, 26.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge





Arena for  
Læring om  
Velferdsteknologi  
[www.alv-moreogromsdal.no](http://www.alv-moreogromsdal.no)

# Avtale om partnerskap

---

Det er inngått partnerskap mellom

.....kommune

og

ALV - Møre og Romsdal.

Avtalen gjeld frå 1.januar 2016.

Dato:

.....  
Rådmann

Dato:

.....  
Styreleiar ALV Møre og Romsdal

## **Bakgrunn**

Arena for læring om velferdsteknologi (ALV-Møre og Romsdal), vart etablert som eit partnaraskap mellom Høgskolen i Ålesund og Ålesund kommune i 2013.

Frå og med 2016 blir ALV-Møre og Romsdal utvida gjennom partnaraskapsavtalar med kommunar i Møre og Romsdal.

## **Formålet med etablering av ALV – Møre og Romsdal**

Formålet med ALV-Møre og Romsdal er å byggje og dele kunnskap omkring velferdsteknologi gjennom tverrfagleg samhandling i organisasjonane og tverrfagleg samhandling mellom ulike samfunnsaktørar. Kunnskapen skal ha effekt for innbyggjar, kommunar og høgskulen.

For innbyggjarar vil arbeidet i ALV bidra til:

- Betra livskvalitet gjennom sjølvstende, fridom, tryggleik og aktivitet på alle arenaer.

For kommunane vil arbeidet i ALV bidra til:

- Til å bygge bestillerkompetanse på velferdsteknologiske løysingar.
- Å bygge kunnskap til å implementere velferdsteknologi i tenestane.
- Kunnskap om tenleg tenesteorganisering for å få god effekt ut av velferdsteknologien.
- Opplæring av tilsette.

For høgskulen vil arbeidet i ALV bidra til:

- Å legge til rette for forskning. Med utgangspunkt i brukarens behov peike på problemstillingar og bidra til kontakt med forskingsfeltet.
- Idear om korleis velferdsteknologi kan implanterast som fag innan eksisterande utdanningar, evt. ved utarbeiding av velferdsteknologi som sjølvstendig fagområde.

## **ALV skal:**

- Vere ein kompetanse- og læringsarena for heile fylket.
- Fremje velferdsteknologi som verkemiddel for innovasjon av helse- og omsorgstenestane.
- Medverke til etablering av ulike arenaer der partnarane kan dele erfaringar, tilegne seg ny kunnskap og få rettleiing relatert til tenesteinnovasjon, utprøving og implementering av velferdsteknologi.
- Drifte ein fysisk arena (ALV-leilegheit) for opplæring, utprøving, utbetring og utvikling av velferdsteknologi, og stille denne til rådighet for opplæring av partnarane sine tilsette og studentar ved Høgskolen i Ålesund.
- Ta utgangspunkt i partnaraskapskommunane og Høgskolen i Ålesund sine ønskjer og behov relatert til velferdsteknologi.

- Ta initiativ til samarbeid med regionråda og medverke til at velferdsteknologi er tema på relevante møter for ulike grupper av kommunalt tilsette, folkevalte og brukarar.
- Ha prosjektleiar, tilsett i Ålesund kommune, med følgjande arbeidsoppgåver:
  - Vere oppdatert om kva som skjer på velferdsteknologi området nasjonalt og internasjonalt.
  - Gjennomføre kompetanseutviklingstiltak, for eksempel gjennom nyheitsbrev, undervisning, nettverksgrupper, seminar.
  - Vere ressursperson for ALV-kommunane i forbindelse med tenesteutvikling og implementering av velferdsteknologi.
  - Ta initiativ til nye prosjekt, herunder søknad om midlar, saman med partnarane.
  - Vere prosjektleiar i enkeltprosjekt i den grad styringsgruppa bestemmer dette.
  - Vidareutvikle innhald og bruk av ALV-leilegheita ved Høgskolen i Ålesund.
  - Ha hovudansvar for nettsida [www.alv-moreogromsdal.no](http://www.alv-moreogromsdal.no)
  - Rapportere på enkeltprosjekt til partane, når dette er naturleg.
  - Synleggjere resultat oppnådd gjennom ALV, gjennom for eksempel årsrapport.
  - Rapportere status og framdrift til styringsgruppa for ALV.
  - Kalle inn til møter og vere sekretær for styringsgruppa.
- Vurdere personalressursar etter behov og økonomi.

### **ALV-kommunane skal:**

- Definere eigne ønsker og behov for arbeid innan tenesteutvikling og implementering av velferdsteknologi.
- Oppnemne kontaktperson til ALV.
- Stimulere til innovasjon i eigen kommune og invitere ALV inn til samarbeid når dette er aktuelt.
- Dele erfaringar.
- Samarbeide med andre ALV-kommunar om aktuelle prosjekt.
- Opne opp for følgjeforskning på prosjekt når dette er aktuelt.

### **Høgskolen i Ålesund skal:**

- Stille ALV-leilegheita til rådighet, i henhold til gjeldande avtale.

## Partnarar

Det er ynskjeleg at alle kommunar i heile Møre og Romsdal er partnarar i ALV-Møre og Romsdal. Målsetjing, organisering mm. vil verte endra i tråd med slik utvikling.

## Samarbeidspartar

ALV har per dato ein skriftleg samarbeidsavtale med **NAV Hjelpemiddelsentral Møre og Romsdal**. Denne avtalen vart inngått i mars 2014 og har som formål å regulere samarbeidet om etablering og drift av ALV-leilegheita. Avtalen gir rammer for samhandling, utplassering av hjelpemidler frå NAV i ALV-leilegheita og bruk av denne.

Det kan vere aktuelt å inngå fleire samarbeidsavtalar, eksempelvis med KomUT, ulike brukarorganisasjonar, Helse Møre og Romsdal HF, leverandørar og sponsorar.

## Finansiering

Styret for ALV Møre og Romsdal utarbeider årsbudsjett for påfylgjande år og sender dette til partnarskapskommunane innan 01.06.

Medlemsavgift for partnarkommuner fordelast etter følgjande modell:

Folketal	Kostnad
< 5 000	50 000
5 000 – 11 000	75 000
>11 000	150 000

Eigenandel frå partnarane:

- Partnarane dekker sjølve kostnadane for medlemmane i styringsgruppa.
- Ålesund kommune bidrar med eigeninnsats relater til rekneskap, arbeidsgjevaransvar mv.
- Høgskolen i Ålesund svarer for husleige, straumutgifter og reinhald i ALV-leilegheita etter avtale.

ALV-Møre og Romsdal dekkjer brukarrepresentantane sine utgifter og møtegodtgjerdslar etter gjeldande offentlege satsar.

## Organisering

ALV Møre og Romsdal skal ha eit styre på opp til 8 personar, fordelt på følgjande måte:

- 1 representant m/vara frå Høgskolen i Ålesund
- 1 representant m/vara frå Ålesund kommune
- 1 ansattrepresentant m/vara, oppnemnt av arbeidstakarorganisasjonane.
- 1-2 brukarrepresentantar m/vara, derav den eine skal vere frå Ålesund kommune. Oppnemnd av regionråda. Talet på representantar setjast etter følgjande modell:

Partnerskapskommunar	1-5	6-10	≥11
Brukarrepr.	1	1	2


- 1-3 representantar frå andre partnerskapskommunar.  
Oppnemnd av regionråda, men for 2016 av Sunnmøre Regionråd.

Talet på representantar setjast etter følgjande modell:

Partnerskapskommunar	1-5	6-10	≥11
Kommune repr.	1	2	3

Representantar og vara vert oppnemde for 2 år, med funksjonstid frå 1.januar.

Styret er ansvarleg for at eiga organisering vert endra i tråd med samansetjinga av partnerskapskommunar.



## Varigheit

Partnerskapsavtalen gjeld frå 1.1.16, med ei gjensidig oppseingstid på 6 månader.

Partnerskapsavtalen skal reviderast minimum kvart fjerde år. Utover dette kan styringsgruppa ta initiativ til revisjon etter behov. All revisjon skal vere klar 6 månader før iverksetjing. Forslag til revisjon skal sendast til partnarane i god tid.

## **Eit utval aktuelle samarbeidspartar**

- Brukarorganisasjonar
- USHT - Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Møre og Romsdal
- Senter for omsorgsforskning, Midt-Norge
- KomUT
- Fylkesmannen
- NAV
- Sunnmøre regionråd
- Romsdal regionråd
- Nordmøre regionråd ORKidé
- E-kommune Sunnmøre
- IKT-Søre Sunnmøre
- ROR-IKT
- ORKidé-IKT
- Helse Møre og Romsdal
- Næringsliv/-organisasjonar
- Midtnorsk velferdsteknologi nettverk
- Høgskulen i Volda
- Høgskolen i Molde
- KS



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/1190
		Arkiv:	P61

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
214/15	Formannskapet	17.11.2015
	Kommunestyret	10.12.2015

### MARINE GRUNNKART SØRE SUNNMØRE - LASERKARTLEGGING AV FJØRESONE

#### Tilråding:

Kommunestyret omdisponerer 266 000 kroner frå tidlegare løyvde midlar i prosjektet - *Nettbaserte karttenester for publikum 24/7 2014 til Laserkartlegging av fjøresone.*

Rest sum, 164 000 kroner, vert å nytte som forutsatt til prosjektet *karttenester til publikum 24/7* og overført til 2016.

Særutskrift:  
Økonomi  
Utviklingsavdelinga





## **Vedlegg:**

### **1 Notat Pilot Søre Sunnmøre**

## **Saksopplysningar:**

Dei fem kommunane Herøy, Ulstein, Hareid, Sande og Vanylven starta i 2014 prosjektet «Marine Grunnkart Søre Sunnmøre». Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norges Geologiske undersøkelser (NGU) og Runde Miljøseier (RMS). Statens Kartverk har levert høgoppløyslege djupnedata innhenta med moderne fleistråle ekkolodd. Det er søkt til forsvaret om å få lage kart med oppløysing på 1\*1 meter. Dette er innvilga som det einaste området i Norge.

Karta skal dekke sjøområda i alle fem kommunane. I områda nær land og på grunt vatn ved skjer og fluder har ein ikkje djupnedata, då det ikkje er mulig å måle djupner i fjøresona med båt.

Verdi og nytte av dei marine grunnkarta er svært stor for kommunane. Dersom ein får laga kart der både sjø og land blir presentert på same kart vil dette bli ein svært nyttig reiskap for arealplanlegging næringsverksemd og friluftsliv. Ved å gjennomføre kartlegging med laser frå fly vil ein kunne både kartlegge grunne område og kartlegge nøyaktig overgangen mellom sjø og land.

For å diskutere dette vart det halde møte på Runde Miljøseier den 22. juni mellom med NGU, Kartverket dei fem involverte kommunane, Møre og Romsdal Fylkeskommune mfl. Der vart det lagt fram planar frå Kartverket og NGU om at Søre Sunnmøre skal bli nasjonalt pilotområde for sjøkartlegging. Kartverket har ambisjon om å få til saumlause kart mellom sjø og land. Dette forutset at kystsona (0-5 meter) blir laserkartlagt frå fly (grøn laser). Leiar for Kartverket divisjon sjø, Evert Flier foreslo eit samarbeidsprosjekt med kommunane på Søre Sunnmøre for å gjennomføre den naudsynte laserkartlegginga. Det vart og foreslått at Runde Miljøseier skal ta seg av den lokale koordineringa mellom kommunane og Kartverket.

Dette prosjektet vil bidra til at Søre Sunnmøre kan vidareutvikle berekraftig verdiskapning og ressurs-forvaltning basert på eit kunnskapsgrunnlag som vil vere heilt unikt for Norge. Regionen vil framstå som et fyrstårn når det gjeld kunnskapsbasert forvaltning og næringsutvikling (Evert Flier, Kartverket).

## **Vurdering og konklusjon:**

Kartverket har talfesta kostnader for prosjektet på 2,5 mill. kroner for sin del av arbeidet. Runde Miljøseier estimerer kostnader for møter, koordinering, søknader og lokal organisering til 100.000 kroner. Total kostnad for prosjektet blir då kr 2,6 mill. kroner. Eigeninnsats frå kommunane er ikkje tatt med.

Kartverket har foreslått eigenfinansiering på kr 1,7 mill kroner. For å dekke kostnaden på tilsaman 2,6 mill. må kommunane finansiere 900.000 kroner. Dette utgjør 34% av kostnadene.

Kommunane sin del av finansiering foreslår vi blir delt mellom kommunane. Halvparten av kostnadene (kr 450.000 blir delt likt mellom kommunane og utgjør kr 90.000 pr kommune. Dette er kostnader som er uavhengig av kommunene sitt sjøareal. Dette er kostnader til planlegging, organisering, innflyging, rapportering, møøeter etc. Den andre halvdel av kostnadene skal delast etter storleik på sjøareal. Dersom ein bruker denne modellen vil kostnadene fordele seg slik mellom kommunane.

**Tabell 4. Fordeling av kostnader mellom kommunar**

	Basis finansiering	Sjøareal	%	Arealfinansiering	Total
Ulstein	90 000	92	15	68 771	158 771
Hareid	90 000	56	9	41 860	131 860
Herøy	90 000	235	39	175 664	265 664
Sande	90 000	136	23	101 661	191 661
Vanylven	90 000	83	14	62 043	152 043
Total	450 000	602	100	450 000	900 000

Kostnadene kan fordelast over to år (2016 og 2017)

Rådmannen vurderer dette som eit spanande og innovativt arbeid som set Fosnavåg og Herøy på kartet knytt til banebrytande arbeid nasjonalt og internasjonalt. I april neste år vil dei nye marine grunnkarta verte tilgjengeleggjort for alle og vil legge fundamentet for brei bruk og forskning som bidreg til at sunnmøre får ein unik posisjon.

Ein rår til at ein omdisponerer deler av tidlegare løyvde midlar av prosjektet - **Nettbaserte karttenester for publikum 24/7 2014** til laserkartlegging av fjøresone.

Resterande sum, 164 000 kroner vert å nytte som forutsatt til karttenester til publikum 24/7. Då ein har hatt permisjonar ved utviklingsavdelinga har ein ikkje kunne nytta desse midlane som forutsatt i 2015 og ein rår til at desse vert overført til 2016.

Fosnavåg, 04.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



## NOTAT

Emne	Heldekkende og harmonisert kunnskapsgrunnlag for Søre Sunnmøre
Til	Nils Roar Hareide, Daglig leder Runde Miljøsentor
Fra	Evert Flier, Direktør Sjødivisjon Kartverket
Dato	11.august 2015
Kopi til	Erik Perstuen, Direktør Landdivisjon Kartverket

### Innledning

Gjennom prosjektet Marine grunnkart Søre Sunnmøre, har regionen fremskaffet et kunnskapsgrunnlag innenfor et 800 km<sup>2</sup> stort sjøområde som er unikt for Norge. Detaljerte dybde data som sammen med geologiske data er gjort fritt tilgjengelig gjennom de marine grunnkartene, utgjør basisen i det marine kunnskapsgrunnlaget, og vil kunne gjenbrukes og anvendes innenfor en rekke ulike bruksområder. Selv om prosjektet ikke ferdigstilles før sommeren 2016, er det flere aktører som allerede har hatt stor nytte av tilgang på disse dataene.

Kartverket ønsker å bidra til en ytterligere kvalitetsheving av kunnskapsgrunnlaget gjennom å dekke gapet mellom høyde- og dybde data i de grunneste sjøområdene ved bruk av ny teknologi.

I tillegg ønsker Kartverket å utvikle en felles lokal vertikal referanseramme for høyde- og dybde data, slik at det kan lages sømløse terrengmodeller for land- og sjøområdene i kystsonen.

### Helhetlig forvaltning av kystsonen


Sømløse terrengmodeller, fra dybde data i sjø til høyde data på land, utgjør selve fundamentet for å kunne bygge et helhetlig kunnskapsgrunnlag for kystsonen. Tiltak i sjøområdene har svært ofte direkte sammenheng med forhold på land. Mulighetene for å kunne integrere data som dekker hele kystsonen, vil bidra til økt helhetsforståelse, effektivisering og styrking av de kunnskapsbaserte plan- og beslutningsprosessene.

### Innsamling av dybde data

Innsamling av dybde data langs Norskekysten foregår nærmest utelukkende ved bruk av båt utstyrt med et multistråleekkolodd. Teknologien leverer pålitelige dybde data av høy kvalitet og detaljeringsgrad, men er kompleks, kostbar og tidkrevende. I tillegg er det fysiske begrensninger mht. bruk av målebåter i de grunneste farvannene. Kostnaden pr. kvadratkilometer går dessuten kraftig opp, jo grunnere det blir.

I fjor sommer gjennomførte Kartverket et pilotprosjekt for å teste alternativ teknologi for innsamling av dybde data i grunnere, kystnære områder. Teknologien baserer seg

på såkalt grønn laser fra fly, der dybden fremkommer gjennom signalene reflektert fra hhv. vannoverflaten og havbunnen. Resultatene fra pilotprosjektet (se vedlagt rapport) er lovende, særlig fra 0 til 3 meters dyp, men også dypere under tilstrekkelig gunstige forhold. Laserteknologien vil være et viktig hjelpemiddel til å dekke kunnskapsgapet som oppstår når det dybdemåles og høydemåles med eksisterende teknologi.




Figur1: Prinsippskisse "Topographic and bathymetric Lidar"

## Videreføring av prosjekt Marine grunnkart Søre Sunnmøre

Kartverket ønsker å kunne bidra til en ytterligere kvalitetsheving av kunnskapsgrunnlaget for regionen Søre Sunnmøre gjennom å kartlegge kyststripene mellom sjømålte områder og land med fly/laserteknologi, noe som er vanskelig og tidkrevende å gjennomføre ved bruk av båt/ekkolodd.


Kartverket vil kunne gjennomføre en grønn laserkartlegging av de prioriterte kyststripene i Søre Sunnmøre i 2016 gjennom en eventuell samfinansiering mellom Kartverket, kommunene, fylkeskommunen, og eventuelle andre interessenter. Kostnaden til kartlegging av kyststripene i Søre Sunnmøre er foreløpig estimert til 2,5 mill. NOK.



*Bildet viser kyststripene i Søre Sunnmøre som ikke er kartlagt.*

## Felles vertikal referanseramme land/sjø

Land og sjø har vært to adskilte domener i århundrer. Dermed har miljøene som knytter seg til hhv. land eller sjø også utviklet seg uavhengig fra hverandre. Det benyttes et annet referansenivå for å definere høyde på land, enn for å definere dybde i sjø.




Når vi kombinerer eksisterende dybde data og høyde data med nye terreng data fra grønn laser, og syr datagrunnlagene sammen ved hjelp av en felles vertikal referanseramme, får vi et helhetlig og harmonisert kunnskapsgrunnlag for regionen Søre Sunnmøre. Dette vil bidra til at Søre Sunnmøre kan videreutvikle bærekraftig verdiskapning og ressursforvaltning basert på et kunnskapsgrunnlag som vil være helt unikt for Norge, og sannsynligvis for resten av verden. Regionen vil fremstå som et fyrtårn når det gjelder kunnskapsbasert forvaltning og næringsutvikling.

Kartverket ønsker å utvikle en felles vertikal referanseramme for Søre Sunnmøre. Et slikt prosjekt har et kostnadsoverslag på 2,3 mill. NOK, og vil eventuelt dekkes av Kartverket.

### Samfinansiering

Kartverket ber Runde Miljøsentere å videreformidle notatet til de 5 kommunene, fylkeskommunen og andre aktører i prosjekt Marine grunnkart Søre Sunnmøre.

Kartverket retter med dette en forespørsel til kommunene og fylkeskommunen om å bidra til kartlegging av kyststripa i Søre Sunnmøre med til sammen 800 000 NOK.



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/525
		Arkiv:	124

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
215/15	Formannskapet Kommunestyret	17.11.2015

### ENDRING AV GEBYRREGULATIV FOR DELE- OG BYGGESAK, OPPMÅLING OG PLAN

#### Tilråding:

Kommunestyret vedtek nye gebyrsatsar for dele- og byggesak, oppmåling og plan slik dei går fram av vedlegg til saka.

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga

**Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 Forslag 2016 - gebyr knytt til oppmåling
- 2 Forslag 2016 - gebyr knytt til bygge og delesak
- 3 Forslag 2016 - gebyr knytt til plan og dispensasjonar

**Saksopplysningar:**

I 2015 justerte Herøy kommune sine gebyr knytt til Utviklingsavdelinga sine fagområder vesentleg opp. I forslag for 2016 legg ein til grunn å harmonere ytterligere gebyrregulativa mot Ulstein kommune sitt gebyrregulativ for liknande tenester. Dette medfører at satsane vil auke utover ordinær prisstigning på 2,7 %. I forslaget ligg der ei total auke i gebyra frå 6 til 13,7 %.

Ein legg inn ei forventa inntektsauke i budsjettet på 212 000 kroner på denne gebyrjusteringa.

**Vurdering og konklusjon:****Byggesak**

Ein rår til at gebyra vert i stor grad samordna med Ulstein kommune sine satsar for 2015 og det vert lagt til prisstigning på 2,7 % på gebyra.

**Deling av grunneigedom**

Ein rår til at gebyra vert i stor grad samordna med Ulstein kommune sine satsar for 2015 og det vert lagt til prisstigning på 2,7 % på gebyra.

Mindre tilpasningar i teksten på gebyrregulativet (vist med raudt i vedlegget)

**Plan og dispensasjonar**

Ein rår til at gebyra vert i stor grad samordna med Ulstein kommune sine satsar for 2015 og det vert lagt til prisstigning på 2,7 % på gebyra.

Ein viser elles til vedlegg i saka.

Fosnavåg, 19.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller





## §5.1 Oppretting av matrikkeleining

### §5.1.1 OPPRETNING AV MATRIKKELEINING OG FESTEGRUNN

Areal frå 0 – 2000 m

Areal frå 2001 -20 000m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt da.

Areal over 20 001m<sup>2</sup> etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m<sup>2</sup>

### §5.1.2 MATRIKULERING AV EKSISTERANDE UMATRIKULERT GRUNN

Areal frå 0 – 2000 m<sup>2</sup>

Areal frå 2001 -20 000m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt da.

Areal over 20 001m<sup>2</sup> etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m<sup>2</sup>

### §5.1.3 OPPMÅLING AV UTEAREAL PÅ EIGARSEKSJON

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon

Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon,pr seksjon

### §5.1.4 OPPRETNING AV ANLEGGSEIGEDOM

volum frå 0 – 2000 m<sup>3</sup>

volum frå 2001 -20 000m<sup>3</sup>– auke pr. påbegynt 1000m<sup>3</sup> (gml sats gjenspeglar 0-500m<sup>2</sup>)

### §5.1.5 REGISTRERING AV JORDSAMEIGE

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Timepris med minstegebyr

### §5.1.6 OPPRETNING AV TILLEGGSAREAL SOM EIGEN MATRIKKELEINING SOM TILLEGG TIL EKSISTERANDE GRUNNEIGEDOM ELLER FESTEGRUNN.

Gebyr

### §5.1.7 OPPRETNING AV PUNKTFESTE.

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktbeste

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktbeste der punktbeste er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak

## §5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på

### §5.2.1 AVBROT I OPPMÅLINGSFORRETNING ELLER MATRIKULERING

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvissast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsene sett til 1/3 etter §5.1 og §5.2

## §5.3 Grensejustering

### §5.3.1 GRUNNEIGEDOM, FESTEGRUNN OG JORDSAMEIGE

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m<sup>2</sup>). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 – 250 m<sup>2</sup> -NY

Areal frå 251 – 500 m<sup>2</sup> (gml sats gjenspeglar 0-500m<sup>2</sup>)

### §5.3.2 ANLEGGSEIGEDOM

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m<sup>3</sup>

Areal frå 0 – 250 m<sup>3</sup> -NY

Areal frå 251 – 500 m<sup>3</sup> (gml sats gjenspeglar 0-500m<sup>2</sup>)

## §5.4 Arealoverføring

### §5.4.1 GRUNNEIGEDOM, FESTEGRUNN OG JORDSAMEIGE

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast.

Arealoverføring utløysar dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Areal frå 0 – 2000 m<sup>2</sup>

Areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da

### §5.4.2 ANLEGGSEIGEDOM

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining.

Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 2000 m<sup>3</sup>

Volum frå 2001 - auke pr. påbegynt da

## §5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt

For overskytende grensepunkt, pr. punkt

Sats 2015	Arealgebyr	Ulstein 2015	Ulstein 2015	Prosentdifferanse	Prosentdifferanse	Forslag 2016 inkl. 2,7 prisvekst	Forslag 2016 inkl. 2,7 prisvekst	Total auke i prosent	
15000		16650		11,00		17100		14,00	14,00
600		653		8,83		671		11,77	11,77
4000		5240		31		5381		34,54	
348		382		9,77		392		12,73	12,73
9000		10493		16,59		10776		19,74	19,74
2900		3275		12,93		3363		15,98	15,98
0		653				671			
15000		16650		11		17100		14,00	14,00
4900		5240		6,94		5381		9,83	9,83
9000	5,8	9640	6,2	7,11	6,90	9900	6,37	10,00	10,00
9000		9640	6,2	7,11		9900	6,37	10,00	10,00
4000		4000		0		4108		2,70	
4300		4573		6,35		4696		9,22	9,22
0		5895				6054			
6800		8515		25,22		8745		28,60	
0		7860				8072			
6800		9838		44,68		10104		48,58	
15000		16650		11		17100		14,00	14,00
600		653		8,83		671		11,77	11,77
15000		16650		11		17100		14,00	14,00
600		653		8,83		671		11,77	11,77
1738		1929		10,99		1981		13,99	13,99
579		642		10,88		659		13,87	13,87

**§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter**

For inntil 2 punkter

For overskytande grensepunkt, pr. punkt

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Timepris er

Dersom alle grensene kring eignedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter §5.1

**§5.7. Privat grenseavtale**

Gebyr vert fastsett etter medgått tid. Timepris med minstegebyr på

**§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid**

Gebyr for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid. Timepris + mva.

Ved markarbeid vert lagt til bruk av oppmålingsutstyr pr time. Meirverdiavgift skal eventuelt leggst til etter gjeldande reglar.

**§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka**

Gjer revirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

**§5.10 Utferde matrikkelbrev**

Matrikkelbrev inntil 10 sider kr 175,-

Matrikkelbrev over 10 sider kr 350,-

Endring i maksimalsatsar vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

Gjennomsnitt

	5796	6427		10,89		6601		13,88	13,88
	1160	1285		10,78		1320		13,77	13,77
	600	693		15,50		712		18,62	18,62
	2320	2570		10,78		2639		13,77	13,77
	600	693		15,5		712		18,62	18,62
	338	384		13,61		394		16,68	16,68

**13,73**

## GEBYRSATSAR FOR 2016

Arkivsak: 2015/XXX Dato XX.12.201X  
 Gebyrregulativ , Jf. PBL § 33-1 og § 7 i lov om eigarseksjonar  
 Gjeldande frå 01.01.2016

Prisvekst 2016: 2,7 %

Ulstein 2015

Forskjell i prosent mellom Herøy og Ulstein 2015

Forslag nye satser 2016 i Herøy

GEBYRSATSAR for byggesaker, frådeling, grensejustering, seksjonering og regulering Alle areal er oppgitt i BRA	Grunn beløp	Gebyr pr. m <sup>2</sup> BRA	Gebyr pr. m <sup>2</sup> 0 - 200	Gebyr pr. m <sup>2</sup> > 200	Grunn beløp	Gebyr pr. m <sup>2</sup> BRA	Gebyr pr. m <sup>2</sup> 0 - 200	Gebyr pr. m <sup>2</sup> > 200	Grunn beløp	Gebyr pr. m <sup>2</sup> BRA	Gebyr pr. m <sup>2</sup> 0 - 200	Gebyr pr. m <sup>2</sup> > 200	Grunn beløp	Gebyr pr. m <sup>2</sup> BRA	Gebyr pr. m <sup>2</sup> 0 - 200	Gebyr pr. m <sup>2</sup> > 200
1 [Ingen registrering]																
2 BUSTAD- OG FRITIDSBYGG ei brukseining, (inkl. garasje, etc.)	kr 3 000	kr 31,21	kr -	kr -	kr 3 180	kr 33,08	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 34	kr -	kr -
3 BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Rekke, kjede, atrium-, horisontaldelt, o.l	kr 3 000	kr 37,50	kr -	kr -	kr 3 180	kr 39,75	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 41	kr -	kr -
4 BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Tilbygg/påbygg	kr 3 000	kr 37,50	kr -	kr -	kr 3 180	kr 39,75	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 41	kr -	kr -
5 BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Ombygging(endra bruksareal), bruksendring	kr 3 000	kr 7,80	kr -	kr -	kr 3 180	kr 8,27	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 8	kr -	kr -
6 BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Fasadeendring, skifte av vindauge, tak og lignende	kr 3 000	kr -	kr -	kr -	kr 3 180	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
7 ANDRE BYGG § 20-1 Nybygg	kr 3 000	kr -	kr 76,38	kr 19,00	kr 3 180	kr -	kr 80,97	kr 20,14	6 %		6 %	6 %	kr 3 266	kr -	kr 83	kr 21
8 ANDRE BYGG § 20-1 Til og påbygg	kr 3 000	kr -	kr 37,50	kr 19,00	kr 3 180	kr -	kr 39,75	kr 20,14	6 %		6 %	6 %	kr 3 266	kr -	kr 41	kr 21
9 ANDRE BYGG § 20-1 Omb/bruksendr	kr 3 000	kr -	kr 31,21	kr 19,00	kr 3 180	kr -	kr 33,08	kr 20,14	6 %		6 %	6 %	kr 3 266	kr -	kr 34	kr 21
10 TILTAK t.d. garasje, uthus (også landbruk) etter § 20-2 bokstav a), b) og d)	kr 3 000	kr 19,00	kr -	kr -	kr 3 180	kr 20,14	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 21	kr -	kr -
11 TILTAK Til/påbygg og bruksendringer etter § 20-2 a), b) og d)	kr 3 000	kr -	kr 19,00	kr -	kr 3 180	kr -	kr 20,14	kr -	6 %		6 %		kr 3 266	kr -	kr 21	kr -
12 MELLOMBELSE BYGNINGAR etter § 20-2 c) (fullt gebyr tilsvarende ANDRE BYGG § 20-1)	kr 3 000	kr -	kr 76,38	kr 19,00	kr 3 180	kr -	kr 80,97	kr 20,14	6 %		6 %	6 %	kr 3 266	kr -	kr 83	kr 21
13 ENDRINGAR, FORNYA BYGGELØYVE som krev handsaming	kr 3 000	kr -	kr 3,40	kr 1,64	kr 3 180	kr -	kr 3,60	kr 1,73	6 %		6 %	6 %	kr 3 266	kr -	kr 4	kr 2
14 REV. TEIKNINGAR/Mindre TILLEGG/ENDRINGAR som krev handsaming	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	kr 1 590	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
15 RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg < 100 m2	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	kr 1 590	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
16 RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg > 100 m2	kr 3 000	kr 3,90	kr -	kr -	kr 3 180	kr 4,14	kr -	kr -	6 %	6 %			kr 3 266	kr 4	kr -	kr -
17 HEIS, TEKN.INNSTALL., PIPER/FYRINGSANLEGG	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	kr 1 590	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
18 SKILT, STØTTEMURAR(inkl utstikking), MASTER, BRØNNAR, GJERDE	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	kr 1 590	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
19 UTANDØRSANLEGG / Anlegg (av ein viss storleik)	kr 3 000	kr -	kr -	kr -	kr 3 180	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
20 ANLEGG I STRANDSONA. HAMNER/FISKERIANLEGG, NYANLEGG, MOLO,KAI,FLYTEBRYGGE	kr 6 000	kr -	kr -	kr -	kr 6 360	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 6 532	kr -	kr -	kr -
21 ANDRE SØKNADSPLOKTIKTE TILTAK ETTER § 20-1 (kan vere mindre bygg, div. anlegg m.m)	kr 3 000	kr 19,00	kr -	kr -	kr 3 180	kr -	kr -	kr -	6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
22 AVSLAG PÅ SØKNAD	kr 3 000				kr 3 180				6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
23 ANSVARSRETTAR, personleg godkjenning ved større tiltak (ansv. søk.pro )	kr 1 500				kr 1 590				6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
24 SAKSHANDSAMING AV LOKAL GODKJENNING, i etterkant av godkj. byggemeld.	kr 1 500				kr 1 590				6 %				kr 1 633	kr -	kr -	kr -
25 SØKNAD OM IGANGSETTINGSLØYVE eit gebyr pr. søknad	kr 3 000				kr 3 180				6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
31 SØKNAD OM FRÅDELING - handsaming etter PBL	kr 3 000				kr 3 180				6 %				kr 3 266	kr -	kr -	kr -
32 SEKSJONERING, ikkje utført synfaring - 3 gongar rettsgebyret*	kr 2 580				kr 2 580				0 %				kr 2 580	kr -	kr -	kr -
33 SEKSJONERING, utført synfaring - 5 gongar rettsgebyret*	kr 4 300				kr 4 300				0 %				kr 4 300	kr -	kr -	kr -

\* Rettsgebyret er pr. 01.01.2014 på kr. 860,- (uendra sidan 01.01.2006)

### UTSTIKKING AV BYGG

Bustadhus	kr 3 988,- + mva			kr 4 227,00									kr 4 341	+mva
Etterkontroll av utstikking - Bustad:	kr 2 175,- + mva			kr 3 505,00									kr 3 600	+mva
<b>PAKKE - utstikking Bustad inkl etterkontroll:</b>	kr 5 546,- + mva			kr 5 878,00									kr 6 037	+mva
Garasje	kr 2 175,- + mva			kr 2 305,00									kr 2 367	+mva

## Plan og dispensasjonsgebyr

	2015	Kommentar	Ulstein 2015	Prosentdifferanse	Forslag 2016 inkl. 2,7 prisvek	Total auke i prosent
Handsamingsgebyret for 1.1,1.2 og 1.3 :	20000				20540	2,7
Handsamingsgebyret for 1.4 :						
SØKNAD OM DISPENSASJON - rein formalitet (etter vurdering i den eir	0					
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming delegert utviklingsleiar - ut	1500	1/2 grunnbeløp	1590	6	1633	8,86
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming delegert utviklingsleiar - m	3000		3180	6	3266	8,86
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming MTK utan høyring)	4500	1,5 grunnbeløp	4770	6	4899	8,86
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming MTK med høyring)	10500	3,5 grunnbeløp	11130	6	11431	8,86
Grunnbeløp	3000		3180	6	3266	8,86
<b>1.1 Storleiken på arealgebyret</b>						
Fast gebyr inntil 5000m2	8817				9055	2,7
For kvar påbyrja 1000m2 frå 5001m2 og oppover	800				822	2,7
3.2 Mindre endring reguleringsplan	4000				4108	2,7

Gjennomsnitt

**6,12**

Referatsaker

Referatsaker

**Innkalling**

**REPRESENTANTSKAPSMØTE**

**Søre Sunnmøre Reinholdsverk**

---

**torsdag**

**5. november 2015**

**Kl. 10.00**

**Saunesmarka**



Innkalling til representantskapsmøte i

## **Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

**torsdag 05.11.2015 kl. 10.00** i Saunesmarka, Ulsteinvik

### **Innkalling til:**

- Arnulf Goksøyr, Herøy
- Camilla Storøy, Herøy
- Per Kristian Furø, Herøy
- Karly Ingunn Teige, Herøy
- Magne Gurskevik, Ulstein
- Eli Skaatun, Ulstein
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Anders Riise, Hareid
- Annika Brandal, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Linda Dyrhol, Sande

Desse sakene er førebudde for handsaming:

### **Vedtaksaker:**

**Sak R14/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sak R15/15 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar)**

**Sak R16/15 Eventuell konstituering av representantskapet**

**Sak R17/15 Revidert budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018**

**Sak R18/15 Budsjett 2016, gebyrregulativ 2016 og økonomiplan 2016 – 2019**

Forts.

Forts.

**Sak R19/15 Strategisk plan for SSR**

<b>Sum finansutgifter</b>	<b>498</b>	<b>1 257</b>	<b>3 443</b>	<b>3 346</b>	<b>3 248</b>
<b>Sum finansposter</b>	<b>-172</b>	<b>-918</b>	<b>-3 099</b>	<b>-2 997</b>	<b>-2 894</b>
<b>Resultat av årets drift</b>	<b>4 604</b>	<b>2 217</b>	<b>-1 022</b>	<b>-585</b>	<b>-1 823</b>
Til framføring mot sjølvkostfond, hush.	3 573	1 496	-1 315	-1 089	-2 305
Til framføring mot egenkapital	863	659	256	491	497
<b>Sjølvkostfond per 31.12.</b>	<b>14 418 000</b>	<b>15 914 000</b>	<b>14 599 000</b>	<b>13 510 000</b>	<b>11 205 000</b>

# SSR - Økonomiplan 2016 - 2019

I følge § 20 i IKS-lova skal ein økonomiplan i eit IKS omfatte dei fire neste budsjettåra og "gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver, herunder investeringsplaner, og finansieringen av disse i perioden. I økonomiplanen skal det inngå en oversikt over selskapets samlede gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i planperioden".

## Hushaldning:

	Prognose 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
<b>Driftsinntekter</b>					
Renovasjonsgebyr hushaldning	33 013	33 674	34 347	35 034	35 735
Andre driftsinntekter	2 801	2 858	2 915	2 973	3 033
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>35 814</b>	<b>36 532</b>	<b>37 263</b>	<b>38 008</b>	<b>38 768</b>
<b>Driftskostnader</b>					
Varekostnader	7 670	7 977	8 296	8 711	9 146
<b>Sum varekostnader</b>	<b>7 670</b>	<b>7 977</b>	<b>8 296</b>	<b>8 711</b>	<b>9 146</b>
Lønn-/personalkostnader	13 940	14 852	15 793	16 251	17 232
Avskrivning	2 522	3 165	3 308	2 607	2 798
Andre driftskostnader	7 990	8 311	8 643	9 076	9 529
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>24 452</b>	<b>26 328</b>	<b>27 744</b>	<b>27 933</b>	<b>29 559</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>32 122</b>	<b>34 305</b>	<b>36 040</b>	<b>36 644</b>	<b>38 706</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 692</b>	<b>2 227</b>	<b>1 222</b>	<b>1 364</b>	<b>62</b>
<b>Finansposter</b>					
Renteinntekter	291	303	308	312	317
Aksjeutbytte	8	8	8	8	8
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>299</b>	<b>311</b>	<b>316</b>	<b>320</b>	<b>325</b>
Renteutgifter og andre finansutgifter	418	1 042	2 853	2 773	2 692
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>418</b>	<b>1 042</b>	<b>2 853</b>	<b>2 773</b>	<b>2 692</b>
<b>Sum finansposter</b>	<b>-119</b>	<b>-731</b>	<b>-2 537</b>	<b>-2 453</b>	<b>-2 367</b>
<b>Resultat av årets drift</b>	<b>3 573</b>	<b>1 496</b>	<b>-1 315</b>	<b>-1 089</b>	<b>-2 305</b>
<b>Til framføring mot sjølvkostfond, hush.</b>	<b>3 573</b>	<b>1 496</b>	<b>-1 315</b>	<b>-1 089</b>	<b>-2 305</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
<b>Sjølvcostfond per 31.12</b>	<b>14 418 000</b>	<b>15 914 000</b>	<b>14 599 000</b>	<b>13 510 000</b>	<b>11 205 000</b>

<b>Investeringsbehov</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Herøy miljøstasjon (Mjølstadneset)	5 000 000			
Ny miljøstasjon (Saunesmarka)	36 000 000	16 000 000		
Sande miljøstasjon (Myklebustmyrane)	6 000 000			
Diverse mindre investeringar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Innføring av våtorganisk avfall			2 000 000	1 000 000
<b>Sum investeringar *</b>	<b>48 000 000</b>	<b>17 000 000</b>	<b>3 000 000</b>	<b>2 000 000</b>

\* Gjennom å vedta investeringsbudsjettet har ein også samstundes vedteke eventuelle låneopptak for investeringane i 2016. Avskrivningane på investeringane i 2016 er lagt inn i 2016-budsjettet.

<b>Forutsetningar</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
%-vis mengdeauke (ekskl befolkningsauke)	1 %	1 %	1 %	1 %
%-vis befolkningsauke	1 %	1 %	1 %	1 %
%-vis gebyrauke per år	0 %	0 %	0 %	0 %
%-vis kostnadsauke	4 %	4 %	5 %	5 %
%-vis lønnskostnad	2,9 %	2,9 %	2,9 %	2,9 %
Rentesats innskotsrente (renteinntekter bank)	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån	2,0 %	2,5 %	2,5 %	3,0 %
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån	1,75 %	2,0 %	2,0 %	2,5 %
Auke antal årsverk p.g.a. høgare servicenivå	1	1	0	1

Kostnadane er forventa å auke ein del i 2018 og 2019 p.g.a. nye fraksjonar, større mengder inkludert i gebyret og høgare servicenivå.

I føresetnadane er det ikkje tatt med ekstraordinære av- og nedskrivningar.

#### Selskapet si samla gjeldsbyrde er på følgande:

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2019</b>
Langsiktig gjeld					
til kredittinstitusjonar	37 010 000	77 466 000	75 135 000	72 804 000	70 472 000

I tillegg kjem driftskreditt.

Garantiansvaret på langsiktig gjeld er fordelt på kommunane med slik forplikting i prosent:

Hareid kommune	20,71
Herøy kommune	36,16
Sande kommune	10,72
Ulstein kommune	32,41

## Næring:

	Prognose 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
<b>Driftsinntekter</b>					
Renovasjonsgebyr/inntekter næring	5 949	6 247	6 497	6 757	7 027
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>5 949</b>	<b>6 247</b>	<b>6 497</b>	<b>6 757</b>	<b>7 027</b>
<b>Driftskostnader</b>					
Varekostnader	841	875	910	956	1 003
<b>Sum varekostnader</b>	<b>841</b>	<b>875</b>	<b>910</b>	<b>956</b>	<b>1 003</b>
Lønn-/personalkostnader	2 293	2 448	2 609	2 685	2 853
Avskrivning	526	649	678	524	512
Andre driftskostnader	1 374	1 430	1 487	1 562	1 640
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>4 193</b>	<b>4 527</b>	<b>4 774</b>	<b>4 770</b>	<b>5 004</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>5 034</b>	<b>5 402</b>	<b>5 684</b>	<b>5 726</b>	<b>6 007</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>915</b>	<b>845</b>	<b>813</b>	<b>1 031</b>	<b>1 020</b>
<b>Finansposter</b>					
Renteinntekter	25	26	26	27	27
Aksjeutbytte	2	2	2	2	2
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>27</b>	<b>28</b>	<b>28</b>	<b>29</b>	<b>29</b>
Renteutgifter og andre finansutgifter	79	214	585	569	552
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>79</b>	<b>214</b>	<b>585</b>	<b>569</b>	<b>552</b>
<b>Sum finansposter</b>	<b>-52</b>	<b>-186</b>	<b>-557</b>	<b>-540</b>	<b>-523</b>
<b>Resultat av årets drift</b>	<b>863</b>	<b>659</b>	<b>256</b>	<b>491</b>	<b>497</b>
<b>Til framføring mot egenkapital</b>	<b>863</b>	<b>659</b>	<b>256</b>	<b>491</b>	<b>497</b>
<b>Forutsetninger</b>					
%-vis inntektsauke per år	5 %	4 %	4 %	4 %	4 %
%-vis generell kostnadsauke	4 %	4 %	4 %	5 %	5 %
%-vis lønnskostnad	2,9 %	2,9 %	2,9 %	2,9 %	2,9 %
Rentesats innskotsrente (renteinntekter bank)	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån	2,0 %	2,5 %	2,5 %	2,5 %	3,0 %
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån	1,75 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,5 %



## Slam:

	Prognose 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
Inntekt slamtøming komm. kloakk	1 094	1 116	1 183	1 254	1 329
Inntekt slamtøming private tankar	3 155	3 219	3 412	3 617	3 834
<b>Sum inntekter slam</b>	<b>4 249</b>	<b>4 335</b>	<b>4 595</b>	<b>4 871</b>	<b>5 163</b>
<b>Driftskostnader</b>					
Varekostnader	3 491	3 665	3 922	4 196	4 490
<b>Sum varekostnader</b>	<b>3 491</b>	<b>3 665</b>	<b>3 922</b>	<b>4 196</b>	<b>4 490</b>
Lønn-/personalkostnader	410	421	433	446	459
Avskrivning	7	5	5	4	4
Andre driftskostnader	172	181	194	207	222
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>589</b>	<b>607</b>	<b>632</b>	<b>657</b>	<b>684</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>4 080</b>	<b>4 272</b>	<b>4 553</b>	<b>4 853</b>	<b>5 174</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>169</b>	<b>63</b>	<b>42</b>	<b>18</b>	<b>-11</b>
<b>Finansposter</b>					
Renteinntekter	0	0	0	0	0
Aksjeutbytte	0	0	0	0	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Renteutgifter og andre finansutgifter	1	1	5	4	4
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>4</b>
<b>Sum finansposter</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>-5</b>	<b>-4</b>	<b>-4</b>
<b>Resultat av årets drift</b>	<b>168</b>	<b>62</b>	<b>37</b>	<b>14</b>	<b>-15</b>
<b>Forutsetningar</b>					
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	
%-vis mengdeauke (ekskl befolkningsauke)	1 %	5 %	5 %	5 %	
%-vis befolkningsauke	1 %	1 %	1 %	1 %	
%-vis gebyrauke per år	0 %	0 %	0 %	0 %	
%-vis generell kostnadsauke	5 %	7 %	7 %	7 %	
%-vis lønnskostnad	2,9 %	2,9 %	2,9 %	2,9 %	
Rentesats innskotsrente (renteinntekter bank)	1,5 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %	
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) gamle lån	2,0 %	2,5 %	2,5 %	3,0 %	
Rentesats utlånsrente (rentek. bank) nye lån	1,75 %	2,0 %	2,0 %	2,5 %	

# MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

## SAK NR R19/15

Møtedato: 05.11.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### **Sak R19/15 – Strategisk plan for SSR**

Vedlagt finn de følgande:

- Utkast til ny strategiplan for SSR for perioden 2016 – 2019.

Utkastet til ny strategiplan har bakgrunnen sin i fleire delrapportar på viktige fagfelt, fleire strategimøter, og – ikkje minst – prosjektrapporten for «Neste generasjon SSR». I utkastet er det også sett litt til andre liknande selskap sine strategiplaner, men kanskje spissa litt meir i prioriterte tiltak enn fleire andre gjer – og planen kan difor gjerne karakteriserast som ambisiøs. Strategiplanen har også vore gjennom behandling i fleire styremøte.

### **Styret si tilråding til vedtak:**

Representantskapet godkjenner ny strategiplan for perioden 2016 - 2019,

### **Vedtak, samr.:**

**UTKAST TIL NY STRATEGIPLAN**

**STRATEGISK PLAN**

**SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)**

**2016 – 2019**

**Vedtatt av styret 22. oktober 2015**

**Vedtatt av representantskapet 5. november 2015**

**Gjeldande frå 1. januar 2016**

## Innhold:

- |   |        |
|---|--------|
| 1. Status og rammebetingelsarfor selskapet pr. 2015     | side 3 |
| 2. Visjon, forretningsidé og verdier                    | side 4 |
| 3. Strategiske mål for selskapet                        | side 4 |
| 4. Prioriterte tiltak for å nå oppsette strategiske mål | side 6 |
| 5. Tabell for måltal                                    | side 9 |

Formålet med dette dokumentet er å etablere hovudretningslinjer for korleis noverande og framtidige utfordringar for selskapet si kjerneverksemd skal møtast og handterast.

Denne strategiplanen avløyser tidlegare strategiplan, og hentar mykje av endringane og innhaldet frå prosjektrapporten / prosjektarbeidet i prosjektet «Neste generasjon SSR».

Selskapsstrategien er bygd på mandat og forventingar som ligg i selskapsavtale og eigarstrategi.

# **1. Status og rammebetingelsar for selskapet pr. 2015**

## **1.1 Status for selskapet si verksemd**

Selskapet vart stifta i 1980 og er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Verksemda omfattar innsamling, transport, mellomlagring og vidarebehandling av avfall frå husstandar og næringslivet. Næringsverksemda er, og skal vere, avgrensa.

Miljøkrava til selskapet blir stadig høgare. Det same gjeld krav til kommunikasjon og omdømebygging for selskapet. Dette er viktige område i ny strategisk plan.

## **1.2 Avfallsmengder og krav frå EU**

Avfallsmengdene i landet har siste 20 åra blitt dobla, medan mengda avfall til materialgjenvinning har nesten tidobla seg i same perioden. EU har sett eit mål om at halvparten av avfallet som oppstår skal gå til materialgjenvinning (eller til ombruk / gjenbruk) innan 2020. Krava om ytterlegare skjerping innan 2030 blir truleg også vedtatt. I tillegg kjem det truleg også eit forbod mot å energigjenvinne eller deponere organisk avfall frå 2020. Dette siste betyr kort sagt at fraksjonen våtorganisk avfall / matavfall må gå til materialgjenvinning i staden for til energigjenvinning.

Det nye begrepet sirkulær økonomi betyr at ein brukar ting om igjen, ein produserer nytt av brukt, etc. Målet med den sirkulære økonomien i EU er få til ein berekraftig økonomisk modell som kan sørge for å redusere / minimere skadelege utslepp og også sørge for at Europa / verdssamfunnet ikkje går tomme for kritiske naturressursar (som t.d. fosfat). Den sirkulære økonomien er ei vesentleg endring frå den tradisjonelle lineære økonomien – som blir kjenneteikna av stort forbruk, bruk og kast, høgt forbruk av fossilt brensel, etc.

I EU sine kretsløpsmål er m.a. følgande føreslått:

- 30 % reduksjon i mengdene matavfall innan 2025
- 80 % resirkulering / ombruk av emballasjeavfall innan 2030, herunder 90 % resirkulering / ombruk av papp / papiremballasje innan 2025
- 70 % resirkulering / ombruk av hushaldningsavfall innan 2030
- 90 % resirkulering / ombruk for jern-, metall-, aluminium- og glasemballasje innan 2030
- 80 % resirkulering / ombruk av treemballasje innan 2030
- 60 % resirkulering / ombruk av plastemballasje innan 2030

Det er forventa at desse miljømåla blir vedtatt i EU-systemet. For enkelte fraksjonar kan det også vere snakk om å stramme inn endå meir.

Selskapet må med bakgrunn i desse målsettingane satse hardt på å skyve avfall oppover i avfallshierarkiet – frå deponering, som ligg på botnen – med energigjenvinning like over, oppover mot materialgjenvinning, gjenbruk / ombruk og til å hindre at avfall oppstår.

### **1.3 Selskapsstrategien si forankring**

Selskapsstrategien er forankra i internasjonale, nasjonale og lokale miljømål. Det stiller krav om tidsrette anlegg. Det blir også stilt krav til brukarvennlege og estetiske løysingar, opningstider som er tilpassa brukarane og mykje og god kommunikasjon med alle interessentgruppene selskapet har. Kunnskap har nær samanheng med kundetilfredsheit, på same måte som pris / gebyr heng tett saman med teneste- og servicenivået.

## **2. Visjon, forretningsidé og verdiar**

### **2.1 Visjon**

Selskapet sin visjon er:

«Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane».

### **2.2 Selskapet sin forretningsidé**

Selskapet sin forretningsidé er:

«Med kunnskap og erfaring skal selskapet drive effektivt og framtidsretta miljøarbeid i regionen, der kvalitet, leveransenivå og kostnader harmoniserer. Selskapet skal vere husstandane sin og kommunane sin naturlege samarbeidspartnar i avfalls- og miljøspørsmål. Selskapet si kjerneverksemd er å levere renovasjonstenester som møter fastsette miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.»

### **2.3 Kjerneverdiar**

Selskapet sine kjerneverdiar er:

- Miljøfokuserte
- Opne, inkluderande og imøtekomande
- Nærheit til brukarane

## **3. Strategiske mål for selskapet**

### **3.1 Generelt**

Selskapet si kjerneverksemd er å levere renovasjonstenester som møter fastsette miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.

Abonnentar og andre interessentar har samansette forventingar til kostnadseffektivitet, brukarvennlegheit og miljøvennlegheit. Samfunnet krev at SSR opptre ansvarleg og utnyttar ressursane til det beste for miljøet. Innbyggjarane forventar brukarvennlege tenester, medan eigarane forventar at oppgåvene blir løyst betre og meir rasjonelt enn dei kunne gjort sjølve. Selskapet vil søke å finne fram til ein balanse der alle desse omsyna er vurdert.

## **3.2 Strategiske mål**

### **3.2.1 Våtorganisk avfall / matavfall**

Fraksjonen våtorganisk avfall / matavfall skal innførast og vere i drift i løpet av planperioden. Innhentingsmetode, hentefrekvens og etterbehandling av det ein samlar inn er sentralt. Det same er utfordringa med å få abonnentane til å få eigarskap til ordninga.

### **3.2.2 Brukarvennleg**

Selskapet skal levere ein brukarvennleg teneste som inneber tilgjengelege og lettfattelege løysingar for brukarane. Det krev god kapasitet, fleksible løysingar og god kommunikasjon på brukarane sine premisser. Opningstider på miljøstasjonane er noko som vil bli vurdert, og så langt som muleg skal desse spegle kundane sine ønsker. Selskapet søker å oppnå aukande kundetilfredsheit gjennom utstrakt og open kommunikasjon om tilbodet, om kjeldesortering, kva skjer med avfallet, kva går gebyret til, etc.

Kontakten med kundar og andre interessentar skal intensiverast gjennom målretta og auka kommunikasjonsarbeid. Dette er definert i ein ny kommunikasjonsstrategi. Det skal satsast vidare på elektronisk kommunikasjon, nettsider og sosiale medier.

I selskapet sin profil utad skal det leggest vekt på miljø, samfunnsnytte, at selskapet er ein serviceorganisasjon og nærheit til brukarane.

### **3.2.3 Miljøvennleg**

Med bakgrunn i befolkningsvekst og velstandsutviklinga, aukar avfallsmengdene. Dette betyr at selskapet må legge endå meir til rette for ombruk / gjenbruk og kjeldesortering. Stikkord her er avfallshierarkiet og gjenvinningsgradene.

Selskapet skal bidra til å realisere nasjonale og internasjonale miljømål ved klimavennleg innsamling og behandling av avfall. Selskapet skal søke å vektlegge miljøomsyn ved valg av leverandørar og behandlingsmetodar. Dei valgte løysingane må vere estetisk gode.

### 3.2.4 Kostnadseffektiv

Alle endringar av tenestetilbodet skal vurderast ut frå kost/nytte-prinsippet, For å oppnå stordriftsfordelar og samordning av tenestetilbodet, skal selskapet vidareføre samarbeidet med andre aktørar i regionen. Selskapet skal levere kostnadseffektive renovasjonstenester. Gebyrnivået skal harmonisere med teneste-/servicenivået, sidan desse heng tett saman.

## 4. Prioriterte tiltak for å nå oppsette strategiske mål

### 4.1 Kommunikasjon

- a) Det er utarbeidd ein eigen kommunikasjonsstrategi. Denne skal vere sentral i arbeidet med å nå oppsette mål innanfor miljø, effektivitet, brukarvennlegheit, kundetilfredsheit og omdøme. Kommunikasjonsstrategien skal både angi retning for arbeidet og innehalde hovudmål og delmål - internt og eksternt. Den skal bygge på at alle kommunane skal ha same kjeldesorteringsordningar og henteordningar.
- b) Innhenting og behandling av hushaldningsavfall er ein grunnleggande del av velferdsproduksjonen, og dette betyr at selskapet har ei brei samfunnsrolle. Viktigheita av at denne tenesten fungerer godt må tydeleggjerast i all kommunikasjon, inkludert begrepa miljø, berekraftig utvikling og samfunnsnytte.

### 4.2 Miljø

- a) Matavfall / våtorganisk avfall blir innført som eigen fraksjon i løpet av 2018. Fraksjonen skal hentast kvar 14. dag.
- b) 70 % resirkulering av hushaldningsavfallet innan 2025 (EU sin frist er 2030).
- c) Inntil vidare blir det ikkje innført henting av glas- og metallemballasje ute hos abonnentane. Ordninga med glasigloar blir vidareført. Det kan likevel bli fremja forslag om heimehenting i løpet av planperioden. Erfaringar hos andre vil bli vektlagt i denne vurderinga.
- d) Restavfall blir henta kvar 14. dag fram til den nye fraksjonen med matavfall / våtorganisk avfall blir innført. Etter dette blir hentefrekvensen kvar 4. veke.
- e) Dagens ordning for fraksjonen klede og sko blir vidareført, men volum / mengde må inn i statistikkane. Gjenbrukstorg skal etablerast når nytt hovudanlegg er på plass.



- f) Ut frå estetiske omsyn, som verkemiddel for betre brannsikkerheit og mindre forsøpling, skal arbeidet med nedgravde løysingar prioriterast høgt.
- g) Strandryddedagen, etc. blir vidareført.
- h) I avgrensa omfang skal ein vidareføre tilbodet om å samarbeide med grendalag og velforeiningar om ryddeaksjonar (jfr. også kundetilfredsheit).
- i) Det skal kome ei avgrensa utviding med utleige av containerar til privatmarknaden (jfr. også kundetilfredsheit).
- j) Med bakgrunn både i grada av kundetilfredsheit og materialgjenvinningsgrada, skal det satsast vidare på eksisterande og nye løysingar for grein- og hageavfall.

#### **4.3 Brukarvennlege renovasjonstenester og godt omdøme**

- a) Det skal byggast to nye miljøstasjonar (Herøy og Sande) og hovudanlegget i Ulsteinvik skal utvidast / byggast om.
- b) På selskapet sine anlegg skal det leggest stor vekt på brukarvennlegheit, miljø, kundetilfredsheit og estetikk.
- c) Det skal satsast meir på elektronisk kommunikasjon med kundar, samstundes som det må takast omsyn til mange eldre abonnantar som ikkje kan kommunisere elektronisk.
- d) Kundeundersøkingar og tilbakemeldingar elles skal vere med på å legge eit grunnlag for stadige forbetringar i tilbod og service. Service- og tenestetilbodet, samanlikna med gebyrnivået, skal jamnleg benchmarkast mot samanliknbare selskap. Resultatet av slike undersøkingar skal også kommuniserast ut.

#### **4.4 Økonomiske mål**

- a) God økonomistyring er grunnlaget for all god drift og dette skal fortsatt ha høgaste prioritet i selskapet. Rapportering til styre og representantskap er ein del av dette. Det vil bli lagt stor vekt på grundig prosjektstyring i utbygging av nye anlegg i planperioden.
- b) For å nå oppsette drifts- og økonomimål er kontinuerlig kompetanseutvikling i organisasjonen eit viktig verkemiddel, og dette vil bli prioritert.
- c) Renovasjonsgebyret skal over tid ikkje auke meir enn konsumprisindeksen.
- d) Rekneskapet på hushaldning skal baserast på sjølvkost ut i frå gjeldande reglar. Selskapet skal ha eit positivt sjølvkostfond på over kr 6 mill. ved utgangen av planperioden.
- e) Selskapet skal ha ein årleg resultatmargin på minst 5 % på næring etter fullfordeling av kostnader. På sikt bør eigenkapitalen vere på minst kr 3

mill. Næringsverksemda skal drivast ut i frå vanlege forretningsmessige prinsipp.

#### **4.5 Regionalt samarbeid**

- a) Selskapet skal satse på regionalt samarbeid der dette er hensiktsmessig for å nå måla i dei føregåande punkta. Dette gjeld t.d. innan kommunikasjon og sertifisering - og å kunne identifisere best praksis.
- b) Utgreiingsarbeid med dei andre regionale selskapa vil halde fram. Dette vil i første omgang gjelde nedstraumsløysingar generelt, våtorganisk avfall / matavfall og biogass / sentralsortering. Ein viktig del av denne utgreiinga er å finne ut om det er hensiktsmessig at ein aukande del av verdiskapinga blir knytt til gjenbruk og gjenvinning i regionen vår, framføre å sende avfallet til behandling i andre regionar / utlandet.

**Alle aktuelle måltal er sett opp i ein eigen tabell. Denne tabellen blir rullert årleg.**

## Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2012	2013	2014	Mål 2015	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
A* Total mengde hushaldningsavfall	12 023 tonn	10 560 tonn	10 581 tonn	10 500 tonn	--	10 600 tonn	10 700 tonn	10 800 tonn	10 900 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	3600 tonn	3800 tonn	3800 tonn	3885 tonn	--	3815 tonn	3745 tonn	3670 tonn	3160 tonn
C* Energi-gjenvinningsgrad	31,02 %	37,25 %	37,31 %	37 %	--	36 %	35 %	34 %	29 %
D* Material-gjenvinningsgrad	68,14 %	61,99 %	61,80 %	62 %	--	63 %	64 %	65 %	70 %
E* Til deponi	0,84 %	0,76 %	0,89 %	1 %	--	1 %	1 %	1 %	1 %
F* Farleg avfall / spesialavfall pr. innbyggjar	3 kg	5 kg	5,1 kg	5,5 kg	--	6 kg	8 kg	10 kg	12 kg
G* Grein- og hageavfall	5000 tonn	3200 tonn	2800 tonn	2800 tonn	--	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn
H* Avfall pr. innbyggjar	494 kg	422 kg	423 kg	420 kg	--	420 kg	420 kg	420 kg	420 kg

A\* = Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.

B\* = Levert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).

C\* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.

D\* = Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av mengda frå energigjenvinninga går til materialgjenvinning. Eksempel på dette er metall. Ombruk kjem også inn under denne kategorien.

E\* = Til deponi (av total mengde hushaldningsavfall). Det langsiktige målet er å halde seg under 1 %, men prosentsatsen vil vere avhengig av total mengde hushaldningsavfall og velstand.

F\* = Farleg avfall / spesialavfall pr. innbyggjar har miljømålet å samle inn mest muleg. Går til materialgjenvinning.

G\* = Grein- og hageavfall (som går til materialgjenvinning) er spesielt nemnt p.g.a. at denne fraksjonen påverkar materialgjenvinningsgrada ganske mykje.

H\* = Avfall pr. innbyggjar i kilo. Heng saman med avfallsreduksjon, jfr. avfallshierarkiet.

### Måltal for kundetilfredsheit:

2012	2013	2014	Mål 2015	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
62 %	67 %	66 %	67 %	-----	69 %	71 %	73 %	75 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

# MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

## SAK NR R20/15

Møtedato: 05.11.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### **Sak R20/15 –**

### **Prosessoppstart for revisjon av selskapsavtale og eigarstrategi**

Selskapet sin eigarstrategi skal reviderast med jamne mellomrom (kvar valgbolk) og den heng tett saman med selskapsavtala. Revisjon av den eine utløyser revisjon av den andre.

Formålet med eigarstrategien er å sikre at SSR si verksemd har demokratisk forankring i eigarkommunane. I tillegg er det viktig å sikre at verksemda har nødvendig mandat, trygghet og forutsigbarheit til å kunne føreta strategiske og faglege vurderingar.

Selskapsavtala er dokumentet som regulerer formalitetar og gir mynde til selskapet sine organ. Eigardelane i selskapet blir også regulert i selskapsavtala.

Formelt rundt saksbehandlinga av eigarstrategien og selskapsavtala: Begge skal vedtakast i styret, i representantskapet og i kommunestyra i dei fire eigarkommunane, og dei gjeld inntil reviderte / nye er vedtatt i dei nemnde kommunestyra.

### **Styret si tilråding til vedtak:**

Representantskapet vedtar at revisjonsarbeidet med eigarstrategien og selskapsavtala startar opp i januar 2016. Revidert eigarstrategi og selskapsavtale kjem då opp att på vårmøtet i representantskapet - før begge blir oversende til eigarkommunane for endeleg vedtak der.

### **Vedtak, samr.:**

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

# **MØTEBOK**

## **REPRESENTANTSKAPET – SAK NR R21/15**

Møtedato: 05.11.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### **ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2015**

#### **Orienteringssak.**

Styreleiar og dagleg leiar informerer om det økonomiske resultatet pr. andre tertial 2015 (pr. 31. august 2015) og estimatet / prognosen for 2015.

Generell orientering om økonomien i 2015, utan at det er lagt opp til vedtak i saka.

---

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

# MØTEBOK

## REPRESENTANTSKAPET – SAK NR R22/15

Møtedato: 05.11.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### ORIENTERING OM STATUS PÅ UTBYGGINGSPROSJEKTA

#### **Orienteringssak.**

Det blir ein kort statusgjennomgang på dei tre utbyggingsprosjekta som er i gang.

Det er ikkje lagt opp til vedtak i saka.

---

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

# MØTEBOK

## REPRESENTANTSKAPET – SAK NR R23/15

Møtedato: 05.11.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### NY KOMMUNIKASJONSPLAN

#### **Orienteringssak.**

Kommunikasjonsansvarleg Linn Urke Osnes vil ta ein gjennomgang av SSR sin nye kommunikasjonsplan.

Det er ikkje lagt opp til vedtak i saka.

---

---

**Fra:** Einar Heimdal [mailto:enar@reinhaldsverket.no]

**Sendt:** 2. november 2015 08:56

**Til:** postmottak; Arkiv Herøy; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; Sande Kommune; arkiv@sande-mr.kommune.no; ytre@smp.no; redaksjon@heroynytt.no; redaksjon@vikebladet.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; endre@vestlandsnytt.no

**Emne:** SSR - Sakspapir til møtet i repr.skapet torsdag 5/11-15 kl. 10.00

Hei !

Vedlagt finn de sakspapira til møtet i representantskapet torsdag 5/11-15 kl. 10.00.

Ha ei flott veke vidare!

Med helsing  
Einar Heimdal  
SSR





Til  
Hordaland fylkeskommune,  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune,  
Møre og Romsdal Fylkeskommune,

## KYSTVEGEN SOM RIKSVEG

### KYSTVEGEN ÅLESUND - BERGEN.

Arbeidet for ein kystveg mellom Bergen og Ålesund er eit organisert samarbeid mellom alle kystkommunane på strekninga, inkludert dei to store byane. I Nordhordland er regionrådet medlem i Kystvegen, - elles er det enkeltkommunane, til saman 18 kommunar som deltek i arbeidet. Årsmøtet vel eit styre som leier arbeidet. Styret har f.t. denne samansetjinga: Styreleiar er Bengt Solheim-Olsen, Flora. Nestleiar er Anders Riise, ordførar i Hareid. Styremedlemmer er Arve Helle - Fjaler, Karl Vidar Førde, Bremanger, Karstein Totland, ordførar i Masfjorden og Lars Hellandsjø, næringslivsrepr frå Gulen.

### MÅLET

Føremålet for arbeidet er å få samanhengande veg langs kysten mellom Bergen og Ålesund, der E39 går gjennom indre fjordstrøk. Det er ikkje planen å byggje ein heilt ny veg, men å ruste opp, kople saman og korte inn eksisterande vegstykke og supplere med ny veg der samband manglar. Vegane som skal bli Kystvegen er i dag fleire fylkesvegar i 3 fylke. Det vil forenkle planlegging og gjennomføring om Kystvegen blir oppgradert til riksveg slik at ei myndigheit får ansvaret for framdrift.

### BEHOVET

Mellom Bergen og Ålesund vil Kystvegen ha ein tilsvarande funksjon som E39 har sør for Bergen og nord for Ålesund der så godt som alle kystkommunar har ei positiv folketalsutvikling. Mellom Bergen og Ålesund følgjer E39 den gamle RV14 traseen gjennom i indre fjordstrøk og den regionale effekten er minimal. Kystvegen vil kople viktige næringsmiljø i tre fylke som i dag ikkje bidreg til regional effekt i den grad ein skulle ynskje, på grunn av manglande samband. I Nordhordland har vi ei dynamisk næringsklynge rundt Mongstad. Ringverknader kjem over fjorden til Gulen, men p.g.a. dårleg vegsamband, kjem dei ikkje lenger. På Søre Sunnmøre er det ei tilsvarande sterk næringsklynge i Ulstein – Herøy regionen som kan gi ringverknader også til kystkommunar lenger sør. Mangelfullt samband gjer at slike ringverknader ikkje oppstår. E39 går i ein stor boge utanom og rundt begge disse sterke næringsklyngene mellom Bergen og Ålesund. (På Sunnmøre har ein teke konsekvensen av dette ved at E39 er vedteke flytta ut til Ulstein-Hareid og vil såleis falle saman med Kystvegen siste stykket mot Ålesund, men sørover frå Ulstein kommune går E39 også her innover til indre fjordstrøk). Midt mellom disse kraftsentra har Måløy – Svelgen – Florø potensiale til å bli ein sterk vekstregion, men har for dårleg både interne samband og samband til nabofylka så området fungerer ikkje som ei effektiv og vekstkraftig næringsklynge.

### TILFØRSELSVEG TIL VIKTIGE HAMNER.

Effektiv sjøtransport er avhengig av gode tilførselsvegar. Kystvegen vil vere tilførselsveg til fem stamnettshamner: Bergen, Mongstad, Florø, Måløy og Ålesund og andre viktige hamner som ikkje har status som stamnettshamn. Hamnene har nokolunde tilfredsstillande veg aust-vest, men særdeles mangelfulle samband til andre kommunar på kysten. Kystvegen kan bidra til å effektivisere hamnestrukturen i regionen og kan legge til rette for samarbeid og spesialisering mellom hamnene. Ein effektiv kystveg vil også vere ein føresetnad for ein god kommunestruktur i kystregionen.

### MARITIME OG MARINE NÆRINGAR TRENG EIN EFFEKTIV KYSTVEG.

Mangelfull infrastruktur er ei vesentleg årsak til at regionen har fått lite ringverknader frå den store oljeproduksjonen i havet utanfor. Ein god kystveg vil gjere det lettare for alle typar næringsverksemd, og spesielt for verksemdar som yter tenester til petroleumsverksemd og andre næringar som utnyttar ressursar i havet. Havbruk er ei stor næring i denne regionen der det er etablert fleire lakse-slakteri som eksporterer store mengder fersk vare kvar dag. Denne viktige eksporten er avhengig av til dels svært dårlege fylkesvegar før dei kjem på ein veg med tilfredsstillande standard. Kystvegen er omkøyringsveg for E39 som enkelte stader er utsett for ras og risiko p.g.a. lange tunnellar. Kystvegen må kunne ta unna både kystvegtrafikken og trafikk som elles ville bruke E39.

Det er ikkje realistisk at dei tre fylkeskommunane vil greie å ruste opp Kystvegen til tilfredsstillande standard i nær framtid. Kystvegen vil til dels ha ulik funksjon i dei tre fylka og det kan bli krevjande å sikre tilnerma lik prioritering i dei tre fylka. Styret i Kystvegen Ålesund – Bergen vil difor oppmode dei tre fylkeskommunane om å ta eit initiativ ovanfor samferdsledepartementet med sikte på å gradere opp Kystvegen til riksveg. Dette bør gjerast i samband med det pågåande arbeidet med komande NTP.

Hareid 29.10.2015



Bengt Solheim-Olsen  
Styreleiar

Anders Riise  
Nestleiar

Arve Helle

Dag Vaagen

Karl Vidar Førde

Karstein Totland

Lars Hellandsjø

Kopi til :

Leiar i Transp og Komm. komiteen i Stortinget: Linda Hofseth Helleland  
Samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen,  
Statens Vegvesen, Vegdirektoratet, Region Vest og Region Midt.

Vedlegg:

<http://maritimsfj.no/news/detail/2015/04/27/verdiskapingsanalysen-for-2015-er-tilgjengeleg/>

---

**Fra:** Eivind Hjellum [mailto:hjellum@online.no]

**Sendt:** 30. oktober 2015 11:54

**Til:** Asle Wingsternes; Jon Askeland; Halvard Oppedal; post@solund.kommune.no; post@fjaler.kommune.no; Frida Melvær; ola.teigen@flora.kommune.no; postmottak@flora.kommune.no; post@bremanger.kommune.no; post@vagsoy.kommune.no; kristin.maurstad@vagsoy.kommune.no; Stein Robert Osdal; Knut Erik Engh; Lena Landsverk Sande; Svein Gjelseth; Dag Vaagen; eva.vinje.aurdal@alesund.kommune.no; jim.arve.rossevold@sula.kommune.no; Herøy ordfører; Anders Riise; post@sula.kommune.no; postmottak@alesund.kommune.no; postmottak@bergen.kommune.no  
**Kopi:** Håkon Matre; Svein M Nordvik; Per Arne Tveit; Stein Arne Ottesen; Stein Kvalsund; Randi Humborstad; Kjell Sandli; lone@framflora.no; Jan Atle Stang; Ivar Eide; irene@wergeland.com; Tom.Knudsen@nho.no; "":torill.ytreberg@nho.no"@nmsh2.nsc.no

**Emne:** Kystvegen Ålesund - Bergen som Riksveg?

Styret i Kystvegen Ålesund – Bergen tek initiativ til å få oppgradert kystvegen til riksveg. Vedlagt til orientering, brev som er sendt til dei tre fylkeskommunane. Vi vonar at kommunane vil støtte initiativet.

Med helsing

Kystvegen Ålesund – Bergen

Eivind Hjellum (kst prosjektleiar)

[www.kystvegen.no](http://www.kystvegen.no)

## Møteprotokoll frå Representantskapsmøte i Dragsundbygg IKS

Dato: 02.11.2015  
Tid: Kl. 14.05 – 14.23  
Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor

### Faste medlemmer som møtte:

Leiar Arnulf Goksøyr, Herøy kommune  
Anders Riise, Hareid kommune  
Dag Vaagen, Sande kommune  
Randulf Lillebø, Vanylven kommune  
Jørgen Amdam, Volda kommune

### Frå administrasjonen:

Anne Kathrine Løberg, dagleg leiar

### Sak 09/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner innkalling og sakliste.  
Stemmegeving: Samrøystes

### Sak 10/2015: Godkjenning av møteprotokoll frå 12.08.2015

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS godkjenner møteprotokoll frå 12.08.2015.  
Stemmegeving: Samrøystes

### Sak 11/2015: Val av avviklingsstyre for Dragsundbygg IKS

Vedtak: Representantskapet i Dragsundbygg IKS vel Henry Jøsokbakke frå Herøy kommune, Truls R. Håbakk frå Hareid kommune, Bjørn Flatøy frå Sande kommune, Hallvard Takset frå Vanylven kommune og Hild Våge frå Volda kommune.  
Stemmegeving: Samrøystes

Dragsund  
02.11.2015

  
Anne Kathrine Løberg

  
Leiar, Arnulf Goksøyr

  
Dag Vaagen

  
Jørgen Amdam

  
Anders Riise

  
Randulf Lillebø



# VANYLVEN KOMMUNE

## Teknisk sektor

R-folk

Adresseliste

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Saksnr. 2015/1578	Saksbeh. OMR
- 9 NOV. 2015	
Ark.kode P	Q10
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2012/934	5798/2015 / Q31		TEK / KOLTER	05.11.2015

### Vanylven kommune - kommunedelplan Rovdefjordbrua - 3. gongs høyring og offentleg ettersyn

Vanylven formannskap har i F-sak 139/2015 vedtatt å sende forslag til kommunedelplan Rovdefjordbrua ut på 3.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf § 11-14 i Plan- og bygningslova Kommunane Sande og Vanylven arbeider i lag med Rovdefjordbrua AS om å etablere eit brusamband over Rovdefjorden. Det går føre seg no eit arbeid med ein kommunedelplan for Rovdefjordbrua. Ein ferdig kommunedelplan vil legge rettslege og bindande føringar for det arealet som ligg innanfor delplanen sit planområde.

Dette er som nemnt 3. høyring/ettersyn. Det kom ikkje motsegner frå offentlige mynde på førre offentlege ettersyn.

I planforslaget legg ein til grunn ei flytebru mellom Bjørlykke (Vanylven) og Saudeholmen (Sande). Mellom Saudeholmen og Storneset legg ein til grunn ein neddykka røyrtnell. Konseptet medfører altså ei flytting av skipsfarled til Saudesundet, noko som medfører at ein reduserer seglingsdjupta gjennom Rovdefjorden til ca 14 meter. Tilgjengelig seglingsbredde gjennom Saudesundet er ikkje særskilt omtalt.

Felles for alle trasealternativa er utfordringar knytt til kombinasjonen nytt veganlegg, noverande og framtidige industriområde, og stedelige kalkførekomstar – der dei ulike trasealternativa har noko ulike konsekvensar.

Planforslaget er å finne på:


<http://www.sande-mr.kommune.no/default.asp?page=5710,9342&item=61175,1&lang=1>

Papirutgåve kan ein få ved å vende seg til Vanylven kommune.

Frist for merknader vert sett til 21. desember 2015.

Merknader vert å sende Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 Fiskå, eller til [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no)

Med helsing

  
Terje Kolstad  
kommunalsjef


Vedlegg: Adresseliste

## Adresseliste

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Statens Vegvesen, Region Midt,	Fylkeshuset	6404 Molde
Kystverket, Midt-Norge,	Serviceboks 6	6025 Ålesund
Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804 Bergen
Mattilsynet,	Postboks 383	2383 Brumunddal
NVE, Region Vest	Postboks 53	6801 Førde
Direktoratet for mineralforvaltningen	Postboks 3021 Lade	7441 Trondheim
Destinasjon Ålesund & Sunnmøre	Skateflukaia	6002 Ålesund
Ulstein kommune	Postboks 143	6067 Ulsteinvik
Herøy kommune	Postboks 274	6099 Fosnavåg
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 Hareid
Barnerepresentanten i Vanylven	Rådhuset	6143 Fiskå
Vanylven ungdomsråd	Rådhuset	6143 Fiskå
Vanylven eldreråd	Rådhuset	6143 Fiskå
Råd for funksjonshemma	Rådhuset	6143 Fiskå
Vanylven utvikling AS til info.	Combi senteret	6143 Fiskå
Bernt Magne Buch	Kaptein Linges 122	veg 6006 Ålesund
Annbjerg og Bjarne Skar		6142 Eidså
Trygve Koppernes		6142 Eidså
Geir Terje Bjørlykke	Hatlevika 120	6016 Ålesund
Berit og Egil Strand		6142 Eidså
Knut H Bjørlykke		6142 Eidså
Noralf Eiker	Båsvika	1684 Vesterøy
Harald Inge Løvoll		6142 Eidså
Lars Bjørlykke		6142 Eidså
Eidså grendalag v/Tryggve Sundsbakk		6142 Eidså

Herøy kommune

6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. <i>2015/1572</i>	Saksbeh.
- 6 NOV. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

nov. 2015

### INVITASJON TIL TEIKNING AV AKSJAR - ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet er no inne i sluttfasa for kommunedelplan-vedtak i vertskommunane Sande og Vanylven.

Planarbeidet har pågått i 2 år og har i seg nye teknologiløysingar med flytebru/nedsenka røyr tunnel.

Det vert utpå nyåret starta reguleringsarbeid for sambandet og i denne samanheng har Rovdefjordsambandet as i ekstraordinær generalforsamling av 18.05.2015 sak 7/2015 gjort fylgjande vedtak:

*Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til:*

- a) å auke aksjekapitalen med inntil NOK 1.135.000 ved utferding av inntil 227 nye aksjar pålydande NOK 5.000. Fullmakta kan og omfatte kapitalauke med innskot i andre eigarar enn pengar.*
- b) Aksjonærane sin fortrinnsrett etter aksjelova § 10-4 kan fråvikast av styret.*
- c) Fullmakta gjeld frå registrering i Foretaksregisteret og fram til 30.04.2016.*

Rovdefjordsambandet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er under planlegging på Sunnmøre. Sambandet er også viktig i forhold til realisering av Kystvegen Bergen – Ålesund. Det er av vesentleg betydning at vi klarer å få til eit breidt engasjement for prosjektet og håper at Herøy kommune kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet.

Vedl. finn De info-foldar og teikningsblankett for Rovdefjordsambandet as.

*Magne Løvoll*

Magne Løvoll  
Styreleiar

## TEIKNINGSBLANKETT

# ROVDEFJORDSAMBANDET AS

Originalblankett sendast til:

Teikningsperiode: 13. august 2015 - 30. april 2016

**Rovdefjordsambandet as**

P.b. 50,

6143 Fiskå

Innbetalingsdato:

29. april 2016

### Spesifikasjon av teikninga:

Teiknaren sin VPS-konto (12 siffer) :	Teiknaren sitt førenamn:	Teiknaren sitt etternamn/firmanamn:
Gateadresse:	Postnummer:	Poststad:
Fødsels-/føretaksnummer:	Telefon:	Mobil:
Teiknar: _____	Emisjonskurs 100 %	Tofalt teikna sum: _____ kr
andelar kvar pålydande kr 5.000		

I samsvar med teikningsinvitasjon av august 2015 teiknar underteikna seg som angitt ovanfor:

\_\_\_\_\_  
*Sign*

Fullmakt til å belaste bankkonto (MÅ FYLLAST UT). Teikninga er bindande.

Eg gir med dette eingongsfullmakt til å belaste min bankkonto for totalt den teikna summen den :.....

Konto nr.: \_\_\_\_\_

***Denne teikningsblanketten er bindande. Underteikna er kjend med vilkåra som er gjort gjeldande for teikninga.***

\_\_\_\_\_  
*Teikningsstad og dato*

\_\_\_\_\_  
*Forpliktande underskrift*

Teikningsblanketten må vere innkomen innan 30. april 2016